

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Aurland kommune
Møtedato: Onsdag 15. juni 2016 kl 09:00
Møtestad: Møterom 216

SAKLISTE

10/2016 Godkjenning av møteprotokoll 20.04.2016
11/2016 Drøftingsaker, skriv og meldingar
12/2016 Godkjenning av framlegg til overordna analyse, plan for forvaltningsrevisjon og plan for gjennomføring av selskapskontroll 2015-2019

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Maren Lien, tlf: 95 27 03 02 eller e-post maren.lien@pwc.com

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 08.06.2016

Olav Ellingsen
Leiar (sign)

Maren S. Lien
Sekretariat

Kopi:
Ordførar
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 10/2016 Godkjenning av møteprotokoll

Sakshandsamar Maren Lien	Møtedato 15.06.2016	Saknr 10/2016
------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 20.04.2016 vert godkjent

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	20.04.2016	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møtet 20.04.2016

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Møtebok

Møtedato: 20.04.2016

Møtetid: Kl. 09:00-12:00

Møtestad: Rådhuset, 216

Saksnr.: 6/16 – 9/16

Følgjande medlem møtte	Parti
Olav Ellingsen, kontrollutvalsleiar	Sp
Gøril Tveiten Lie, nestleiar	Miljøpartiet dei grøne
Jonas Ure Hylland	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Olav Ellingsen
Frå sekretariatet møtte:	Maren Lien, PwC
Frå administrasjonen møtte:	Rådmann Steinar Sjøgaard, Reidar Johnsen
Frå revisjonen møtte:	Rune Mydland, KPMG
Andre som møtte:	
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
6/2016	Godkjenning av møteprotokoll 20.04.2016	O
7/2016	Drøftingsaker, skriv og meldingar	O/L
8/2016	Årsmelding og årsrekneskap for Aurland kommune 2015	O
9/2016	Årsmelding og årsrekneskap for Aurland Hamnevesen 2015	O

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 6/2016 Godkjenning av møteprotokoll

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Maren Lien	20.04.2016	6/2016

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 10.02.2016 vert godkjent.

20.04.2016 KONTROLLUTVALET

KON-6/16 VEDTAK

Møteprotokollen frå møte den 10.02.2016 vert godkjent.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 7/2016 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Maren Lien	Møtedato 20.04.2016	Saknr 7/2016
------------------------------------	-------------------------------	------------------------

Refererte skriv og meldingar:

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	12.04.2016	Sekretariatet	Kontrollutvalet i Aurland – arbeidsmøte plan for overordna analyse (utkast)
2	10.03.2016	Kommunestyret	KS-vedtak: Val av forvaltningsrevisor
3	30.03.2016	Sogn Avis	Reagerer kraftig på tvangsflytting
4	15.02.2016	Skatteetaten	Kontrollrapport 2015 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Aurland kommune
5	10.03.2016	Kommunestyret	KS-vedtak: Årsmelding frå kontrollutvalet for 2015

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane frå rådmannen til vitande.

20.04.2016 KONTROLLUTVALET

Orienteringar i møtet:

Kontrollutvalet lukka møtet under orienteringar frå rådmannen.

- Rådmannen orienterte om saka «reagerer kraftig på tvangsflytting»
- Rådmannen orienterte kontrollutvalet om ei anna sak under lukka møte

Drøftingar i møtet:

- Kontrollutvalet drøfta planlegging av overordna analyse.
- Alle medlemmer i kontrollutvalet bør følgje med på sakslista til formannskapet og kommunestyret fortløpande

KON-7/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek orienteringar frå rådmannen til vitande. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til dei einssilde sakane, men ber om at administrasjonen gjennomgår og kvalitetssikrar sine rutinar.

Kontrollutvalet tek andre orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 8/2016 Årsrekneskap og årsmelding Aurland kommune 2015

Sakshandsamar Maren Lien	Møtedato 20.04.2016	Saknr 8/2016
------------------------------------	-------------------------------	------------------------

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2015 for Aurland kommune slik den ligg føre. Uttalen blir sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

20.04.2016 KONTROLLUTVALET

Måлтаlet for «netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene» er 1,75% og ikkje 3 %. I saka er måltal på 3 % nytta og inntekt skjønnsmidlar er teke ut i utrekninga. Det er utfordrande å ta omsyn til, og halde skjønnsmidlane etter flaumen utanom dette prosenttalet. Det er derfor meir rettvis å inkludere skjønnsmidlane i netto driftsresultat. Talet vert for 2015 då 20,6% inkludert skjønnsmidlar.

KON-8/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2015 for Aurland kommune med følgjande endring:

frå:

«Kontrollutvalet ser framleis behovet for eit større disposisjonsfond for å handtere uforutsette utgifter. Kontrollutvalet ber kommunestyret ta ansvar for dette i framtida.»

til:

«Kontrollutvalet ser at disposisjonsfondet har gått ned igjen frå 2014 til 2015, og er uroa over denne utviklinga. Det er i tillegg eit premieavvik på over kr. 16 mill. som skal dekkast inn over dei neste åra. Kontrollutvalet ber kommunestyret ta ansvar for dette i framtida.»

Uttalen blir sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 9/2016 Årsrekneskap og årsmelding Aurland Hamnevesen KF 2015

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Maren Lien	20.04.2016	9/2016

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2015 for Aurland Hamnevesen KF slik den ligg føre. Uttalen vert oversendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

20.04.2016 KONTROLLUTVALET

KON-9/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2015 for Aurland Hamnevesen KF slik den ligg føre. Uttalen vert oversendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Samrøystes.

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 11/2016 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Maren Lien	Møtedato 15.06.2016	Saknr 11/2016
------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	27.05.16	Økonomisjef Reidar Johnsen	Tertialrapport 1. tertial 2016
2	02.06.16	Rådmann Steinar Søgaard	Økonomiske rammeføresetnader for økonomiplanperioden 2017-2020
3	Mai 2016	RO	Aurland Kommune – Gjennomgang av pleie, rehabilitering og omsorg
4	Mai 2016	Aurland Energi AS	Årsmelding og årsrapport

Orienteringar:

1. Rådmannen vil orientere om tertialrapport 1. tertial og økonomiske rammeføresetnader
2. Rådmannen vil orientere om rutinar for avtaleforhold og avvikling av kommunale bygg i Aurland kommune.



Sakspapir

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
16/445- 16/4243		Reidar Johnsen 57 63 29 40	27.05.2016

Tertialrapport 1. tertial 2016

Kort samandrag

Me har laga ein prognose ut frå stoda pr 30.4.2016 og det me veit av inntekter og kostnader som vil kome resten av året både for einingane og på overordna nivå. Det blir ikkje føreslege budsjettendringar på driftseiningane som følgje av denne prognosen, dette vil ein eventuelt kome tilbake til i samband med rapporten for 2. tertial.

Dei budsjettendringane som er føreslegne i drift er flytting av oppgåver mellom tenesteeiningar.

Investeringsrekneskap pr 27.5.16 er lagt ved. Det blir føreslege 3 nye investeringar i 2016 som blir finansiert ved flytting av oppstart symjebassenget frå 2016 til 2017. Årsaka til at oppstart av symjebasseng blir flytta ligg i at ein vil miste spelemidlar dersom ein startar opp i 2016. Når det gjeld investeringar elles viser vi til eigen rapportering.

Rådmannen si tilråding:

Tertialrapporten blir teken til etterretning.

Følgjande budsjettendringar blir gjort i drift som følgje av flytting mellom einingar:

Overf av tiltak/oppgr frå ansvar 301 NAV til ansvar 310 Pleie og omsorg: kr 4.500.000
 Overf av tiltak/oppgr frå ansvar 301 NAV til ansvar 300 Helse- og føreb. kr 700.000
 Overf av tiltak/oppgr frå ansvar 302 Barnevern til 310 Pleie og omsorg: kr 1.250.000

Budsjettendring investering:

Innkjøp av 4 – timars apparat Aurland Brannvern	kr 200.000
Rassikring Skjerpung bustadfelt	kr 1.250.000
Oppgradering kontor rådhuset i samband med flytting	kr 200.000
Reduksjon symjehall 2016	-kr 1.650.000

Relevante dokument i saka

<DokTittel>

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Saksopplysningar

Samla viser altså prognosen eit mindreforbruk på driftseiningane på kr 975.000. I tillegg viser prognosen ein auke i overordna inntekter på kr 1.540.000 slik at ein

samla har ein prognose på eit mindreforbruk (overskot) på kr 2.515.000 ut frå teoretiske framskrivingar pr 1. tertial. Det er imidlertid mange usikre moment i denne prognosen og me føresler ingen budsjettendringar som følgje av prognosen for 1. tertial. Dei budsjettendringane som blir føreslege vedtekne er reine flyttingar av oppgåver.

OVERORDNA KOMMENTARAR – organisering:

Endra oppgåve- og ansvarsfordeling mellom NAV, pleie, rehabilitering og omsorg og helse og førebygging.

Rådmannen utarbeidde i april 2015 mandat for intern gjennomgang av spesialomsorga. Innan 1. november skulle prosjektgruppa tilrå oggåve og ansvarsfordeling mellom einingane for tenester ligg til rusområdet samt spesialomsorg. NAV-leiar vart peika ut til å vere prosjektleiar. Helse og førebyggjing, pleie, rehabilitering og omsorg og to tillitsvalde/tilsettere representantar har vore med i prosjektgruppa. Prosjektgruppa la fram si tilråding for rådmannen i møte 18.12.15. Rådmannen har med bakgrunn i tilrådingar frå prosjektgruppa vurdert konsekvensar for budsjett, organisasjon og brukarar og gjort administrativt vedtak om endra oppgåve- og ansvarsfordeling mellom einingane NAV, pleie, rehabilitering og omsorg samt helse og førebyggjing. Det er rådmannen si vurdering at vi gjennom å samle dei meir spesialiserte heimebaserte pleie- og omsorgstenester som ein del av pleie og omsorg vil få ei betre utnytting av kompetanse og ressursar i kommunen. Dette gjeld mellom anna rekruttering, turnusplanlegging, kontaktsoppfølgjing i samband med private tenestekjøp, fagleg rettleiing og søknadshandsaming etter helse- og omsorgstenesta. Det blir tilrådd å gjere budsjettreguleringar som tilsvarar endringane i oppgåve- og ansvarsfordeling mellom NAV, pleie, rehabilitering og omsorg og helse og førebygging.

Stillinga som konsulent for funksjonshemma er for tida vakant, men lønsmidlar følgjer med overføringa til pleie og omsorg.

I tillegg til dei endringane som er gjort har rådmann gjort avtale med privat verksemd og gjennomgang av pleie og omsorgssektoret. Rapporten er ferdig i juni månad.

Modell for leiing i barnehagane

Rådmannen har vedteke å endre modell for leiing i barnehagane slik at det blir ein tenesteleiarfunksjon i kvar barnehage. Avgjerda er gjort etter ei samla vurdering. Ny modell for leiing fører til at oppgåver som etter barnehagelova ligg til kommunen som barnehagemyndigheit blir lagt til rådmannen og styrarfunksjon for kvar barnehage blir lagt til tenesteleiar. Lønsmidlar tilsvarande 40 % stilling blir overført frå ansvar 220 (kommunale barnehagar) til ansvar 110 (rådmannsfunksjonane). Kommunale barnehagar vil vere vere eitt ansvarsområde resten av budsjettåret 2016.

Kompetanseutvikling og leiarutvikling vår 2016

Administrasjonsutvalet hadde leiarutvikling og arbeidsgjevarstrategi på dagsorden i møtet 03.03.2016. Leiar i administrasjonsutvalet deltok på leiar møte 20. april.

Tema for leiarutvikling våren 2016 har vore metode for oppfølging av medarbeidarundersøkinga (ei dagssamling i januar), KOSTRA-rapportering som styringsverktøy (to dagssamlingar i april og mai) og KS sin rettleiar «Guide til god leiing» (ei dagssamling på Skei i mai). Kommunen har frå februar til mai tilbode studie i forvaltningsrett lokalt i Aurland. Undervisninga har vore fordelt på to heile dagar og to halve dagar samt fire timar eksamen. 22 leiarar og sakshandsamarar har gjennomført eksamen. Fleire tilsette har delteke på førelesningane. Tiltak er finansiert av OU-midlar og av kommunen sitt kompetanseplanfond.

Oppfølging av medarbeidarundersøkinga

Det er utarbeidd tiltaksplanar på alle einingar. Rådmannen legg opp til gjennomføring av ny kartlegging i november. Gjennomgang og implementering av rutinar for søknad, klage og varsel skal vere gjennomført før ny kartlegging.

Kommunereforma

Det er i løpet av våren 2016 gjort mykje arbeid relatert til kommunereforma. Fleire aktuelle alternativ er utgreidd, det er gjennomført forhandlingar om dei ulike alternativa, det er laga informasjonsmateriell, folkerøysting er gjennomført og det er tilrettelagt for innbyggjardialog gjennom heimeside, sosiale media og folkemøte. I tillegg har rådmannen delteke på personalmøte på alle einingar for å informere om konsekvensar for tilsette. Hovudtillitsvalde i Aurland har vore engasjerte og delteke aktivt i samband med arbeidet med kommunereforma.

Folkevaldopplæring

Det er gjennomført fem dagar folkevaldopplæring i løpet av våren. Tema har vore KS sitt folkevaldprogram (to dagar i februar), folkevaldopplæring i regi av Fylkesmannen (1 dag i februar), og kommuneøkonomi, plansystemet og pleie og omsorg som var tema under økonomiplanseminaret (to dagar i april).

Delegasjon, ansvar- og rolledeling

Kommunestyret vedtok i møtet 14.04.16 nytt delegasjonsreglement og i møte 04.02.16 vedtok dei nytt reglement for investeringsprosjekt. Nytt reglement for konsesjonsavgiftsfondet vil bli handsama i 2016. Alle dei tre dokumenta er viktige verktøy for å klargjere ansvar og rollefordeling mellom folkevald nivå og administrasjon i ulike saker.

Lærlingar

Aurland kommune har for tida tre lærlingar. To i helsefagarbeidet og ein i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Det er motteke 3 søknader om læreplass frå hausten.

Status kommunale planar

- Reguleringsplan for Flåm skule: Plan vedteken av kommunestyret, klagehandsaming.
- Reguleringsplan for Flåm kyrkje – Flåmshagen: Plan vedteken av kommunestyret, klagehandsaming
- Områderegulering for Flåm sentrum: Planarbeid er starta opp og workshop er gjennomført, vert arbeida med plankonsept, flaumsonekartlegging, faresonering for Flåm, utarbeidd stormflo og bølgeanalyse
- Undredal sentrum: Plankonsept juni 2016, høyring til hausten, er utarbeidd flaumsonekart, stadanalyse, stormflo og bølgeanalyse, faresonering – pågår rapport faresone erosjon
- Helgheim: Plan har lege ute til offentleg ettersyn, blir lagt fram for vedtak i kommunestyret.
- Turveg Heggvikji – Bøen: Plan har lege ute til offentleg ettersyn, blir lagt fram for vedtak i kommunestyret.
- Reguleringsplan for Frøtheimshaugane del 2: Plan har lege ute til offentleg ettersyn, blir lagt fram for vedtak i kommunestyret. Er kome innspel om makebyte for område BSF i reguleringsplan med landbruksareal.
- Reguleringsplan for Ty – del 2: Har lege ute til offentleg ettersyn, utgreidd alternative tilkomstveggar, fråvikssøknad til handsaming i fråviksnemnda i midten av juni.
- Reguleringsplan for lokalisering av ny barnehage: Planprogram vedteke, plankonsept utarbeidd for tre alternativ. Det skal utarbeidast planframlegg for område SJH/ABU og Dalen. Høyring hausten 2016.
- Rullering av kommuneplan for Aurland og kommunal planstrategi: Forankring og framdriftsplan er vedteke. Planstrategi skal vedtakast til hausten som del av planprogrammet for samfunnsdelen.

Status statleg reguleringsplan

- Reguleringsplan for EI& Nærøydalen: Er planlagt høyring juni 2016

Status private planar

- Reguleringsplan for Nedre Brekke – Nigarden: Avventar flaumsonekart for Flåmsvassdraget.
- Reguleringsplan for Orøyane: Avventar flaumsonekart for Flåmsvassdraget
- Reguleringsplan for Vangsgaarden: Høyring juni 2016
- Reguleringsplan for Stegastein: Statens Vegvesen ønskjer oppstart av planarbeid juni 2016
- Reguleringsplan for Midtli: Har lege ut til offentleg ettersyn. Vedtak juni 2016.

Næring

AURLAND KOMMUNE - TERTIALRAPPORT NÆRING

Tildeling av Torgplass i Flåm

VEDTAK KS 02.02.2016 SAK 011/16

Oppgåva med å administrera torget i Flåm vert lagt til rådmann.

Det er for sesongen 2016 tildelt faste plassar for torghandel i Flåm. Det er samstundes satt av nokre plassar i Flåm for sal på kortare tidsavgrensa basis. Søknadsskjema for områda Aurlandsvangen, Undredal, Gudvangen og Flåm er no tilgjengelege på Aurland kommune si heimeside – www.aurland.kommune/torghandel.325662.nn.html Der finn ein også betalingssatsar og torgvedtekter.

Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020

VEDTAK KS 14.04.2016 033/16

Aurland kommune sluttar seg i hovudsak til framlegget til Cruisestrategi for Vestlandet 2016-2020. Det er viktig å arbeida for tiltak som sikrar at cruiseaktivitetane er berekraftige både med omsyn til miljø og verdiskaping. Arbeidet med landstraumløysing må halde fram. Vestlandet må bli leiande på å leggja til rette for cruisetrafikk på heilårsbasis. Med cruisetrafikk på det nivået ein har i dag ikkje ei tenleg løysing å spreia trafikken. Hamner med høg trafikk har og dei beste tilboda på land, og det er viktig at desse tilboda ikkje vert svekka.

Vedtaket er oversendt prosjektleiar for cruisestrategien

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2016-2019 (vedtak 2015)

Rådmann følger opp tiltak for bustadbygging . Det vurderast eigen strategi for bustadbygging i kommunen for å sikre dekking av bustadbehov i eit lengre løp. Det er arbeidd med ulike typar aktivitetar for å få avdekka og aktivisera moglege løysingar på kortare sikt. Dette arbeidet fortsetter for fullt. Begrensa tilgang på bustad vil fram i tida stå til hinder for vidare næringsvekst og knoppskyting.

Næringsutvalet 10. mars

Godkjenning av strategi for breiband i Aurland kommune 2016-2020. Denne danner grunnlag for arbeid vidare i perioden, og peikar på strategiske grep som danner grunnlag for vidare budsjetthandsaming.

FS- 004/16 Vedtak:

Næringsareal i Aurland kommune: Formannskapet tek notatet til orientering. Det som er skissert i notatet vert gjennomført, men konkrete nærings saker skal handsamast etter kvart.

Det er fleire faktorar som tyder på at ein lyt ta stilling til korleis ein skal innrette seg for å få større effekt av næringsområda i kommunen. Det vil vera naudsynt å vidare sjå alle næringsområde i ein større samanheng både kommunalt og regionalt. Det vil vidare gjerast vurderingar om korleis ein skal planlegge langsiktig og sikre behovet for naudsynt næringsareal fram mot 2040. Dette må vurderast ut frå dei drivarane som er mest gjeldande

fram i tid, og den type økonomi (td. bioøkonomi, teknologi) som fram mot 2040 vil vera berande element i ein makroøkonomisk (nasjonal og internasjonal) samanheng.

Bioøkonomi med landbruksbasert matvareindustri er primærtema for Vassbygdi industriområde, og Haugen gardsmat blir fulgt opp i denne samanheng for å kunne sikre ei etablering.

Reiseliv er primærtema for Flåm næringsområde, og blir fulgt opp i samband med ny reguleringsplan.

Bygg, anlegg og transport blir primærtema for Låvi næringsområde, og ein vurderar utviding i området Terahagane.

Vidare er ein i planlegginga av utvikling av sentrumsområde Aurlandsvungen med mål om å halde seg innanfor eksisterande reguleringsplan. Dette omfattar også Heradshuset og korleis ein i sentrumsområdet kan kombinera inn framtidige funksjonar på ein brukarvenleg, attraktiv og rasjonell måte. Større utnytting av areal til bustadformål vil også stå sentralt i kombinasjon med næring som tenesteyting/kontor.

HP-næring

Oppfølging av handlingsprogram (HP) næring

Det pågår arbeid med å få skipa grunderkontor på Heradshuset, samt ei sterkare samlokalisering av verksemdar som høver inn i lag den type segment som er representert i bygget.

Det er oppretta Aurland nærings- og grendeforum for nærings- og samfunnsutvikling med representantar frå grendene og dei ulike næringsssamskipnadane. Forumet er eit rådgjevande organ for nærings sjefen og ein viktig medspelar og kommunikasjon knytt til dei ulike prosessane som føregår. Eit døme er bustadutvikling og planlegging av bustadverkstad der ein koplår tilbydarar av bustad med interessantar.

Det arbeidast med koordinering av tiltak for utvikling av sti- og løypenett.

Det er gitt stønad til prosjekt «sau i utmark».

Det er fulgt opp arbeid med å få skipe «bondens marknad». Bondelaget har søkt om BU-midler og vil vonaleg kunne starte opp aktiviteten med bondens marknad på torget i Flåm denne sesong, der det er holdt av plassar til dette føremålet. Dette er eit av grepa for også å kople turiststraumen opp mot miljøet innan økologisk landbruk og småskala produksjon.

Det er orientert politisk om at eigarskapsstrategi vil starte opp dette året.

Det er starta dialog med arrangørar for eksisterande arrangement med sikte på vidareutvikling.

Første halvår er det inngått avtale med Sognefjorden Næringshage om førstelinetenesta. Dette arbeidet vil bli liggjande til nærings sjefen i fortsettinga.

Orientering om kommunestyrevedtak

Budsjett 2016

VEDTAK KS 17.12.2015 SAK 127/15

1.
 - a) Gjennomføring av tiltak etter flaumen hausten 2014 vert handtert av innleidd kompetanse
 - b) Kommunal driftseining som basisorganisasjon vert styrkaStatus: Gjennomført
2. Det skal vera kontinuerleg barnehageopptak og 100% barnehagedekning.

Status: Gjennomført

3. Det vert lagt inn lønsmidlar til to lærlingar innan barne- og ungdomsarbeid og to i helsefagarbeidarfaget.

Status: Gjennomført

Kommentar: Aurland kommune har per tida tre lærlingar. To i helsefagarbeidarfaget og ein i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Det er motteke 3 søknadar om lære plass frå hausten. Desse er under handsaming.

4. Det skal utarbeidast/reviderast serviceerklæringar for alle tenesteområda

Status: Under planlegging.

Kommentar: Dette arbeidet startar opp hausten 2016. Føremålet med serviceerklæringar har som føremål å gje informasjon om tilboda, rettar og plikter, avklare forventningar, skapa og utvikla tillit. Serviceerklæringane skal vere ein del av systematisk kvalitetsarbeid kombinert med brukarundersøkingar.

5. Det vert føreteke ein gjennomgang av sentraladministrasjonen i høve einingane med tanke på å få fram samla bemanningsbehov og tenleg organisering, med mål om ei innsparing på kr. 500.000

Status: Ikkje gjennomført

Kommentar: Målsettinga om å redusere administrasjonsressursane må sjåast i samanheng med det aktivitetsnivået som er vedtatt av kommunestyret. Reduksjonar i bemanning vil skje ved naturleg avgang. Rådmannen vil ta dette med vidare i forslag til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017-2020.

Val av transportløyising – elevar i vidaregåande skule 2016-2018

VEDTAK KS 10.03.2016 SAK 018/16

1. Aurland kommunestyre vedtek at det vert nytta direkte skulebussrute for elevar frå Aurland til Sogndal vidaregåande skule frå hausten 2016.
2. Skuleruta vert oppretta for skuleåret 2016/2017 med opsjon på ytterlegare eit skuleår
3. Det vert henta inn anbod på skuleruta med alternative løysingar for av/påstigning på Aurlandsvangen/E16-Nyheim.

Status: Gjennomført

Kommentar: Dert vert oppretta direkte skulebussrute for elevar frå Aurland til Sogn vidaregåande skule med av/påstigning i Flåm og Aurlandsvangen. Det vert arbeidd med sikte på at elevane kan ta 08.20 ferga måndag morgon. Reisetida til skulen vil vere på 1 time og 25 minutt. Nettokostnad for kommunen vil kome på om lag 0,6 mill. kroner i året med ny transportløyising.

OVERORDNA KOMMENTARAR – økonomi:

Skatt og rammetilskot

Skatteinngangen så langt i 2016 har vore svært god samanlikna med fjoråret. For dei 4 første månadane har auken vore 5,47 % samanlikna med same periode i fjor. Dersom auken blir like stor resten av året vil me ende opp med 77,0 millionar i skatteinntekter. Årsaka til den gode skatteinngangen er sannsynlegvis ein følgje av stor aktivitet både innan reiseliv og entreprenørverksemd samt auke i folketalet.

I prognosen her har me lagt oss på prognosane frå KS som er litt lågare.

Eigedomsskatt

Budsjettert med 54,6 millionar som stemmer med det som er fakturert.

Konsesjonsavgift

Budsjettert med 15,3 millionar som skal stemme med det me får på slutten av året (nyttårsaftan..)

Finans

Vedteke utbyte frå Aurland Energiverk stemmer med budsjett (kr 1,5 mill). Det er budsjettert med 2,4 mill i utbyte frå Aurland Ressursutvikling – pr 27.5 har det ikkje vore generalforsamling i selskapet.

Rentesatsen er framleis svært låg slik at rentekostnadane sannsynlegvis vil kome noko under budsjett.

Avdrag på lån er redusert frå 8 mill til 5 mill i 2016 i tråd med budsjett.

Ansvar 100 – politiske organ

Kostnadane er i tråd med budsjett. Det har vorte ein del ekstra kostnader i samband med kommunereforma og folkerøystinga, men ein reknar med å kome ut om lag på budsjett. Det er gjennomført to ekstramøte i formannskapet og to ekstramøte i formannskapet.

Næringsutvalet er eit nytt politisk utval frå 01.01.2016. Frå 01.01.16 er kommunetorget sekretæriat for eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Eldrerådet har gjennomført eit møte i månaden.

Ansvar 110 – rådmannsfunksjonane

Kommunetorget

Kommunetorget har i perioden hatt redusert kapasitet på grunn av ei redusert stilling, ei langtidssjukemelding og ei ny tilsetjing. Det blir jobba for å betre arbeidsmiljøet på kommunetorget.

På bakgrunn av tilsyn frå statsarkivet, rapport av 26.06.2015 vart det hausten 2015 sett i gang arbeid med elektronisk arkivplan for Aurland kommune. Arbeidet var planlagt ferdig i løpet av juni 2016. På grunn av personalsituasjonen har arbeidet teke lengre tid. Nytt mål for ferdigstilling av arkivplanen er i løpet av september 2016. Det er tilsett fleire nye sakshandsamarar i organisasjonen som krev oppfølging og opplæring i sak/arkiv – systemet. Dette er det i stor grad kommunetorget som gir. Det er innført nytt system for publisering av postlister og dokument i innsyn i saksdokument på kommunen si heimeside. Dette har ført til nye rutinar som tek meir tid.

Kommunetorget har hatt ein del arbeid med kommunereforma i perioden. Det har vorte utarbeidd og vidareformidla informasjon til innbyggjarane gjennom heimeside, facebook, Aurlendingen, infoskjerm og annonsering i Sogn Avis. Kommunetorget har koordinert utarbeiding informasjonsmateriell i samband med folkeavrøystinga og plakatar i samband med grendamøte og folkemøte. Trykking av informasjonsmateriell og organisert distribusjon av materiell til alle innbyggjarane i kommunen har vorte gjennomført av kommunetorget.

Økonomi/løn

Me har starta opp med føring av ferie og fråver direkte på web, førebels er dette på teststadiet, men i løpet av året vil heile organisasjonen kunne gjere dette noko som vil gjere denne registreringa meir effektiv.

Det er også innført nytt reiserekningsprogram i 2016, noko som ser veldig vellukka ut.

E – handel er eit system som effektiviserer innkjøpsrutinane og blir meir og meir omfattande.

På innkjøpsområdet blir etter kvart det aller meste «papirlaust», slik at rekningane frå leverandørane kjem elektronisk inn i vårt system.

Rådmann

Rådmannen går ut i permisjon i 7 månader frå august 2016. Det blir jobba med å tilsetje vikar.

Ansvar 120 – kultur

Det ligg an til ei lita overskriding på eininga. Dette skuldast ekstra kjøp av musikkinstrument og utstyr til musikkskulen. Dette vil vare i fleire år og ved å kjøpe dette samla no har ein fått gunstige vilkår for innkjøpa.

Aktivitetar og måloppnåing

- Kulturminneplan: Planprogram ut til høyring i juni, politisk vedtak hausten 2016
- Sti- og løypeplan: Påbegynt i vår – samarbeid mellom kultur og næring samt private aktørar. Oppfølging av vedtak for fysisk aktivitet og folkehelse.
- Frivilligheitsmelding: Oppstart forventa sommar/haust 2016
- Heradshuset: Fast opning for publikum måndag til fredag, turistkontor bemanna frå 1. juni til 1. september, utstillingar er opne for publikum
- Ingen dansetilbod i vår i musikkskulen grunna for få deltakarar
- Det har vore konsertar i Aurland og Flåm og sommarkonsert i Undredal 4. juni
- Musikk- og kulturskulen fekk tildelt kr 33.750 i tilskot frå Musikkutstyrsordninga. Pengane skal brukast til å etablere eit fullt utstyrt bandrom i AIS. Dette øvingsrommet kan brukast av alle innbyggjarar. Hausten 2016 blir det etablert ein nøkkelordning for å styre bruk av rommet.
- Ung kultur møte (UKM) er gjennomført både lokalt og på fylkesnivå.
- Lokal transport for ungdom: Første år med lokal skibuss til Myrkdalen er gjennomført. Har søkt om nye midlar til neste sesong.
- Fritidsklubben har vore opent 10 timar i veka som planlagt med ulike aktivitetar og markering av Fritidsklubbens dag.
- Ungdomsrådet har hatt 2 møter i første halvdel av 2016.
- Nattevandringa har starta opp att som planlagt i april.
- Biblioteket: Fleire utstillingar/presentasjonar, stor oppgradering av videokonferanseutstyret i infohagen, godt utlån av bøker og bra besøk, mange elevar måndagar og torsdagar til leksearbeid og leksehjelp frå personalet, nytt fjernlåns-system teke i bruk.

Ansvar 210 – Aurland Barne – og ungdomsskule (ABU)

Det ligg an til eit overforbruk på eininga, men det blir jobba med å redusere dette.

System for styrka læring med satsing på to-lærarsystem i timar i basisfaga norsk, matematikk og engelsk, vert følgd opp så langt midlane rekk. Dei største klassane vert prioriterte. Dette har ført til at me langt på veg har nådd målet om å redusere spesialundervisninga. På 3 år har me redusert tal elevar med spesialundervisning til det halve utan at kvaliteten på undervisningstilbodet til dei elevane som ikkje lenger får spesialundervisning har vorte dårlegare. Dersom det vert færre timar med to-lærarsystem i den vanlege undervisninga vil truleg tal elevar med spesialundervisning igjen gå opp. Planlegging av personalressursane for komande skuleår viser at det vert vanskeleg å vidareføre to-lærarsystemet i same omfang som tidlegare.

Dette skuleåret tek 3 lærarar vidareutdanning i Engelsk for ungdomssteget, Matematikk og Rekning som grunnleggjande ferdigheit. Saman med Flåm skule har me hatt skulebasert etterutdanning i Relasjonsleiing med Jan Spurkeland med svært godt resultat.

Skulen ved samarbeidsutvalet og OOK hadde dialogmøte om aktuelle skulerelevante tema i februar.

Folkehelse: Skulen fokuserer på psykisk helse hjå barn og unge. Læreprogrammet Psykologisk førstehjelp vert nytta aktivt. Skulen vart invitert til å halde innlegg på ein stor fylkeskonferanse om psykisk helse. Her la miljøterapeut og ein av lærarane våre fram korleis ABU jobbar med dette temaet. Tilbakemelding frå konferansen var svært gode.

Det har ikkje vore kurs i norsk for framandspråklege vaksne vårhalvåret grunna lita interesse.

Ungdomsstegsatsinga vert planlagt i vår. Gjennomføringa startar frå hausten av. Målet er å utvikle meir praktisk, variert og relevant undervisning på ungdomssteget. I Aurland omfattar satsinga heile grunnskulen. Skulane får hjelp frå Høgskulen i Sogn og Fjordane i dette arbeidet. Staten finansierer høgskulen si deltaking på vilkår av at det vert inngått forpliktande samarbeidsavtale mellom kommunen og høgskulen.

Ansvar 220 – Kommunale barnehagar

Framskrivning av rekneskapen pr 1. tertial viser god samanheng med budsjettframlegget på ansvar 220 og dei tilleggsføringane som vart gjort i budsjettvedtaket KS 127/15 om kontinuerleg opptak og 100 % dekning. Om det kan bli 2 lærlingar i barnehagane blir avgjort av søkjartalet. Førebels ligg det an til ein lærling.

Ansvar 230 – Flåm skule

Prognosen viser eit overforbruk på om lag 150.000. Ein gjennomgang syner at fleire av postane som syner overforbruk i prognosen er postar der vi ikkje skal bruke meir pengar framover. Kort oppsummert er vi nær 90.000 i «feilprognose» her. I tillegg skal vi ha inn att rundt kr 90.000 frå kompetansefondet for vidareutdanning for lærarar. Samla vil ein dermed kunne ta inn overforbruket i 1. tertial og kome ut i balanse.

Ansvar 300 – Helse- og førebyggjande

Helse- og førebyggjing ligg an til eit overforbruk på rundt 800.000 kroner. Hovudgrunnen til dette ligg på legetenesta og Lokalmedisinsk senter (LMS)

Det er framleis noko fråver knytt til fysioterapitenesta. Dette har ført til noko lengre ventetid enn ønska ved tenesta. Ein har av same grunn ikkje kome i gang med å arbeide meir førebyggjande. Ut over dette er sjukefråveret svært lågt.

Legekontoret har innført elektronisk bestilling av legetime og reseptar og opplever at fleire og fleire har lasta ned appen til Helserespons og tek kontakt via denne kanalen. Opningstida på telefon har i samband med dette vorte endra.

Lokalmedisinsk senter arbeider med ei evaluering av drifta etter eitt års teneste, jfr. Vedtak KS 08/16. Arbeidet er i oppstartsfasen. Erfaringa frå drifta første året syner at det kan ligge utfordringar knytt til om den økonomiske ramma som vart utarbeidd i forprosjektet held.

Det har frå 2016 kome utgifter til pensjon på legevaktgodtgjersle til legane. Dette er nye rettar som er framforhandla sentralt mellom KS og Den Norske Legeforening. Omfanget av desse kostnadane er på noverande tidspunkt ikkje klare. Kommunen er i dialog med LMS vedrørande bruk av legeressursar frå Aurland til tilsynslege ved kommunale akutte døgnseingene.

Arbeidet med å styrke det tverretatlege førebyggjande arbeidet for barn og unge er ikkje kome i gang. Helse og førebyggjing har også arbeidd med overflyttinga av rustenesta med treningskontaktar frå NAV. Det vert arbeidd med klargjering til og avlevering av arkivmateriale til Fylkesarkivet. Arbeidet vert finansiert med kr 75.000 frå fond.

Ansvar 301 – NAV

NAV er rute i høve budsjett. Sosialhjelpa ligg an til å kome over budsjett men dette kan dekkast inn gjennom innsparingar på andre felt.

Ansvar 302 – Barnevern

Eit tiltak går ut og eit anna kjem inn, kostnadane kan bli noko redusert som følgje av dette. Barnevern har framleis felles organisering med Lærdal. Det blir sett på om dette skal endrast i framtida, mellom anna med tanke på om Årdal vil kome inn i denne organiseringa.

Ansvar 310 – Pleie og omsorg

Sjølv om prognosen pr 1. tertial viser eit sannsynleg mindreforbruk er det grunn til å tru at kostnadane vil auke og at ein ikkje vil få noko innsparing til slutt i 2016.

Det er innlevert 5 leasingbilar i heimesjukepleien som er påført store skadar i løpet av dei 6 åra dei er køyrde her og som såleis vil medføre ein stor ekstrakostnade som ikkje er med i prognosen.

Ansvar 500 – Kommunal driftseining

Det er framleis hektisk aktivitet i Flåm etter flaumen. Arbeidet er i rute og økonomien med dette er det god kontroll på.

På lønssida ligg ein i rute med budsjett, for andre kostnader som vedlikehald på bygg og veg og straum er det vanskeleg å prognosere, men det er sannsynleg at ein vil kome ut om lag på budsjett ut frå det me veit pr 1. tertial.

Ansvar 900 – Nøytrale inntekter og utgifter

Her ligg stort sett vedtekne tilskot (t.d Kyrkja og Spiren Barnehage) og felles IKT samt ein del andre felleskostnader. Desse er i rute i høve budsjett.

INVESTERINGSREKNESKAP

Økonomiske konsekvensar

Vurdering



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
16/84- 16/4554	K1 - 141, K1 - 145	Steinar Søggaard	02.06.2016

Økonomiske rammeføresetnader for økonomiplanperioden 2017-2020

Kort samandrag

Etter ein gjennomgang over kommunen sine forventta inntekter for perioden 2017 – 2020, og ei nøktern vurdering av naudsynte avsetningar, viser analysen eit behov for reduksjonar i drifta (netto) på om lag 10 millionar kroner eller ca 5 % reduksjon i høve årets rammer.

Hovudforklaringa er at driftskostnadane over tid har vore høgare enn driftsinntektene, som igjen har ført til at disposisjonsfondet nesten er tomt.

Før prioriteringar av ressursane mellom tenesteområda blir gjort, bør dei overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling vere fastsett.

Formannskapet (økonomiutval) bør vurdere kva dei økonomiske rammene skal vere for perioden, med hovudvekt på inntektene til kommunen.

Rådmannen si tilråding:

1. Formannskapet legg til grunn rammeføresetnadane for planperioden 2017-2020 som går fram i vedlagt dokument, skjema 1
2. Formannskapet legg til grunn dei målsettingane på sentrale nøkkeltal som går fram i vedlagt dokument

Relevante dokument i saka

<DokTittel>

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Saksopplysningar

Kommunane har sjølv ansvaret for god økonomistyring. Kommunar med sunn økonomi og eit handlingsrom vil kunne møte innstrammingar eller utføresette hendingar ved å redusere driftsresultatet eller bruke tidlegare avsetningar, utan at det får direkte konsekvens for tenestenivået. Kommunar utan handlingsrom må gå rett på tenestekutt dersom dei ikkje har tilstrekkelege fondsreservar. Økonomiplanen tar utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå vedtekne mål. Langsiktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eitt år, men må planleggast, gjennomførast,

evaluerast og følgjast opp over tid. Samtidig må det planleggast for at tiltak som blir vedtatt i årsbudsjettet ikkje underminerer den økonomiske balanse på lengre sikt. Difor er ein gjennomarbeida og oppdatert økonomiplan vel så viktig som eit godt årsbudsjett. Planlegging ut over årsbudsjettet er ein føresetnad for god økonomistyring. Gjennom god økonomiplanlegging skal kommunen sørge for at avgrensa ressursar blir brukt så effektivt som mogeleg. Risikoen ved manglande langsiktig planlegging er at kommunen mister kontrollen over økonomien og hamner i ubalanse. Då er vegen til upopulære kutt i tenestetilbodet kort. Kommunen er avhengig av å vere i forkant av utfordringar og endringar for å halde på handlingsrommet. Økonomiplanen skal gi retning for utvikling av kommunen sine tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i den komande fireårsperioden. Ressursbruken må vere innafor dei økonomiske rammene kommunen står overfor. God økonomiplanlegging betyr difor god oversikt over dei økonomiske og demografiske forhold m.m. som påverkar kommunen, og at økonomiplanen blir basert på reelle prioriteringar i kommunestyret.

Formannskapet vedtok i sak 019/16 prosessen kring arbeidet med kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020. I samsvar med vedtatt prosess vart det arrangert eit økonomiseminar i Flåm, der KSK og RO hadde gjennomgangar av KOSTRA-analyse og førebelse funn i analysen av pleie og omsorgstenestene i Aurland kommune. PRO-analysen skal presenterast for kommunestyret 9 juni. Vurderingar av tiltak i rapporten vil bli koordinert inn i kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan.

Føremålet med det årlege seminaret er å etablere ein felles situasjonsforståing av det økonomiske utgangspunktet i Aurland kommune og vise kommunen sitt handlingsrom ved hjelp av ein utarbeidd KOSTRA-analyse. Økonomiplanlegginga skal bidra til at prioriteringsdiskusjonen bygger på eit realistisk grunnlag som reflekterer kva som faktisk er mogeleg å oppnå i kommunen, samtidig med at me sikrar økonomisk balanse og eit grunnlag for å yte eit godt tenestetilbod over tid.

For å bidra til ein felles forståing av kommunen sin økonomiske situasjon er det ei rekke ulike type spørsmål som må gjennomgåast, som til dømes:

- Er kommunen sin økonomi i balanse?
- Kva for statlege føringar kan forventast?
- Korleis vil renteutviklinga påverke kommunen?
- Korleis vil innbyggjarutviklinga, og samansettinga, i kommunen utvikle seg i åra som kjem?
- Kva for delar av kommunen sitt tenestetilbod kan forventast auka etterspurnad?
- Kva for delar av kommunen sitt tenestetilbod kan forventast redusert etterspurnad?
- På kva for område vil kostnadane auke i framtida dersom me ikkje tar grep i dag?
- Kva for alternativ har kommunen for å dekke dei identifiserte framtidige behov?
- Kvar ligg utryggleiken/risikoane, og korleis handterer kommunen dei?

Økonomiske konsekvensar

Vurdering

Etter ein gjennomgang over kommunen sine forventast inntekter for perioden

2017 – 2020, og ei nøktern vurdering av naudsynte avsetningar, viser analysen eit behov for reduksjonar i drifta (netto) på om lag 10 millionar kroner eller ca 5 % reduksjon i høve årets rammer.

Hovudforklaringa er at driftskostnadane over tid har vore høgare enn driftsinntektene, som igjen har ført til at disposisjonsfondet nesten er tomt.

Før prioriteringar av ressursane mellom tenesteområda blir gjort, bør dei overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling vere fastsett. Måla og rammene som skal fastsettast av kommunestyret 9. september må ta utgangspunkt i vurderingar om Aurland kommune sin faktiske situasjon. Formannskapet (økonomiutval) bør vurdere kva dei økonomiske rammene skal vere for perioden, med hovudvekt på inntektene til kommunen.

Den økonomiske politikken i Aurland kommune, og dette er ein føresetnad for god økonomistyring, bør innehalde/etablera lokale målsettingar på enkle sentrale nøkkeltal. Dette kan til dømes gjelde:

- Korrigert netto driftsresultat
- Likviditetsgrad
- Eigenfinansiering for investeringar
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond
- Konesjonsavgiftsfond

Desse målsettingane vil gje grunnlaget for ein sunn økonomistyring og vere med på å legge rammene for eit ønska handlingsrom.

Viser til Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan Budsjettnotat nr.1, Utfordringsnotat/grunnlagsdokument i samband med formannskapet si handsaming av økonomiske rammeføresetnadar for planperioden, som er vedlagt saka.



Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan Budsjettnotat nr.1

2017 - 2020

Utfordringsnotat/grunnlagsdokument i samband med formannskapet si handsaming av økonomiske rammeføresetnadar for planperioden

Kommunane har sjølv ansvaret for god økonomistyring. Kommunar med sunn økonomi og eit handlingsrom vil kunne møte innstramningar eller utføresette hendingar ved å redusere driftsresultatet eller bruke tidlegare avsetningar, utan at det får direkte konsekvens for tenestenivået. Kommunar utan handlingsrom må gå rett på tenestekutt dersom dei ikkje har tilstrekkelege fondsreservar. Økonomiplanen tar utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå vedtekne mål. Langsiktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eitt år, men må planleggast, gjennomførast, evaluerast og følgjast opp over tid. Samtidig må det planleggast for at tiltak som blir vedtatt i årsbudsjettet ikkje underminerer den økonomiske balanse på lengre sikt. Difor er ein gjennomarbeida og oppdatert økonomiplan vel så viktig som eit godt årsbudsjett. Planlegging ut over årsbudsjettet er ein føresetnad for god økonomistyring. Gjennom god økonomiplanlegging skal kommunen sørge for at avgrensa ressursar blir brukt så effektivt som mogeleg. Risikoen ved manglande langsiktig planlegging er at kommunen mister kontrollen over økonomien og hamner i ubalanse. Då er vegen til upopulære kutt i tenestetilbodet kort. Kommunen er avhengig av å vere i forkant av utfordringar og endringar for å halde på handlingsrommet. Økonomiplanen skal gi retning for utvikling av kommunen sine tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i den komande fireårsperioden. Ressursbruken må vere innafor dei økonomiske rammene kommunen står overfor. God økonomiplanlegging betyr difor god oversikt over dei økonomiske og demografiske forhold m.m. som påverkar kommunen, og at økonomiplanen blir basert på reelle prioriteringar i kommunestyret.

Innhald

Innleiing	3
Kommunen sine frie inntekter – utvikling i perioden	4
Økonomiske nøkkeltal.....	9

Sentrale styringsdokument:

- Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2016-2019
- Budsjett 2016
- Rekneskap 2015
- Årsmelding for 2015
- Kommuneplan for Aurland.
- Kommunelova
- Veileder Økonomiplanlegging i kommuner og fylkeskommuner (KRD desember 2013)

Innleiing

Formannskapet vedtok i sak 019/16 prosessen kring arbeidet med kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020. I samsvar med vedtatt prosess vart det arrangert eit økonomiseminar i Flåm, der KSK og RO hadde gjennomgangar av KOSTRA-analyse og førebelse funn i analysen av pleie og omsorgstenestene i Aurland kommune. PRO-analysen skal presenterast for kommunestyret 9 juni. Vurderingar av tiltak i rapporten vil bli koordinert inn i kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan.

Føremålet med det årlege seminaret er å etablere ein felles situasjonsforståing av det økonomiske utgangspunktet i Aurland kommune og vise kommunen sitt handlingsrom ved hjelp av ein utarbeidd KOSTRA-analyse. Økonomiplanlegginga skal bidra til at prioriteringsdiskusjonen bygger på eit realistisk grunnlag som reflekterer kva som faktisk er mogeleg å oppnå i kommunen, samtidig med at me sikrar økonomisk balanse og eit grunnlag for å yte eit godt tenestetilbod over tid.

Etter ein gjennomgang over kommunen sine forventa inntekter for perioden 2017 – 2020, og ei nøktern vurdering av naudsynte avsetningar, viser analysen eit behov for reduksjonar i drifta (netto) på om lag 10 millionar kroner årleg eller ca 5 % reduksjon i høve årets rammer. Hovudforklaringa er at driftskostnadane over tid har vore høgare enn driftsinntektene, som igjen har ført til at disposisjonsfondet nesten er tomt.

For å bidra til ein felles forståing av kommunen sin økonomiske situasjon er det ei rekke ulike type spørsmål som me må gjennomgå, som til dømes:

- Er kommunen sin økonomi i balanse?
- Kva for statlege føringar kan forventast?
- Korleis vil renteutviklinga påverke kommunen?
- Korleis vil innbyggjarutviklinga, og samansettinga, i kommunen utvikle seg i åra som kjem?
- Kva for delar av kommunen sitt tenestetilbod kan forventa auka etterspurnad?
- Kva for delar av kommunen sitt tenestetilbod kan forventa redusert etterspurnad?
- På kva for område vil kostnadane auke i framtida dersom me ikkje tar grep i dag?
- Kva for alternativ har kommunen for å dekke dei identifiserte framtidige behov?
- Kvar ligg utryggleiken/risikoane, og korleis handterer kommunen dei?

Før prioriteringar av ressursane mellom tenesteområda blir gjort, bør dei overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling vere fastsett. Måla og rammene som skal fastsettast av kommunestyret 9. september må ta utgangspunkt i vurderingar om Aurland kommune sin faktiske situasjon. Formannskapet (økonomiutval) bør vurdere kva dei økonomiske rammene skal vere for perioden, med hovudvekt på inntektene til kommunen.

Den økonomiske politikken i Aurland kommune, og dette er ein føresetnad for god økonomistyring, bør innehalde/etablere lokale målsettingar på enkle sentrale nøkkeltal. Dette kan til dømes gjelde:

- Korrigert netto driftsresultat
- Likviditetsgrad
- Eigenfinansiering for investeringar
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond
- Konesjonsavgiftsfond

Kommunen sine frie inntekter – utvikling i perioden

Tabell 1

(Tall i 1000 kr)	Årsbudsj.	Årsbudsj	Økonomiplan			
	2016	etter løn	2017	2018	2019	2020
Skatt på inntekt og formue	74 400	74 400	76 265	76 265	76 265	76 265
Rammetilskudd	39 300	39 300	41 465	41 411	41 390	41 370
Eigedomsskatt	54 600	54 600	54 100	53 600	51 600	51 600
Konsesjonsavgift	15 300	15 300	15 300	15 300	16 600	16 600
Andre statlige overføringer	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200
SUM FRIE INNTEKTER	184 800	184 800	188 330	187 776	187 055	187 035
Renteinntekter	1 500	1 500	1 500	2 000	2 500	3 000
Utbyte	3 900	3 900	4 000	4 000	4 000	4 000
Renteutgifter	-3 000	-3 000	-3 000	-3 100	-3 200	-3 300
Netto renteutgifter/-inntekter	2 400	2 400	2 500	2 900	3 300	3 700
Mottekne avdrag på lån	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Avdragsutgifter	-5 000	-5 000	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
Netto avdragsutgifter	-4 000	-4 000	-7 000	-7 000	-7 000	-7 000
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-1 600	-1 600	-4 500	-4 100	-3 700	-3 300
TIL FORDELING	183 200	183 200	183 830	183 676	183 355	183 735

Skatteinntekter

Skatt på inntekt og formue på personar samt naturressursskatt. Tala er henta frå Kommunenes Sentralforbund (KS) sine prognosar som er laga etter revidert nasjonalbudsjett som vart lagt fram i mai 2016.

Rammetilskot

Rammetilskotet er også henta frå prognosane til KS. Det er ikkje sagt om noko av dette skal dette vere øyremerka.

Eigedomsskatt

Dette er det mest usikre av inntektspostane. Det er forventa ein nedgang i eigedomsskatt på kraftverk dei neste åra som følgje av mellom anna lågare straumprisar, redusert grunnrente og rehabilitering av dammar. Nedanfor visert tabell 2 utrekningane frå Sentralskattekontoret for 2016. Sjølv om det er vanskeleg og seie nøyaktig korleis skatten vil utvikle seg dei neste åra, ser me at Aurland kommune ligg litt over «maksimumsverdien». Dette medfører at sjølv om grunnlaget (verdien) for eigedomsskatt blir redusert vil kommunen «ha litt å gå på». Tabellen under viser kva kommunen fekk i eigedomsskatt i 2016, og kva skatten hadde vore dersom makstaket ikkje hadde vore gjeldande.

Kontorvedtak vedkomande fordeling av eigedomsskattegrunnlaget (ESG) for Holmen kraftverk for eigedomsskatteåret 2016 viser fordelingsnøkkelen for eigedomsskatt for kraftanlegget Holmen 76,92 % til Aurland kommune og 23,08 % til Voss kommune. Fordelingsnøkkelen mellom Voss og Aurland kommune vil endra seg frå år til år, fram til kraftanlegget står ferdig. Då vil ein få permanent fordelingsnøkkel mellom kommunane. Effekt av dette er lagt inn i inntektsføresetnadane.

Eidfjord kommune (om lag same storleik på eigedomsskatt som Aurland kommune har) planlegg å justere ned 5 mill. kr. i eigedomsskatt kvart år i planpeiroden (20. mill. kr) pga. nedgang i energiprisar, høgare grunnlagsrente og rehabilitering av dammar.


Kraftprisen var høg i 2010, og for neste år vil dette året gå ut av berekningsgrunnlaget. Det betyr at fem år med låge kraftprisar vil vere eit av momenta i berekninga av eigedomsskatt for 2016.

Aurland kommune bør vurdere å redusere forventa eigedomsskatt ytterlegare enn det som går fram av tabell 1.

Tabell 2
Aurland Kommune


	Grunnlag 2016	Eigedomsskatt	Utan maxtak	
			Formuesverdi	Eigedomsskatt
Eco Aurland 1	5 302 583 552	37 118 085	5 597 306 636	39 181 146
Eco Aurland 2 hf	574 323 000	4 020 261	604 593 443	4 232 154
Eco Aurland 2 lf	219 424 239	1 535 970	220 476 156	1 543 333
Eco Aurland 3	575 815 605	4 030 709	578 305 985	4 048 142
Eco Aurland 4	213 006 885	1 491 048	213 281 401	1 492 970
Eco Aurland 5	26 837 000	187 859	-	-
Statkraft Aurland 1	345 190 101	2 416 331	461 843 473	3 232 904
Statkraft Aurland 2 hf	36 916 000	258 412	47 739 670	334 178
Statkraft Aurland 2 lf	9 856 754	68 997	-	-
Statkraft Aurland 3	52 332 752	366 329	59 876 584	419 136
Statkraft Aurland 4	5 273 000	36 911	5 664 414	39 651
Statkraft Aurland 5	19 684 668	137 793	20 627 273	144 391
Aurland Energiverk	23 464 000	164 248	23 464 000	164 248
Holmen Kraft AS	29 537 280	206 761	29 537 280	206 761
Sum kraftverk	7 434 244 836	52 039 714	7 862 716 315	55 039 014

Graf 1



Graf 1 viser korleis Markedskraft vurdere kraftprisane fram til 2014. Dette er vanskeleg å estimere då det er veldig mange usikre faktorar. Likevel kan det vere verdt å merke seg at prisane (snitt) ikkje er forventa å stige veldig mykje i åra som kjem.

Graf 2



Graf 2 viser sammenhengen på kraftpris og prisen på kol. Dei framtidige prisane på kol vil høgst sannsynleg og vere styrande for energiprisane (snitt)

Konsesjonsavgift

Inntekta er på 15,3 millionar kroner pr år fram til 2019. Konsesjonsavgifta blir etter det auka til omlag 16,6 millionar kroner ut frå konsumprisindeksen. Avgifta blir avsett til konsesjonsavgiftsfondet.

Andre statlege overføringer

Dette er kompensasjon frå Husbanken for skulebygg og omsorgsbustader som er bygd tidlegare. Beløpa er avhengig av rentenivået.


Utbyte

Utbyte er frå Aurland Ressursutvikling og Aurland Energiverk

Renter og avdrag

Det er forventa ein viss auke i rentenivået. Dette er det teke omsyn til i framskrivinga.


Graf 3



Graf 3 viser Norges Bank sitt anslag på styringsrenta.

På opptekne lån pr juni 2016 er avdragsprofilen at me betaler ca 8 millionar kroner i året. Det er mogeleg å redusere nedbetalinga og dermed forlenge nedbetalingstida. Dette er gjort i 2016 med ca 3 mill. Dette er ikkje ønskjeleg ut frå eit mål om å ikkje auke lånegjelda.

Graf 4



Graf 4 viser faktisk lånegjeldsutvikling i Aurland kommune.

Aukar Aurland kommune lånegjelda monaleg, må netto rente og avdragsutgifter justerast opp i tabell 1. Det vil få konsekvensar for dei ressursane som skal gå til tenesteområda i kommunen.

Låneopptak som blir tatt opp i planperioden 2017-2020 må ha ein rentehorisont på 10 år. Det betyr i praksis at kommunen må tole ein renteoppgang på om lag 3%.

Med dei planlagde investeringstiltaka (økonomiplan 2016-2019 oppjusterte kalkyler) og ønskje om nye tiltak i planperioden viser graf 5 ei utvikling av lånegjelda. Dette er ikkje tilrådeleg, og sterkare prioriteringar må til.


Graf 5



Økonomiske nøkkeltal

Graf 6


Korrigert netto driftsresultat i kommunen



Graf 6 viser utviklinga i korrigert netto driftsresultat i Aurland kommune. Korrigert netto driftsresultat er netto driftsresultat korrigert for mva på investeringar (t.o.m 2013), netto inntekt premieavvik, avsetning bundne fond + bruk av bundne fond. Resultatet til Hamnevesenet er inkludert (Konsern).


Aurland sitt korrigert netto driftsresultat er for lågt. Kommunen bør ha ei målsetning om å betre dette resultatet monaleg. I økonomiplanen for 2016-2019 var målet å oppnå 3% korrigert netto driftsresultat.

Graf 7



Premieavvik på pensjonar er stort i Aurland kommune. Rapport frå KLP tydar på at premiavviket aukar ytterlegar i 2016.

Graf 8



Fondet viser kommunen sitt økonomiske handlingsrom, då det er denne avsetninga som nyttast ved ei eventuell underdekning i driftsrekneskapet. Avsetningane kan og nyttast til eventuell underdekning og/eller fri overføring til investeringsrekneskapet.

Kommunen sitt disposisjonsfond fortel korleis den økonomiske stoda er. Grafen taler for seg sjølv, og kommune bør ta den negative utviklinga på alvor. Kontrollutvalet har sin kommentar på rekneskapet for 2015 uttrykt følgjande: «Kontrollutvalet ser at disposisjonsfondet har gått ned igjen frå 2014 til 2015, og er uroa over denne utviklinga. Det er i tillegg eit premieavvik på 16 mill. som skal dekkast inn over dei neste åra. Kontrollutvalet ber kommunestyret ta ansvar for dette i framtida.»

Får ikkje kommunen kontroll på dette, kan det føre til meir vilkårlege reduksjonar i tenestene til innbyggjarane. Måлтаlet for økonomiplanperioden bør vere minimum 15. mill på fondet i 2020.

Aurland kommune

Gjennomgang av pleie, rehabilitering og omsorg

Rapport frå RO – mai 2015



RO

Værnesgata 17, 7503 Stjørdal
Sentralbord: 74 83 97 99

www.ro.no

Innhold

1. Oppdraget	3
2. Utfordringane – RO si tilråding – forslag til effektivisering.....	3
2.1 Utfordringsbilde.....	3
2.2 RO si tilråding.....	4
2.3 Moglege effektiviseringstiltak på kort sikt	5
2.4 Moglege tiltak for effektivisering på sikt.....	6
3. Kva påverkar ressursutnytting og tenestekvalitet.....	8
3.1 Innretning og profil i omsorgstenesta	8
3.2 Omsorgstrappa	9
3.3 Ressursstyring.....	9
4. Kvantitativ analyse.....	10
4.1 Demografi, aldersberekvne og familiekoefisient	10
4.2 KOSTRA-statistikk for pleie- og omsorgstenesta	12
4.3 Aurland kommune si innretning av PRO-tenestene	18
4.4 Ressurs- og driftsanalyse sjukeheim.....	20
4.5 Bemanning og pleiefaktor	23
4.6 Kompetanse og rekruttering	23
4.7 Turnus og arbeidstid.....	25
4.8 Heiltidskultur	26
4.9 Sjukefråvær.....	27
4.10 Leiging og administrasjon.....	29
5. Kvalitativ analyse.....	30
5.1 Ein organisasjon mogen for endring.....	30
5.2 Framtidig omsorgstrapp og forvaltningspraksis	30
5.3 Ei berekraftig PRO-teneste	33

1. Oppdraget

Ressurscenter for omstilling i kommunene (RO) har hatt oppdraget med gjennomgang av pleie, rehabilitering og omsorg (PRO-tenesta) i Aurland kommune. Oppdraget er eit analysearbeid for å sjå kva potensiale for innsparing som ligg i struktur, organisering og tenestnivå for pleie og omsorg.

Aurland kommune si bestilling er todelt. For det første skal gjennomgangen vise kva handlingsrom kommunen har, for å møte framtidige utfordringar i PRO-tenesta. Dette handlar om korleis kommunen skal drifte PRO-tenesta, og kva funksjon sjukeheimen og heimebasert omsorg skal ha i den framtidige tenesta. Dette handlar og om framtidige investeringsutgifter med omsyn til omsorgsbustader og anna tilrettelegging av omsorgsarenaene.

For det andre ønskjer Aurland kommune innspel til korleis kommunen kan effektivisere drifta av PRO-tenesta på kort og lang sikt. Effektivitet i sosialøkonomisk forstand tyder å oppnå ei høg verdiskaping samstundes som ein ikkje nyttar mykje ressursar. (Busch, Johnsen og Vanebo, 2012). Verdiskaping i PRO-tenesta inneber at brukaren får assistanse/bistand til det som er viktig for hans/hennar kvardag og livskvalitet. Produktivitet er omfanget av tenester som kommunen får skapt for den ressursinnsatsen han set inn.

Når det gjeld effektivitet i denne samanhengen, ønskjer Aurland kommune å redusere ressursbruken i PRO-tenesta på ein slik måte at handlingsrommet vert stort nok til å møte framtidige utfordringar og omstillingar. Samstundes ønskjer Aurland kommune å gi innbyggjarane som treng det, kvalitativt gode tenester i samspel med brukar, brukar sitt nettverk og samfunnet elles.

2. Utfordringane – RO si tilråding – forslag til effektivisering

Helse- og omsorgstenesta i Aurland kommune skal i framtida møte utfordringane med forsvarlege tenester som stettar krav i lov og forskrift, og er berekraftige i høve til kommunen sin økonomi, tilgjenge til personell og kompetanse.¹

2.1 Utfordringsbilde

Utfordringsbildet i PRO-tenesta i Aurland kommune kan kort skildrast slik:

- Retning for utvikling av omsorgstenesta er uklar. I ein kommune med gode inntekter som Aurland, vert det høg aktivitet, og akutte problem kan løysast med meir pengar. Dette har gått utover etableringa av, og samling om ein tydeleg teneste- og organisasjonsutvikling innan PRO-tenesta².
- Kommunen har brukt fondsmidlar til å saldere årsbudsjett. Når det i tillegg vert gjort vedtak som øyremerker bruk av fondsmidlar i for stort omfang, kan dette føre til ein usunn kommuneøkonomi i framtida.
- Kommunen bruker ein tredei av kommunen sitt totale netto driftsbudsjett til pleie og omsorg. Samanlikna med KOSTRA-gruppe 16, bruker Aurland kr 8 700,- meir per justert innbyggjar til pleie og omsorg.³
- Innbyggjarane opplever flaskehalsar i omsorgstenesta i overgangen mellom heimebaserte tenester og institusjonstenester. Dette gjeld ved behov for fleire timar bistand og ved utskrivning frå korttids plass til heimebaserte tenester. I 2015 resulterte dette i oppretting av 3 nye institusjons plassar innanfor same bemanning. Dette handlar om dimensjonering av

¹ Kommunedelplan for helse og omsorg 18.09.2014. Aurland – det naturlege valet.

²Jf. Kommunekompasset Evaluering av Aurland 2015

³ Ureviderte KOSTRA-tal per 09.04.2016.

plassar for heildøgns tenester og institusjonen sin rolle og funksjon i den framtidige PRO-tenesta.

- Kommunen har hatt auke i talet på yngre tenestemottakarar med omfattande tenestebehov. Kommunestyret har vedtatt investeringsramme på 18 mill. kroner til nybygg i Skjerdalsvegen 28. Dette føreset tilskot frå Husbanken. Nybygget skal innehalde ein personalbase for spesialomsorga i kommunen, for å frigjere omsorgsbustader, og for å vareta krav til forsvarleg arbeidsmiljø for tilsette.
- I gjennomgangen av PRO-tenesta fikk RO eit klart bilde av at det er behov for meir målretta samarbeid med tenestemottakar, tenestemottakaren sitt nettverk, frivillige, og pårørande. Behovet for samarbeid gjeld og internt i tenesta, mellom avdelingar og på tvers av nivå i kommunen og med samarbeidspartar.

2.2 RO si tilråding

Retning for utvikling av PRO-tenesta må vedtakast. Sjølv om Aurland kommune har gode inntekter, kan ikkje akutte problem lenger løysast med meir pengar. Det må etablerast ein tydeleg teneste- og organisasjonsutvikling innan PRO-tenesta. Samstundes må kommunen gjennomføre ei forventningsavklaring med innbyggjarane og informere om tiltak som sikrar ein sunn økonomi for ei berekraftig PRO-teneste⁴.

Aurland kommune må gjennomføre dei nødvendige tiltaka for å tilpasse aktiviteten til vedteken økonomisk ramme. Dette må gjerast med systematisk, med god leiing og involvering av tilsette og andre omsorgsressursar i kommunen. Prosjekt spesialomsorg og prosjekt kvardagsrehabilitering er moglege tiltak for å auke engasjement og kompetanseheving i samla teneste.

Flaskehalsane i PRO-tenesta kan fjernast gjennom balanse i omsorgstrappa mellom dei ulike stega. Dette inneber bygging av nye omsorgsbustader. Vidare skal endring av sakshandsamingsfunksjonen bidra til meir målretta tenestetildeling i starten, og i overgangen mellom heimebaserte tenester og institusjonstenester. Dette handlar om institusjonen si rolle og funksjon i den framtidige omsorgstenesta, satsing på heimetenester og plassar med heildøgns tenester.

Utfordringane i spesialomsorga må møtast med eit grunnlagsarbeid som set fokus på innhaldet i tenesta. På denne bakgrunnen må vedtaka gjennomgåast for å sjå på den direkte brukarretta tida og omfang av behov for tilsyn, som to ulike storleikar. Gjennom dette arbeidet kan kommunen finne fram til tenleg og ressurseffektiv organisering av tenesta og av arbeidstida. Det er viktig i denne samanhengen at bemanninga ikkje handlar om å fylle turnusen eller om å bemanne bustaden, men handlar om ei bemanning som møter det reelle behovet hos brukaren.

Det bør leggjast vekt på at spesialomsorga er ein arena for viktig læring som og bør kome resten av PRO-tenesta til gode. Det er mykje ny og aktuell kunnskap om nye arbeidsmåtar og innsikt i arbeidet med menneske med ulike utfordringar. Arbeidsplassen som læringsarena gir engasjement og kan slik tiltrekkje seg kompetanse og arbeidskraft.

RO vil og peike på behovet for oversikt og system i ressursbruken, både for den daglege drifta, og for framtidig planlegging for nye tenestemottakarar.

Med fokus på og innsats i gjennomføringa av dei tiltaka som RO forslår i kap. 2.3, vil kommunikasjon og samhandling om felles oppgåve verte eit verkemiddel til engasjement, fagleg påfyll og handlekraft for å skape ei berekraftig PRO-teneste i Aurland kommune.

⁴ Kommunekompasset Evaluering av Aurland kommune 2015

I dette arbeidet er det særskilt viktig at heile organisasjonen dreg lasset saman. Dette vil krevje medvit om brukarperspektivet i tenestetildeling, ressursinnsats og resultat over tid.

2.3 Moglege effektiviseringstiltak på kort sikt

2.3.1 Bemanning, kompetanse, arbeidstid og administrativ organisering

Gjennom å vise til pleiefaktoren ved Aurland helsetun (0,91/0,99), og forholdet mellom direkte og indirekte brukarretta tid i heimebasert omsorg, meiner RO at kommunen har eit handlingsrom med omsyn til effektivisering/kostnadsreduksjon.

Ein gjennomgang av turnusane både med omsyn til vakante stillingar, helgebemanning, fordeling av kompetanse og omfang av deltidsstillingar, styrker RO si oppfatning av at det er rom for effektivisering. Dette gjeld også spesialomsorga. Effektiviseringa krev likevel eit grunnlagsarbeid frå kommunen si side, med å få etablert alternative arbeidstidsordningar for tenesta. RO erfarer at mange kommunar er i gang med slikt arbeid nett no.

Dersom RO tar utgangspunkt i at helsetunet har ein pleiefaktor på 0,91, og denne vert redusert til 0,70 (som tidlegare er nemnt som ein mogleg "norm"), vil dette kunne utgjere 5,8 årsverk. Dette kan sjåast på som "handlingsrommet", når det gjeld kostnadsreduksjon ved helsetunet. Rekna om til eit årsverk til kr 500 000,- utgjør dette kr 2 900 000,-.

Å etablere føreseielege og robuste arbeidstidsordningar med mål om ein heiltidskultur, vil også gi eit "handlingsrom" i form av betre utnytting av ressursane. Storleiken på denne er vanskeleg å slå fast, men RO meiner at ein kostnadsreduksjon som nemnt i avsnittet over, vil vere innan rekkjevidde, dersom endrings- og utviklingsarbeidet vert gjort på ein god måte.

RO har peika på at administrasjons- og leiarressursen er høg i PRO-tenesta. Det er etter RO si oppfatning, rom for effektivisering og kostnadsreduksjonar. RO anbefalar at tenesta går igjennom oppgåvefordeling, arbeidsmåtar og reduksjon/bortfall av enkelte oppgåver. Den administrative organiseringa må tuftast på denne gjennomgangen, og val av organisering må støtte opp om kjerneoppgåva i PRO-tenesta. Dette vart og drøfta i arbeidsgruppa med konstruktive forslag som i gjennomføringa må forankrast i mål og retning for PRO-tenesta.

RO vil vere forsiktig i sitt anslag og antyde eit "handlingsrom" på kr. 500 000 (+/-) avhengig av den vurdering tenesta sjølv gjer.

2.3.2 Driftsutgifter Aurland helsetun

RO har i ressurs- og driftsanalysen peika på at helsetunet har relativt høge kostnader til vask av tøy, mat og andre driftsutgifter. Overtidskostnadane er også høge sett i lys av den høge pleiefaktoren og det låge sjukefråværet. Dersom RO tar utgangspunkt i sjukeheimane i samanlikninga, og føreset at helsetunet kan nøye seg med same driftskostnad som dei andre, kan det vere mogleg å effektivisere kostnadane med kr. 500 000 – kr. 1 000 000. Dette er å betrakte som eit anslag ("handlingsrom") og ikkje eit konkret forslag om kostnadskutt.

2.3.3 Prosjekt spesialomsorg

I gjeldande Kommuneplan sin handlingsdel med økonomiplan, ligg det ei forventning om ein reduksjon kr på 3,4 mill. knytt til spesialomsorga. Aurland yter ressurskrevjande tenester til relativt mange innbyggjarar. Dette inneber store enkeltvedtak som i sum utgjør ca. 45,38 årsverk. Av desse årsverka driftar kommunen sjølv 14,1 årsverk, frå 1. juni 2016. RO anbefalar at kommunen vurderer det reelle behovet for direkte brukarretta tenesteyting og behovet for tilsyn, som to ulike storleikar.

På denne måten kan kommunen lettare finne den optimale organiseringa av arbeidskrafta som trengst. Det er og viktig å ha fokus på innslagspunktet for å søke om statleg tilskot, alt under kr 1 081 000,- pluss 20 prosent av det som er over, er kommunen si utgift.

Spesialomsorga handlar ikkje berre om økonomi, den handlar i hovudsak om å støtte menneske i å meistre eigne liv. Dette inneber ein praksis som fokuserer på personen og er ressursorientert, samstundes med at tilsette får fagleg påfyll og tid til refleksjon over eiga teneståtferd.

RO anbefaler at Aurland kommune starter eit "nybrottsarbeid" gjennom å møte utfordringane innan spesialomsorga med innovativ tenking og tenestedesign, for å målrette tenestene og kvaliteten i tenesteytinga. Ei kvalitativ god teneste er og ei ressurseffektiv teneste.

2.3.4 Sakshandsaming og tenestetildeling på kort sikt

Aurland kommune er i gang med å betre rutinane i sakshandsaming. Dette arbeidet er viktig i økonomisk samanheng for å sikre ressurseffektiviteten. RO anbefaler å etablere eit tverrfagleg team som har hand om all sakshandsaming og tenestetildeling, jf. Rapport forvaltningsrevisjon pleie og omsorg 2014/15.

2.3.5 Økonomisk tilpassing på kort sikt

Samla sett meiner RO at det er rom for ei effektivisering i kostnadsområde kr 4 000 000 – kr 4 500 000,-, på relativt kort sikt. Dette er likevel avhengig av at kommunen gjennomfører endrings- og utviklingsarbeid på ein profesjonell og fagleg god måte. Forankring, involvering, medverknad og handlekraft er nøkkelord i denne samanhengen.

I intervju, samtalar og i arbeidsmøter kom det fram påstandar om at det finns mange planar og at det er mykje som er bestemt, men at det ikkje skjer noko.

Til hjelp for å redusere ressursbruken både ved institusjonen og i heimebasert omsorg, kan ei fast økonomisk ramme som utgangspunkt for endringsarbeidet vere ein nødvendig framgangsmåte for å tenkje annleis om korleis tenestene skal driftast. Med dette meiner RO at den økonomiske ramma som vert vedteke at PRO- tenesta i kommunen skal koste, skal vere grunnlaget for endringane. Dette er ein innovativ måte å gå fram på som har vist seg nyttig, ikkje berre gjennom reduserte utgifter, men og i auka kvalitet på tenestene og betre arbeidsmiljø for leiarar og tilsette.

2.4 Moglege tiltak for effektivisering på sikt

2.4.1 Strukturelle tiltak - omsorgsbustader – utbetring og/eller nybygg

Aurland kommune bør starte planlegginga av omsorgsbustader for å sikre ei gradvis opptrapping av framtidige tenester. RO fikk inntrykk av at dette er eit ønske som mange deler og ønskjer snarleg realisert.

I dette arbeidet må det og liggje ei vurdering av bruken av den gamle sjukeheimsdelen, både når det gjeld bygningsstandard, FDV-kostnader, planløysing og bruksområde. Når det gjeld omfang av omsorgsbustader utan heildøgns teneste, må dette sjåast i samanheng med bustadmarknaden og den ordinære bustadbygginga i kommunen og kommunen sin bustadsosiale handlingsplan.

Kommunen vil få utgifter til investering i omsorgsbustader. Husbanken administrerer investeringstilskotet til omsorgsbustader og sjukeheimar. Investeringstilskot frå Husbanken kan givast til bygging/utbetring av plass i institusjon, omsorgsbustad, fellesareal i eksisterande omsorgsbustader og døgnomsorgsplassar for øyeblikkeleg-hjelp. Når kommunen skal stå som eigar, vert det gitt tilskot på:

- Anleggskostnader per bueining i omsorgsbustad eller sjukeheim, er kr 3 060 000,- i 2016.
- Dei maksimale satsane for tilskot er kr 1 377 000,- for ein omsorgsbustad og kr 1 683 000 for ein sjukeheims plass.

Husbanken hjelper også kommunane og andre aktørar med å få god kvalitet på prosjekta.

2.4.2 Aurland helsetun sin funksjon i PRO-tenesta

RO vil anbefale at Aurland kommune skaper ei PRO-teneste der Aurland helsetun gir tidsavgrensa opphald for behandling, rehabilitering og utgreiing for tenestemottakarane. Fram til 2020 vil helsetunet og drifte dei åtte institusjonsplassane for menneske med demens. RO vil rå til at tenestemottakarane kan bu i eigen bustad livet ut og få den bistanden dei treng der. For at dette skal vere mogleg, må Aurland helsetun visareutvikle den kompetansen og kvaliteten som er nødvendig for behandling, rehabilitering og utgreiing.

2.4.3 Sakshandsaming og tenestetildeling på lang sikt

Som tidlegare nemnt, er sakshandsaming og tenestetildeling viktig for ressursbruken i PRO-tenesta. Aurland kommune er rause i si tildeling av tenester. Eit viktig tiltak i denne samanhengen er å fremje innbyggjardialogen og legge til rette for dialogen med brukarane om utvikling av det kommunale tenestetilbodet⁵.

Sakshandsaming og tenestetildeling handlar om å omsette enkeltvedtak til praktisk tenesteyting. Dette krev godt samarbeid mellom sakshandsamar og leiarane i verksemda. Organisering av arbeidskraft, kompetanse og arbeidstid er viktige faktorar for ei berekraftig PRO-teneste.

2.4.4 Prosjekt kvardagsmeistring

Det bør etablerast eit konkret prosjekt i kvardagsmeistring, der intensjonen er å fokusere på brukaren sine ressursar og deltaking i kvardagslege gjeremål. Brukaren skal vere aktiv deltakar, og ikkje passiv tenestemottakar. Kvardagsmeistringa må innehalde tidsavgrensa prosessar med klare mål og verkemiddel. Kvardagsrehabilitering som arbeidsmetode, inngår i prosjektet. Prosjektet bør gjennomførast av eit tverrfagleg team, der det vert lagt vekt på verdiforankring og integrering av felles verdiar. Kommunar som har gjennomført tilsvarende prosjekt, kan og dokumentere økonomisk gevinst gjennom mindre behov for bistand. Prosjekt "Meistring i kvardagen" kan utviklast gjennom periodar med planlegging, utprøving og vidareutvikling.

2.4.5 Prosjekt spesialomsorg

Dette er eit arbeid som også på sikt kan gi gode resultat. Det er viktig at spesialomsorga finn si form og sin plass i organisasjonen.

2.4.6 Kommunedelplan for helse og omsorg 2014-2025

Kommunedelplanen for helse og omsorg 2014-2025, som vart vedteken i kommunestyret 18. september 2014, viser til fire utviklingsprogram som kommunen skal arbeide med i planperioden:

- Styrke det førebyggjande og helsefremjande arbeidet.
- Arbeid med innhald i tenesta.
- Økonomi og berekraft.
- Samhandling og brukarmedverknad.

⁵ Kommunekompasset – evaluering av Aurland – 2015. KS-k rapport 24/2015

Kommunedelplan for helse- og omsorg 2014-2025 og RO sine tilrådingar vil saman danne utgangspunktet for nytenking og kompetansomobilisering i gjennomføringa av nødvendige tiltak for endring og tilpassing til kommunen sine rammevilkår.

Prioritering av tiltak for å få ein god start på endringsprosessen er nødvendig. Alle i organisasjonen må involverast i arbeidet med dei tiltaka som er nødvendige, for ei framtidig berekraftig PRO-teneste. I arbeidet og gjennomføringa av endringsprosessane, er det avgjerande at dette skjer gjennom felles innsats i heile organisasjonen.

3. Kva påverkar ressursutnytting og tenestekvalitet

3.1 Innretning og profil i omsorgstenesta

Innretning av tenestene handlar om samanheng i tiltakskjeda, overgangane mellom dei ulike tenestenivåa, og kven som får tenester i kommunen, og i kva omfang tenestene vert gitt. Dette handlar om kommunen sin forvaltningspraksis og terskel for tildeling av tenester.

Det er tre hovud-utfordringar når det gjeld tildelingspraksis. Den første utfordringa er terskel for tildeling av tenester. Når denne er låg, vert det mange som får. Dette er kostnadsdrivande. Den andre utfordringa er når heildøgns teneste vert tildelt, før det reelle behovet er til stades. Det kan vere fleire årsaker til dette. Det kan skuldast låg kapasitet i heimebasert omsorg eller mangel på omsorgsbustader, der det er mogleg med gradvis opptrapping av tenestene ut frå det reelle behovet. Med stadig raskare utskrivningstakt frå sjukehus, er det viktig at sjukeheimen vert prioritert til korttidsfunksjonen, framfor sjukeheimen som buform. Slik kan kommunen unngå "unødvendig" sjukehusinnlegging, særleg av eldre som elles får heimebaserte tenester.

Omsorgsbustadene bør i hovudsak byggjast som bufellesskap, slik at bufellesskapa utgjør arena for tenestemottakarane med dei største behova, for tenester gjennom heile døgnet. Nærleik til personell og til fellesarena er tilnærma lik som ved nybygde sjukeheimar. Bufellesskap kan nyttast som arena for tilrettelagte tilbod for innbyggjarar med demens.

Terskel for tildeling av tenester er viktig for økonomistyringa, og om tildelte teneste svarar til faktisk ytt teneste. Vedtakstimane i brukaren sitt enkeltvedtak, er timar til direkte brukarretta tid. Direkte brukarretta tid er oppgåver saman med brukar. Indirekte brukarretta tid er tid til planlegging, samarbeid, dokumentasjon og kontakt med samarbeidspartar. Dette er oppgåver som er naudsynte for best mogleg kvalitet i den direkte brukarretta tida.

Det er det reelle behovet for bistand/assistanse hos brukarane som skal møtast. Jamleg evaluering av om tenestene treffer det reelle behovet, er naudsynt for å avdekkje område, der tenesteomfanget kan reduserast eller erstattast av andre meir målretta tenester med betre effekt for brukaren si helse og livskvalitet.

Med dei demografiske utfordringane som Noreg ventar frå 2025/2030, kan det verte nødvendig å mobilisere samfunnet sine samla omsorgsressursar, ressursar hos brukarane sjølve, deira familie og sosiale nettverk, nærmiljøet og lokalsamfunnet, ideelle verksemder og næringsliv.

Tenestenivå og dimensjonering av plassar med heildøgns teneste, heng saman med omfang og kapasitet i heimebasert omsorg, bruken av korttids plassar og tilgjenge til nattenester. Samansettinga av tenestetrappa/omsorgstrappa er avgjerande for dimensjoneringa av PRO-tenesta, handlingsrommet for tenestenivået og balansen mellom dei ulike trinna, slik at heilskap og fleksibilitet i tenesta vert best mogleg.

3.2 Omsorgstrappa

Det er dei interne prioriteringane som vert gjort i PRO-tenesta, som i stor grad avgjer om tenestene er ressurseffektive eller ikkje. Dette vert omtala som *tenestetrappa eller omsorgstrappa*, ut frå at tenestemottakarane helst skal få sitt tilbod på rett nivå i kommunen sitt samla tenestetilbod. Di *høgare i trappa* tilbodet er, di meir ressursar (økonomisk og fagleg) krev det. Det betyr at dersom nokre tenestemottakarar får eit tilbod som ligg over det reelle behovet, vil kommunen bruke sine samla ressursar på ein måte, som gjer at nokon får eit tilbod som ikkje er godt nok, fordi andre får "for mykje". Eventuelt inneber det at kommunen samla sett, bruker meir ressursar enn nødvendig på PRO-tenestene.

Institusjonen si rolle og funksjon i den totale tenestekjeda er svært avgjerande for å unngå at det oppstår flaskehalsar i omsorgstenesta. Ein viktig føresetnad er å skilje behandlingfunksjonen frå bufunksjonen. Dette inneber ei tydeleg målsetting for korttidsopphaldet og målretta arbeid for behandling, rehabilitering eller utgreiing. Med ei framtidig satsing på heimebasert omsorg, krev dette endring i tankesett og arbeidsmåtar som byggjer opp om brukaren sine verdiar og livskvalitet, jf. Omsorg 2020. Tilbod om avlastning kan givast i omsorgsbustad

3.3 Ressursstyring

Det er behov for strukturar, som er tenlege og funksjonelle for oppgåveløysinga i PRO-tenesta. Strukturane må gjere det mogleg for organisasjonen å takle utfordringar knytt til systemorientering, medvit om utvikling og endring, og refleksjon. Grunnlaget må alltid vere ei forståing av primær oppgåva og korleis organisasjonen skal arbeide for å realisere denne.

Organiseringa av driftseiningane har innverknad på grad av målretta bruk av ressursar, både økonomi og personell. Dette inneber fokus på bemanningsnivå og korleis kompetansen i tenestene er fordelt, og om kompetansen vert brukt, der det er behov for slik kompetanse. Dette heng saman med organisering av arbeidstid. Organisering av arbeidstida må vareta brukarane sine behov, tilsette sine rettigheitar, jf. lov og avtaleverk, god ressursutnytting og økonomistyring.

Leiing av tenestene, evne til kulturbygging og funksjonelle administrative system er sentrale element i ein kostnadseffektiv organisasjon. Eit forsvarleg leiarspenn og funksjonell ansvarsfordeling må sikre tid til leiing, både på strategisk nivå og verksemdsnivå. I organiseringa av tenesta må det takast omsyn til kva oppgåver som er viktige, for å oppnå forsvarleg tenesteyting i tråd med lov og avtaleverk.

Tenleg styringsinformasjon må vere lett tilgjengeleg og dokumentert. Utviklinga innan helse og omsorg krev meir oppfølging av elektroniske kommunikasjons- og meldesystem, samt dokumentasjonssystem, enn tidlegare. Dette inneber kapasitet for å sikre naudsynt drift og effektive brukarsnitt av omsyn til pasientsikkerheita og kvaliteten i vekslingsfelt mellom ulike tenester og ulike tenestenivå. For god økonomistyring trengst det tenlege styringsdata. Samanhengen mellom økonomiske og faglege variablar må og vurderast, når det gjeld styringsdata, for å sikre kvalitet og forsvarleg tenesteyting.

Administrative funksjonar må blant anna sjåast i samanheng med organisering og storleik på stab/støttefunksjonar, og kva plassering i organisasjonen som er mest tenlege, både med omsyn til bruk av ressursar og funksjon ut frå dei oppgåvene som skal løysast.

4. Kvantitativ analyse

Dette kapitlet omtalar demografisk utvikling i Aurland kommune frå 2016 til 2040 (4.1). Kapittel 4.2 omhandlar kommunen sitt utgiftsbehov, prioritering og produktivitet ut frå KOSTRA-tal . Dei KOSTRA-tala som RO har analysert, er Aurland kommune sine innrapporterte rekneskapstal for 2012, 2013 og 2014. Kapittel 4.3 omhandlar kommunen si innretning av pleie-, rehabilitering- og omsorgstenesta.

4.1 Demografi, aldersbereevne og familiekoeffisient

Den demografiske utviklinga i Aurland kommune kan gi eit bilde av korleis kommunen bør innrette PRO-tenesta for å møte framtidige behov for omsorgstenester. Framskriving av folketal handlar og om aldersbereevne og familieomsorgskoeffisient:

- Framskriving av folketalet viser korleis utviklinga i dei ulike aldersgruppene kan utvikle seg.
- Aldersbereevne er forholdet mellom dei yrkesaktive og innbyggjarar 67 år eller eldre, og er av interesse for finansiering av pensjonar, velferdstilbod og helse- og omsorgstenester.
- Familieomsorgskoeffisienten er forholdet mellom talet på personar i alderen 50-66 år og personar over 85 år. Familieomsorgskoeffisienten er eit uttrykk for talet på potensielle familieomsorgsgivarar og eldre som treng omsorg.

Ved å framskrive folketal, aldersbereevne og familieomsorgskoeffisienten kan kommunen danne seg eit bilde av korleis omsorgstenesta bør dimensjonertast for å møte framtidig behov for PRO-tenester i Aurland.

Tabell 4.1-1 *Framskriving av folketal for ulike aldersgrupper, samt total-folketalet i Aurland kommune (tal vist for 5-års periodar over intervallet 2016-2040).*

	2016	2020	2025	2030	2035	2040
0-19 år	348	337	336	333	345	343
20-66 år	1047	1032	1019	986	934	908
67-79 år	208	239	258	269	296	301
80-89 år	84	83	87	122	138	141
90 år eller eldre	32	29	25	25	27	41
<i>Totalt tal innbyggjarar</i>	1719	1720	1725	1735	1740	1734

Kilde: Befolkningsframskriving (SSB 2015, alternativ MMMM)

I 2016 er 7 prosent av innbyggjarane i Aurland kommune 80 år eller eldre. Framskrivinga av folketalet viser at auken i aldersgruppa 90 år eller eldre skjer først frå 2035 til 2040, med ein auke på 9 personar. Dette er den aldersgruppa der det er størst førekomst av demenssjukdom (41%). Dersom førekomsten av demenssjukdom held seg på same nivå som i dag, vil talet på personar med demens auke i aldersgruppa 90 år eller eldre med 3 personar innan 2040.

Aldersgruppa 67-79 år aukar i same tidsrommet med 93 personar. Dersom prognosen slår til, kan denne aldersgruppa vere ein potensiell arbeidskraftreserve. Aldersgruppa 80-89 år aukar med 57

personar. Dersom prognosen slår til, vil førekomsten av demens også auke i desse aldersgruppene, jf. tabell 4.1-2.

Talet på personar med demens aukar med aukande alder. Ut frå statistiske tal har RO gjort eit estimat av talet på personar som statistisk kan få diagnosen demens i perioden 2016 – 2040. Dersom førekomst av demens vert på same nivå som i dag, vil auken av personar med demens i Aurland kommune, først skje mellom 2020 og 2030.

Aurland kommune har i dag ein avdeling for menneske med demens på 8 plassar ved Aurland helsetun. Heimebuande med demens har dagtilbod 3 dagar i veka frå kl. 0900 - 1500.


Tabell 4.1-2 Demens i ulike aldersgrupper⁶ (framskriving 2015 – 2040 (grunnlag SSB, alternativ MMMM))

Alder	Førekomst (%)	Tal tilfelle 2016	Tal tilfelle 2020	Tal tilfelle 2030	Tal tilfelle 2040
65-69 år	1	1	1	1	1
70-74 år	2	2	2	2	2
75-79 år	6	3	3	5	7
80-84 år	18	8	8	15	15
85-89 år	32	11	11	12	18
90 år eller eldre	41	13	12	10	16
Sum		38	37	45	59

Aldersberegne

Ut frå framskrivinga av folketalet i Aurland kommune, vil talet på yrkesaktive i forhold til personar over 67 år reduserast frå 3,49 i 2016 til 2,03 i 2040 (figur 4.1-1). Dette krev medvit omkring kompetansmobilisering og strategi for kompetanseutvikling og rekruttering av framtidig arbeidskraft. Arbeidet med mobilisering av kompetanse og rekruttering er eit kontinuerleg arbeid, både når det gjeld vedlikehald av kompetanse, nytenking og kompetanseoverføring frå dei som sluttar i jobben. Å møte lærlingane på ein forventningsfull og bekreftande måte, er godt rekrutteringsarbeid.

Figur 4.1-1 Aldersberegne i Aurland kommune 2016-2040




⁶ Kilde: Engedal 2009, Helsedirektoratet 2014.

Familieomsorgskoeffisient

Figur 4.1-2 framstiller utviklinga av familieomsorgskoeffisienten for Aurland kommune i perioden 2016 til 2040. Frå 2016 til 2040 minkar familieomsorgskoeffisienten, og det vert 1,46 færre til å yte familieomsorg til kvar eldre som treng omsorg.

I møte med utfordringane innan helse og omsorg i framtida, vert det nødvendig å mobilisere dei samla omsorgsressursane i samfunnet. Dette gjeld i første rekkje tenestemottakarane. Ressursane i deira familie og sosiale nettverk, i nærmiljøet og lokalsamfunnet, er ein omsorgsreserve som kommunen kan kome til å trenge i framtida. Frivillige er eksponentar for nye måtar å tenkje offentleg velferd på.

Figur 4.1-2 Familieomsorgskoeffisienten i Aurland kommune 2016-2040



4.2 KOSTRA-statistikk for pleie- og omsorgstenesta

Dei KOSTRA-tala som RO har analysert, er Aurland kommune sine innrapporterte rekneskapstal for 2012, 2013 og 2014. Når RO har brukt ureviderte tal for 2015, er dette opplyst.

4.2.1 Aurland kommune sitt utgiftsbehov, prioritering og produktivitet

Utgiftsbehov

Inntektssystemet for kommunane som vert omtala i "Grønt hefte", viser statlege overføringar til kvar enkelt kommune. Som grunnlag for statlege overføringar, ligg utrekningar av dei ressursane ein kommune treng, for å utføre lovpålagte oppgåver. Dette vert kalla kommunen sitt *utgiftsbehov*. Utgiftsbehovet vert utrekna i prosent av landet sitt utgiftsbehov, som alltid er 100 eller 1 i tabellane.

Eit anna omgrep i inntektssystemet er *justert innbyggjar*. Justert innbyggjar betyr at tala er justert i høve til ulike faktorar, som alderssamansetting, levekår, avstandar og ei rekkje andre kjenneteikn. På denne måten vert innbyggjartalet justert, slik at det kan samanliknast med andre kommunar og KOSTRA-gruppa.

Tabell 4.2-1 Aurland kommune sitt utgiftsbehov

	Indeks innb. 23- 66 år	Indeks innb. 67- 79 år	Indeks innb. 80- 89 år	Indeks innb. ≥ 90 år	Indeks reiseavst. i kommunen	Indeks dødelegheit PU over 16 år	Indeks	Berekna utgiftsbehov
Aurland	0,98	1,14	1,59	2,07	1,66	0,84	1,15	1,24
K16	0,96	1,14	1,19	1,30	2,24	1,01	1,22	1,38

Kilde: Grønt Hefte 2016

Aurland kommune har eit berekna utgiftsbehov på 1,24, som inneber at utgiftsbehovet er 0,24 større enn gjennomsnittet for landet, som er 1,0. Samanlikna med KOSTRA-gruppe 16 som har eit gjennomsnitt på 1,38, så har Aurland kommune eit utgiftsbehov som er 0,14 lågare enn KOSTRA-gruppe 16.

Prioritering

Justert for kommunen sitt utgiftsbehov bruker Aurland kommune 8 743,- kroner meir i netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester per innbyggjar, enn KOSTRA-gruppe 16 (tabell 4.2-2). Dersom netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester låg på same nivå som for KOSTRA-gruppe 16, ville Aurland kommune kunne redusert netto driftsutgifter med vel 15 mill. kroner totalt.

Tabell 4.2-2 Prioritering av pleie- og omsorgstjenesten. Samanlikning av netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester per innbyggjar og per justert innbyggjar

	Netto driftsutgifter per innbyggjar (i kr)			Endring frå 2012 til 2014		Netto driftsutgifter per justert innbyggjar (2014)
	2012	2013	2014	Kr	Prosent	
Aurland	31 149	32 323	36 196	5047	16,20	29 094
K16	21 660	21 205	28 085	6425	29,66	20 351
Landet (/u Oslo)	15 268	15 524	16 045	777	5,09	13 690

Kilde: KOSTRA konserntal for pleie og omsorg på nivå 2 (SSB, 2012-2014)

Bistandsbehovet

Når det gjeld behovet for bistand i pleie og omsorg, viser innrapporterte IPLOS-tal frå kommunen, at Aurland har fleire tenestemottakarar med noko/avgrensa behov, enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 16. Aurland kommune har færre tenestemottakarar med omfattande bistandsbehov, enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 16. Nye søknader om bistand i 2015, var 33 søknader, mot 30 søknader i 2014.

Tabell 4.2-3 Del av brukarar - bistandsbehov i pleie- og omsorgstenesta. Prosent.

	2012	2013	2014
Aurland			
Noko/ avgrensa	66	64	54
Middels/ stort	17	20	29
Omfattande	17	17	17
K16			
Noko/ avgrensa	0	46	48
Middels/ stort	79	31	30
Omfattande	21	23	23

Over halvparten av tenestemottakarane i omsorgstenesta i Aurland har noko/avgrensa behov for bistand. Dette kan indikerer at terskelen for å få omsorgstenester, er låg. Tidleg innsats kan vere viktig for auka sjølvstende. Om dette skjer eller ikkje, er avhengig av målet med tenestene. Når

tenestene vert tildelt ut frå kva kommunen tradisjonelt gir, er det stor fare for at tenestene vert tilvenning til meir teneste, i staden for auka sjølvstende.

Nesten ein tre-part av tenestemottakarane vert vurdert til middels/stort bistandsbehov. Det er og ein kraftig auke frå 2014 til 2015 i denne funksjonsgruppa. Kva denne auken skuldast er ikkje openbar.

Gruppa med omfattande tenestebehov er på same nivå frå 2012 til 2014. Denne funksjonsgruppa utgjør ein seksdel av dei som får omsorgstenester i Aurland. Når det gjeld gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 16, er det ein større del av dei som får omsorgstenester, som har omfattande behov.

I 2015 brukte Aurland kommune 32,2 prosent av netto driftsbudsjett til pleie og omsorg av kommunen sitt totale netto driftsbudsjett, (ureviderte tal per 09.04.2016). I tabell 4.2-4 er Aurland samanstillt med KOSTRA-gruppe 16 og landet utanom Oslo.

Tabell 4.2-4 Prioritering – netto driftsutgifter til PRO-tenestene (ureviderte KOSTRA-tal per 09.04.2016)

	Aurland	KOSTRA-gr. 16	Landet u/Oslo
Netto driftsutgifter i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	32,2	27,8	30,9
Institusjon - del av netto driftsutgifter til pleie og omsorg	41,1	56,1	44,4
Tenester til heimebuande - del av netto driftsutgifter til pleie og omsorg	50,5	36,9	50,3
Aktivering, støttetjenester - del av netto driftsutgifter til pleie og omsorg	8,4	7	5,3

Aurland bruker større del av netto driftsutgifter av omsorgsressursane til aktivisering/støttetjenester, enn KOSTRA-gruppe 16 og landet utanom Oslo. Fordelinga mellom heimebasert omsorg og institusjonsomsorga, samsvarar med landet utanom Oslo. Ein stor del av netto driftsutgifter til tenester til heimebuande er netto driftsutgifter til spesialomsorga.

Produktivitet

KOSTRA bruker korrigerede brutto driftsutgifter per brukar/plass som mål på produktivitet.

Korrigeringa er at driftsutgiftene, inkludert avskrivning ved eigen tenesteproduksjon, er korrigert for dobbeltføringar på grunn av vidarefordelinga av utgifter/innkjøp mv. per brukar.

Indikatoren viser dermed kostnaden per eining eller produktiviteten ved den aktuelle tenesta.

Normalt vil slike variasjonar følgje talet på årsverk per brukar.

Tabell 4.2-5 Produktivitet i institusjonsdrift. Korrigerede brutto driftsutgifter per kommunal plass i institusjon (Ureviderte tall per 09.04.2016)

	2012	2013	2014	2015*
Aurland	1 168 792	1 170 625	1 272 625	1 076 037
K16	0	1 055 419	1 157 562	1 077 849
Landet (u/Oslo)	955 590	984 522	1 039 336	1 024 333

Kilde: KOSTRA konserntall for pleie og omsorg på nivå 2 (SSB, 2012-2014).

Når det gjeld korrigerede brutto driftsutgifter per kommunal plass i institusjon, ligg Aurland kommune på gjennomsnittet av KOSTRA-gruppe 16, (tabell 4.2.5). Grunnlaget for korrigerede brutto driftsutgifter

per kommunal plass i institusjon på 1 076 037, er ikkje reduksjon i kommunen sine utgifter, men at kommunen med samme utgiftsramme drifter 3 institusjonsplassar meir enn i 2012-2014. Dette inneber at produktiviteten sett i KOSTRA-samanheng er betre, men det er ikkje gjort endringar i kostnadane til drift av institusjonen. (Sjå sjukeheimsanalysen kap. 4.4)

Gjennomsnitt ADL-score på institusjonen i 2015 var 3.36. Den individuelle skåren varierte frå 1,93 til 4,50. I 2015 var det 25 utskrivingar frå institusjon. Av desse var det 19 utskrivingar frå korttids plass, og 6 utskrivingar frå langtids plass.

Tabell 4.2-6 Produktivitet i heimebasert omsorg. Korrigerede brutto driftsutgifter per mottakar av heimetenester (i kr) (Ureviderte tall per 09.04 2016)

	2012	2013	2014	2015*
Aurland	227 522	209 876	227 126	226 796
K16	178 954	172 878	225 754	240 998
Landet (/u Oslo)	214 853	223 077	239 788	237 179

Kilde: KOSTRA konserntall for pleie og omsorg, nivå 2 (SSB, 2012-2014).

Når det gjeld korrigerede brutto driftsutgifter per mottakar av heimetenester, bruker Aurland kommune vel 14 000,- kroner mindre enn KOSTRA-gruppe 16, (tabell 4.2.-6). I heimebasert omsorg var det totalt 93 personar som mottok heimetenester i 2015. I 2015 var gjennomsnittet på talet på timar i heimebasert omsorg før langtids plass, på 9,6 timar per veke, varierende frå 2 timar per veke til 24 timar per veke.

Spesialomsorga

Spesialomsorga gir tenester til menneske med utviklingshemming, menneske med rusproblematikk og menneske med psykiske problem.

Alle kommunar som yter særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester til enkeltmottakarar, kan søke om delvis refusjon av direkte lønnsutgifter knytt til desse tenestene⁷. Tilskotet vert forvalta av Helsedirektoratet og er bevilga over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjettkapittel 575, post 60. Innslagspunktet for 2015 er 1 081 000,- kroner per tenestemottakar. Refusjonsbeløpet er 80 prosent av lønnsutgifter over innslagspunktet. Aurland kommune yter ressurskrevjande tenester til 12 innbyggjarar.

Aurland kommune organiserer tenester til yngre brukarar på ulike måtar avhengig av bistandsbehov, brukaren sine egne ønsker og kommunen sin kapasitet. Dette kan vere heildøgns omsorg i privat eller kommunal bustad, privat eller offentleg regi, avlastning i institusjon, avlastning utanfor institusjon og brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

Det er alltid ei utfordring når det gjeld omfanget i tildeling av tenester, å skilje tenestebehovet frå korleis bemanninga skal organiserast. Det er viktig at kommunen vurderer det reelle behov for direkte brukarretta tenesteyting og behovet for tilsyn, som to ulike storleikar. På denne måten kan

⁷ Rundskriv IS-4/2016 - Tilskuddsordning for særlig ressurskrevende helse- og omsorgstjenester i kommunene.

kommunen lettare finne den optimale organiseringa av arbeidskrafta som trengst. I Aurland kommune er det ikkje skild tydeleg nok mellom desse funksjonane, noko som kan ha konsekvensar for ressursbruken i spesialomsorga.

Når det gjeld kvaliteten i tenesteytinga, er det avgjerande for ressursinnsatsen kva verdigrunnlag tenestene vert tildelt og ytt etter. Ei tydeleg individuell målsetting er viktig både for tenestetildelinga og evalueringa undervegs i tenesteytinga. Det bør vere fokus på kvalitet på ein slik måte at arbeidsmåtar vert endra, når det er behov for det. Samarbeidet med brukar, brukar sitt nettverk og lokalsamfunnet vil kunne utløyse ressursar som bidreg til helse og livskvalitet. Samarbeidet med NAV er særskild viktig for dei som mottar tenester frå NAV og heimebasert omsorg. Det er nødvendig i arbeidet med å betre kartlegging, at brukarmedverknaden vert reell, ut frå ei målretta tildeling av bistand. Kommunen arbeider no med meir formaliserte prosedyrar og rutinar for praksis i tenestetildeling.

Utgangspunktet for regjeringa sin politikk, er ei individuell og konkret tilnærming til den enkelte sin situasjon og behov. Politikken inneber også at personar med behov for bistand, ikkje skal behandlast som ei gruppe, men som individ med respekt for ulikheit og likeverd. Dette vert understreka i lovgivinga gjennom kravet om enkeltvedtak for tildeling av tenester, ut frå eit individuelt vurdert behov for bistand. Sjølv om personar med behov for bistand bur i bufellesskap, mottar dei ikkje felles tenester med mindre dei sjølve ønskjer å få tenestene saman med andre som bur i bufellesskapet. Målet er framleis at menneske med behov for bistand skal kunne leve og bu sjølvstendig, og ha eit aktivt og meningsfullt tilvære i lag med andre⁸.

Etter ansvarsreforma og deinstitusjonaliseringa innan psykisk helsevern har betringsperspektivet, recovery, vokal fram. Recovery-orientert praksis rettar merksemda mot det som er viktig for den enkelte, korleis kriser og problem kan handterast, og kva som gjer det mogleg å oppleve meistring. Det skjer mykje nybrottsarbeid innan helse- og omsorgstenestene, difor er det viktig at Aurland legg vekt på ei kvalitativt god spesialomsorg (om det er det den skal heite i framtida). Ein krevjande og utviklande arbeidsplass med god leiing, er det beste trekkplasteret for rekruttering av kompetanse og arbeidskraft.

I forvaltningsrevisjonen⁹ er det føreslått konkrete oppfølgingspunkt for å understøtte effektiv ressursutnytting, og for å sikre at tenestene vert tildelt på "rett nivå", både i høve til eit fagleg skjøn og i høve til brukar sine eigne behov og ønskjer. RO ser det som viktig at tiltaka vert knytt til kvaliteten på tenesta, tverrfagleg samarbeid og koordinerte heilskaplege tenester.

Forholdet mellom direkte og indirekte brukarretta tid

Ei kostnadseffektiv teneste er ei teneste som treffer det reelle behovet hos brukarane, der fokus er ei målretta tenesteyting. RO har sett på grad av effektivitet, når det gjeld forholdet mellom direkte og indirekte brukarretta tid. Det finst ingen standard for fordelinga mellom direkte brukarretta tid og indirekte brukarretta tid. RO erfarer frå andre kommunar at det vert brukt ei 60/40-fordeling¹⁰ i heimebaserte tenester. Denne fordelinga vil likevel variere mellom ulike yrkesgrupper og kommunar, avhengig av ulike forhold som geografi og organisering.

⁸ Pasient- og brukarrettighetsloven § 3-1

⁹ Rapport frå KPMG Forvaltningsrevisjon "Pleie og omsorg" Aurland kommune 2014/15

¹⁰ PwC 2012, Moss kommune *Pris per brukertime – heimebaserte tenester*.

Spørsmål som kommunen må ha svar på, omkring fordeling av direkte og indirekte brukarretta tid, kan vere:

1. Kan fordelinga innebere at indirekte oppgåver som planlegging, dokumentasjon og samhandling, må skje i den direkte brukarretta tida?
2. Dersom det er rom for indirekte oppgåver fordi brukarane ikkje har behov for direkte tenester, kan dette innebere behov for ny kartlegging og vedtak ut frå det reelle behovet til brukaren?
3. Kan fordelinga indikere ineffektiv organisering av tenestene og lite innhald i tenesta?

Tabell 4.2-8 viser forholdet mellom direkte brukarretta tid og indirekte brukarretta tid i heimebasert omsorg, sone 1 og 2, (tal per 31.des.2015). Forholdet mellom direkte og indirekte brukarretta tid i sone 1 og 2 er 65,5 prosent brukarretta tid og 34,5 prosent indirekte brukarretta tid. Dette er bra. Tabell 4.2.8 viser og talet på årsverk og talet på tilsette i heimebasert omsorg og spesialomsorg.

Tabell 4.2-8 Heimebasert omsorg – forholdet mellom direkte brukarretta tid og indirekte brukarretta tid per 31. des. 2015

Eining/soner (april 2016)	Årsverk minus adm.	Arbeidstimar per veke	Talet på vedtakstimar per veke	Direkte brukarretta tid %	Indirekte brukarretta tid %	Talet på tilsette minus adm.
Sone 1 og 2	15,1	536,05	351	65,5	34,5	25
Vetleli (pu)	8,4	298,20				13
Vårdraum (pu og psykiatri)	2,9	102,95				8
BPA	2,0	71,00				
Ressurskrevjande tenester samla	45,38	1610,99	1611*			
Ressurskrevande tenester i eigen regi	14,1	500,55				
Årsverk private leverandører og annan kommune	31,28	1110,44				

*Aurland kommune har vedtak på 1611 timar per veke til ressurskrevjande tenester. I det blå feltet har RO gjort om desse timane til årsverk og arbeidstimar per veke, ut frå eit veketimetall på 35,5 timar. Kommunen kjøper tenester frå private leverandører som svarer til 31,28 årsverk, per mai 2016 driftar kommunen sjølv 14,1 årsverk av desse timane, da rekna ut frå årsverk i Vetleli og Vårdraum.

4.3 Aurland kommune si innretning av PRO-tenestene

På oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet har RO gjennomført ein studie av mønster i innretninga av norske kommunar sine omsorgstenester¹¹. RO nyttar metoden frå dette arbeidet til å samanlikne Aurland kommune sin tenesteprofil med andre kommunar. Samanlikninga skjer etter dimensjonane institusjonsteneste – heimeteneste, høg – låg dekningsgrad for yngre og eldre, og høgt – lågt nivå på tenestene.

Det er kjent at norske kommunar har svært ulike strategiar for sine omsorgstenester. Ved å gjennomføre ein analyse av tenesteprofil, vil kommunen skåre frå 1 til 10 samanlikna med dei andre kommunane på 8 faktorar. Profilen beskriv kommunen sin grad av:

- Institusjonsorientering – heimetenesteorientering .
- Eldreomsorg – omsorg for yngre aldersgrupper.
- Dekningsgrad – tenesteintensitet /maksimumskapasitet.
- Tilgjenge til sjukeheimplass, langtids plass – korttids plass.

Tenesteprofilen gir grunnlag for refleksjon over kva område som bør prioriterast i ei framtidsretta PRO-teneste, og kva funksjonar Aurland helsetun skal vareta.

Tenesteprofilen viser innretninga av omsorgstenesta, og ikkje ressursbruken i tenesta. Med andre ord, handlar tenesteprofilen om kven som får omsorgstenester i Aurland kommune. Kommunane er delt inn i ti grupper (decil), og plassert i gruppene etter kven dei gir tenester til i kommunen. Når ein kommune kjem i gruppe ein, betyr det at kommunen er blant dei kommunane som gir minst tenester. Når kommunen kjem i gruppe ti, betyr det at kommunen høyrer til den gruppa av kommunar som gir mest tenester.

RO viser tenesteprofilen for Aurland både for 2014 (figur 4.3-1) og figur 4.3-2 med tilgjenge til institusjonsplass for 2015. Dette for å vise endringane frå 2014 til 2015, når det gjeld tilgjenge til korttids plassar ved helsetunet. Frå å høyre til gruppe 6 i 2014 til ei endring som plasserer kommunen i gruppe 1, som inneber at Aurland kommune er blant dei kommunane i Noreg som har lågast tilgjenge til korttids plass. Informantane som rådgivarane frå RO intervjuar, kunne bekrefte at korttids plassane i praksis ofte vart langtids plassar. I 2015 hadde Aurland kommune 25 utskrivningar frå sjukeheimen. Av dette var det 19 utskrivningar frå korttids plassar. Tilgjenge til korttids plass handlar om kor ofte ein korttids plass vert ledig i løpet av eit år.


Grad av tilgjenge til korttidsplass seier noko om samarbeidet mellom institusjonen og heimebasert omsorg. Når behov for institusjonsplass oppstår, er hovudspørsmålet om det er ledig plass. Meir viktig enn talet på plassar, er spørsmålet om korleis plassane vert brukt, kva funksjonar sjukeheimen fyller i den samla omsorgstenesta i kommunen.

Aurland kommune er i den gruppa av norske kommunar som gir nest mest institusjonstenester til innbyggjarane. Kommunen er i den gruppa som gir mest tenester til yngre brukarar (0-66 år) med omfattande bistandsbehov. Når det gjeld forbruk av heimetenester, ligg kommunen i gruppe 3 for yngre brukarar og i gruppe 9 når det gjeld eldre.

Konklusjonen er at Aurland tildeler både heimetenester og institusjonstenester til mange.


¹¹ Ivar Brevik og Lars Nygård: Mønstre og mangel på mønstre i innretning av de kommunale omsorgstenestene, notat 2013:104

Figur 4.3-1 Tenesteprofil Aurland 2014



Figur 4.3-2 Tenesteprofil Aurland kommune 2014

NB: * Tilgjenge korttids plass: 2015
 ** Tilgjenge samla: 2015



Omsorgsplassar i Aurland

Aurland kommune har 24 institusjonsplassar. I 2015 hadde kommunen 27 plassar, 3 i den gamle sjukeheimsdelen. Aurland helsetun vart bygd i 2000, og kommunen har bindingstid på å bruke plassane til institusjonsdrift, fram til 2020, gjennom tilskot frå Husbanken. I tillegg har kommunen 4 omsorgsbustader med heildøgns tenester (HDO-plass)(jf. KOSTRA 2014).

Ein omsorgsbustad med heildøgns teneste (HDO-plass) er ein bustad der du får tenester etter behov, der du kan bu livet ut.

Når det gjeld omsorgsbustader utan heildøgns tenester, har Aurland kommune 28 bustader.

I heimebasert omsorg var det 103 personar som mottok tenester per 31.12.2015.

Tabell 4.3-2 Omsorgsplassar i Aurland

	Institusjonsplassar	Omsorgsbustader med heildøgns teneste (HDO-plass)	Omsorgsbustader utan heildøgns tenester
Aurland sjukeheim	24		
I den gamle sjukeheimsdelen	3		9
Flåm			8
Vårdraum			6
Vetleli		4	
Bufellesskap i den gamle sjukeheimsdelen			5
Sum	27	4	28

4.4 Ressurs- og driftsanalyse sjukeheim

Aurland sjukeheim vert samanlikna med andre sjukeheimar frå 6 kommunar. Utvalet er sjukeheimar som har same tenestetilbod som Aurland helsetun. Kriteriet for utvalet av sjukeheimar i samanlikninga er dimensjonen av tenesta, uttrykt i talet på plassar.

Tabellen under viser viktige kjenneteikn ved drifta av sjukeheimen i Aurland og sjukeheimane som er brukt i samanlikninga. I den grad tal stammar frå tidlegare rekneskap enn 2014 er dei justert etter SSB sin konsumprisindeks.

Tabellen viser store variasjonar i kostnader. Variasjonane viser at handlingsrommet kan vere betydeleg innan dei fleste områda. I det vidare vert hovudfunn frå analysen/tabellen omtala.

Tabell 4.4-1 Ressurs- og driftsanalyse av pleie- og omsorg i sjukeheim, ei samanlikning av Aurland helsetun og utvalde sjukeheimar frå fem kommunar (2014-tall).

Sykehjem	Aurland helsetun	G1	Q2	R1	M1	H1	P2	Gj.snitt
Antall plasser	27	39	32	30	28	26	24	29,4
Samlet sykefravær (i prosent)	4,7	8,4	8,4	10,6	9,85	14,02	7,0	9,00
Brutto lønnsutgifter pr. plass pr. år brukerrettet	544 372,56	548 908,27	606 470,34	910 652,13	651 643,63	687 223,26	641 888,42	655 879,80
Kostnader mat pr. plass pr. år	83 740,74	37 686,81	51 971,78	84 441,00	106 350,16	92 273,38	82 298,42	76 966,04
Vask av tøy pr. plass pr. år	27 951,78	11 036,85	14 624,19	28 241,17	16 082,04	31 938,13	10 479,92	20 050,58
Medisinsk forbruksmateriell pr. plass pr. år	11 222,22	19 677,90	15 990,41	19 784,77	9 687,38	25 474,04	21 906,17	17 677,55
Andre driftsutgifter pr. plass pr. år	40 848,15	19 839,41	26 599,56	55 835,43	26 426,26	24 266,64	14 095,38	29 701,55
Direkte brukerrettet innsats i prosent av totalen	76,87	86,15	84,74	82,87	80,43	79,80	83,29	82,02
Overtid pr. plass pr. år	16 449,26	10 686,90	10 575,59	34 917,93	15 177,66	39 031,19	12 727,96	19 938,07
Variabel lønn i prosent av totalen	15,15	26,99	24,01	26,48	15,52	38,37	34,05	25,80
Antall administrative årsverk ledelse (styrer, avdelingsleder)	1,4	1,8	1,5	1,0	1,0	1,7	1,0	1,34

Sjukefråvær

Sjukefråværet blant tilsette på sjukeheimen i Aurland skil seg positivt frå dei andre sjukeheimane i samanlikninga. Sjukefråværet er likevel så pass høgt, at det vil krevjast god planlegging og gode rutinar for å unngå at fråværet skal føre til store utgifter til vikarinneleige og overtid.

Brutto lønnsutgifter per plass per år brukarretta

I forhold til brutto lønnsutgifter per brukarretta plass (per år), er det stor variasjon mellom sjukeheimane i samanlikninga. Aurland helsetun ligg lågt i forhold til dei andre. Dette kan skyldast at talet på bebuarar er auka frå 24 til 27 utan at den faste bemanninga er auka tilsvarande. Ein låg del av tilsette med sjukepleiarutdanning, kan også vere utslagsgivande.

Kostnader mat per plass per år

Kostnader til mat rekna per plass varierer mykje frå sjukeheim til sjukeheim, men Aurland helsetun ligg her over gjennomsnittet. Kommunen har inntekter frå sal av mat frå institusjonskjøkkenet på om lag kr 500 000,- per år. I samanlikninga er verken produksjonsutgiftene eller inntektene for sal av mat, teke med i kostnader mat per plass per år

Vask av tøy per plass per år

Variasjonane i RO sitt materiale er store, men Aurland helsetun ligg også her over gjennomsnittet.

Medisinsk forbruksmateriell pr. plass pr. år

Variasjonane er også her store. Aurland helsetun ligg i det nedre sjiktet.

Andre driftsutgifter pr. plass pr. år

Aurland ligg i det øverste sjiktet. Dette vert grunnive blant anna med ein ekstraordinær kostnad til inventar og utstyr og utskifting av madrassar.

Direkte brukarretta innsats i % av totalen

Brukarretta innsats kan seiast å vere verksemda sin primære funksjon, medan funksjonar elles (tøy, forbruksmateriell osv.) kan reknast som sekundære funksjonar. Ut frå denne synsvinkelen er det eit mål at størst mogleg del av samla driftsutgifter, er innanfor brukarretta innsats. Aurland helsetun har ein brukarretta innsats i prosent av samla driftsutgifter, som ligg klart under dei andre sjukeheimane i samanlikninga. Dette skuldast blant anna at ein større del av ressursen vert brukt på leiing.

Overtid per plass per år

Ei planlagt verksemd skal svært sjeldan måtte leige inn vikarar som krev overtid. Overtid skal normalt berre vere nødvendig i ekstraordinære situasjonar, der det viser seg at inngåtte avtalar må gjerast om i siste liten. I sjukeheimsanalysen vert overtid målt som overtid i kroner per døgnplass. Samanlikna med sjukeheimane i samanlikningskommunane, har Aurland ein kostnad som ligg litt under gjennomsnittet. Ein kunne ha forventa at denne kostnaden var lågare, sett i lys av ein relativt høg pleiefaktor¹² og eit lågt sjukefråvær.

Variabel lønn i % av totalen

Samanlikna med dei andre sjukeheimane har Aurland helsetun variable lønnsutgifter under gjennomsnittet. Dette er ikkje overraskande sett i lys av det låge fråværet og den relativt høge pleiefaktoren.

Talet på administrative årsverk leiing

Samanlikninga gir også tal for leiarressurs ved sjukeheimane. I tabellen kjem dette fram som absolutte tal, og må derfor sjåast i samanheng med storleiken på sjukeheimen, for å kunne gi noko meining. Storleiken på sjukeheimane i denne tabellen går fram av talet på pasientar eller plasser. Ut frå dette kan ei mogleg samanlikning verte talet på plasser per leiar. Lågast «leiertettleik» har sjukeheim R1 med 30 plassar per leiar. Gjennomsnittleg "leiertettleik" er 21,9 plassar per leiar. Aurland helsetun har den nest høgaste "leiertettleiken" med 19,2 plasser per leiar.

Oppsummering

På bakgrunn av oppgitte rekneskapstal meiner RO, at det er mogleg å redusere driftskostnader ved Aurland helsetun. Tabell 4.4 viser sjukeheim som vert drifta med vesentlege lågare kostnader enn Aurland Helsetun. Dette gjeld dei fleste postane. Spesielt kostnader til vask av tøy, mat og andre driftsutgifter. Leiarressurs og pleiefaktor¹³ er relativt høge og kan gi rom for effektivisering.

RO rår kommunen å vurdere effektivisering innan dei områda, der Aurland helsetun har større kostnader enn gjennomsnittet.

Vidare vil RO tilrå å vurdere effektiviseringstiltak når det gjeld bemanning. Dette kan gjerast ved å revurdere arbeidstidsordningane ved sjukeheimen, samt praksis for innleige og vikarbruk (variabel lønn og overtid). Bemanningsbehov, kompetansefordeling, arbeidsmåtar og organisering av arbeidet bør også vurderast nærare.

¹² Årsverk brukerrettet per sykehjemsbeoer/pasient

¹³ Omtales nærmere i kapittel 4.5

Leiarstruktur og leiarressurs bør vurderast. Leiarressursen må svare til dei leiaroppgåvene som vert definert i stillinga. Det bør vurderast om enkelte av leiarane sine daglege oppgåver kan forenklast og/eller fordelast på annan måte.

Endring av rutinar, arbeidsmåtar, oppgåvefordeling og bruk av eksisterande datasystem, vert tilrådd.

4.5 Bemanning og pleiefaktor

Pleiefaktor er eit tal som angir forholdet mellom talet på registrerte årsverk i pleien og talet på bebuarar eller pasientar. Dersom det er 20 årsverk i ein institusjon som har 20 pasientar, er pleiefaktoren 1,0. Dersom det er 18 årsverk i den same institusjonen, er pleiefaktoren 0,9.

I ein rapport¹⁴ etter ein forvaltningsrevisjon definerer kommunerevisjonen i Oslo omgrepet slik:

“Pleiefaktor er en måleenhet for forholdet mellom registrerte årsverk til pleie og beboerne på institusjon. Det finnes ikke standard for pleiefaktor i sykehjem, verken i lov eller forskrift. I følge en rapport fra Helsetilsynet i 2000, refereres det til en allment brukt norm på ca. 0,70”.

RO registrerer at det er stor forskjell på pleiefaktor i sjukeheimane. Dei sjukeheimane som RO har vurdert dei siste åra, har hatt ein pleiefaktor mellom 0,65 og 1,15.

Låg eller høg pleiefaktor seier ikkje nødvendigvis noko om kvaliteten på dei tenestene som vert ytt på institusjonen, så lenge denne faktoren er nokolunde rundt gjennomsnittet. Forskning har heller ikkje påvist direkte samanheng mellom pleiefaktor og kvalitet.

RO har fått oppgitt at Aurland helsetun har ein bemanningsplan med 24,7 årsverk, og at disse årsverka sørgjer for pleien til 27 bebuarar. Helsetunet har i tillegg 2 lærlingar.

Dersom vi nyttar 24,7 årsverk og 27 bebuarar, vil dette gi ein pleiefaktor på 0,91. Dersom vi inkluderer lærlingane, er pleiefaktoren 0,99.

Ut frå det som RO har sagt ovanfor, så viser dette at Aurland helsetun har ein pleiefaktor som ligg godt over «landsgjennomsnittet», og det som vert referert som Helsetilsynet sin «norm» på ca. 0,7».

RO fikk ytringar både i intervjuet og på arbeidssamlingane som støtter moglegheitane til å utnytte ressursane betre ved sjukeheimen. Informantane la særleg vekt på meir samarbeid på tvers, betre «hjelpeskultur», betre bruk av fagsystem og ressursystem og betre rutinar med omsyn til innleige av vikar. I intervjuet var det ikkje i første rekkje fokus på dimensjonering av bemanninga. Fokuset var meir på vikarbruk, kompetanseutvikling, personalleiing, fagleiing og samarbeid.

4.6 Kompetanse og rekruttering

Kompetanse og rekruttering påverkar ressursutnyttinga og tenestekvaliteten. Kravet til kommunane sin kompetanse aukar i takt med utviklinga i demografi og auka forventningar til dei kommunale tenestene frå innbyggjarane og statleg myndigheit. Hilsen og Tønder (2013)¹⁵ forstår både rekruttering av nyttilsette og læring og mobilisering av kompetanse på arbeidsplassen som tiltak som, dersom gjennomført på den rette måten, fell inn under kategorien kompetanseutviklande tiltak. Mobilisering inneber tiltak for å realisere organisasjonen sine ressursar på best mogleg måte.

¹⁴ Kvalitet i sykehjem. Langerud sykehjem. Oslo kommune, kommunerevisjonen. Rapport 8/2005. Lokalisert på: <http://www.kommunerevisjonen.oslo.kommune.no/getfile.php/kommunerevisjonen/Internett/Dokumenter/dokument/forvxrevxrapp/Rapport%20nr%208.pdf>

¹⁵ FAFO v/Anna Inga Hilsen og Anne Hagen Tønder, februar 2013, "Saman om" kompetanse og rekruttering – en kunnskapsstatus. Notat for programmet «Saman om ein betre kommune».

Kompetanse er uttrykk for heilskapen av kunnskap, ferdigheiter, haldningar og evne som gjer ein person i stand til å fylle konkrete funksjonar, og utføre dei tilhøyrande oppgåvene i tråd med definerte krav og mål. Denne forståinga gjeld både formell kompetanse/utdanning og annan kompetanse som gjer arbeidstakaren i stand til å meistre arbeidet og sikre god kvalitet på tenestene som vert utført.

Hilsen og Tønder (2013) peikar på at det vil vere eit stort behov for faglærte og for personar med høgare utdanning i kommunesektoren i åra framover. Samtidig betyr dei demografiske endringane i folketalet, at tilgangen på nyutdanna arbeidskraft ikkje vil vere stor nok til å erstatte dei som går over i pensjon. Kompetanseutvikling for dei arbeidstakarane ein allereie har, vert derfor stadig viktigare. Dei hevdar vidare at kompetanseutvikling og rekruttering må sjåast i samheng og at det må vere moglegheit for etter- og vidareutdanning og for læring i det daglege arbeidet. Alt dette vil vere viktige rekrutteringstiltak.

Hilsen og Tønder (2013) peikar på at samarbeid med skolar og utdanningsinstitusjonar kan vere ein viktig måte å kome i kontakt med og rekruttere nye medarbeidarar. I fagopplæringa har også lærlingordninga eit utviklingspotensial som rekrutteringsordning.

Kompetanseutvikling handlar om å dekkje kompetansebehov gjennom medviten rekruttering av nyttilsette, og samtidig utvikle og behalde dei arbeidstakarane ein allereie har. Dermed vert det sentralt at alle medarbeidarar vert involverte i løpande lærings-aktivitet, og at dette vert planlagt og følgd opp i kommunen si arbeidsutforming og årsplanar.

RO ser av tabell 4.6.1 at Aurland kommune skil seg ut i forhold til eigen KOSTRA-gruppe og landet elles, ved å ha mange ufaglærte og få personar med høgskuleutdanna.

Tabell 4.6.1 Prosentfordeling av fagutdanning i brukerretta tenester (2014)

	<i>Fagutdanning fra VGS</i>	<i>Fagutdanning fra Høgskole/Universitet</i>	<i>Ufaglært</i>
Aurland	44,0	26,0	30,0
K16	44,0	31,0	25,0
Landet (/u Oslo)	41,0	34,0	25,0

Kilde: KOSTRA konserntall for pleie- og omsorg på nivå 2, ikke konsern (SSB, 2011-2013).

Aurland kommune har vedtatt ein overordna Kompetanse- og rekrutteringsplan 2011-2015 (KS-sak 026/10). Planen er mogen for revisjon og fleire av informantane oppgir at det er eit stort forbettringspotensiale, både når det gjeld involvering i planarbeidet og i den operative mobiliseringa og utviklinga av kompetansen i tenesta.

Det er avgjerande for ei effektiv drift framover, å arbeide med eigen kompetanse og sørgje for ei stabil rekruttering, der ny kompetanse må skaffast. Arbeidet med utvikling av eigen kompetanse og rekruttering i framtida heng nøye saman med styrking av heiltidskultur og gode arbeidstidsordningar/turnusar som sørgjer for rett kompetanse på rett stad til rett tid.

RO anbefalar at kommunen arbeider meir målretta og resultatorientert med sin kompetanseplan. Med kompetanseplan meiner RO plan for rekruttering, plan for kompetansetiltak, kompetanseutvikling og mobilisering, samt læringsmiljø og kompetansedeling. Involvering og gjennomføring vert etterlyst av fleire informantar.

I intervjuet har RO gjennomført, vert det understreka kor viktig det er å rekruttere fagfolk i framtida. Informantane er elles meir opptekne av kompetansemobilisering og utvikling. Fleire legg vekt på at det er eit forbedringspotensiale med omsyn til fagutvikling, deling av kompetanse, læringsmiljø og samhandling.

4.7 Turnus og arbeidstid

Det er etablert eigne turnusar for helsetunet, heimebasert omsorg (sone 1 og sone 2), Vårdraum, Vetleli og kjøkkenet. Det er tradisjonelle turnusar med mange tilsette på deltid. Bemanninga vert vurdert av RO til å vere romsleg, samanlikna med anna verksemd RO har vore inne i. Dette gjeld både helsetunet og heimebasert omsorg.

Ledige stillingar, mykje deltid og tradisjonell turnus gjer i seg sjølv drifta sårbar med omsyn til kompetanse og kontinuitet overfor brukarar, pasientar og tilsette.

Gjeldande arbeidstidsordning synest ikkje å vere robust og føreseieleg. Bemanning i helg og fordeling av kompetanse er ei utfordring. I Vetleli (pu bufellesskap) er det etablert ordning med langvakter i turnus, og det skal prøvast ut med langvakter på helg ved Vårdraum (pu+psykiatri) frå 01.06.16. Det er og diskusjonar i heimesjukepleien om ein skal prøve langvakter på helgene der.

Kor godt ein greier å bemanne helg og kor godt ein greier å bruke kompetansen riktig, heng saman med kva arbeidstidsordningar som er valt. Ei føreseieleg og robust arbeidstidsordning skal vareta fleire behov. Den skal vareta bebuarane sine behov for kvalitet og kontinuitet, dei tilsette sine behov, jf. lov og avtaleverk, og den skal vere ressurseffektiv og innanfor gjeldande økonomiske ramme.

RO anbefalar at gjeldande arbeidstidsordning vert teke opp til vurdering, og at det vert gjort forsøk med alternative arbeidstidsordningar. RO har god kjennskap til forsøk med bruk av lange vakter i pleie- og omsorgstenestene, og vil spesielt anbefale å vurdere ei slik ordning.

Med langturnus vert det meint, eit breitt spekter av arbeidstidsordningar, der arbeidstakarane jobbar lange vakter fleire dagar i strekk, etterfølgt av fri-periodar. I arbeidstidslitteraturen vert omgrepet «komprimert arbeidstid» brukt (Olberg 2010). Mange av langvaktturnusane som er innført i pleie- og omsorgssektoren dei siste åra, er sett opp med to vaktskifte i døgnet. Dei mest komprimerte langturnusvariantane, inklusiv heildøgnturnus, har dei mest tilfredse medarbeidarane og desse er nesten berre tilsett på heiltid. Desse turnusane er også gode for brukarane. Langturnus som berre vert nytta i helg, har ikkje like stor positiv effekt. Ein del av desse turnusane skil seg frå det Arbeidsmiljølova slår fast, når det gjeld arbeidstid, og krev ei meir omstendeleg sakshandsaming før dei kan godkjennast.

Dei fleste alternative arbeidstidsordningar kan også vere gode verkemiddel for å redusere omfanget av uønskja deltid blant tilsette med fag- og høgskuleutdanning. Det er elles store skilnader mellom dei ulike arbeidstidsordningane når det gjeld potensiale for heiltidsstillingar og når det gjeld reduksjon av det som måtte vere av uønskja deltid, sett frå eit teneste- og brukarperspektiv.

4.8 Heiltidskultur

Bemanninga i PRO-tenestene i Aurland er som følgjer:

Tabell 4.7-1 Bemanning (heiltid/deltid) *Inkl. små helgestillingar ** Eksklusive 2 lærlingar

	Årsverk	Ansatte	Heltidsansatte
Heimebasert omsorg sone 1 og sone 2	15,1	25*	4 (16,0 %)
Aurland helsetun	24,7**	51*	9 (17,6 %)
Kjøkken	2,9	4	1 (25 %)
Vetleli (pu)	8,4	13	1 (7,7 %)
Vårdraum (pu og psykiatri)	2,9	8*	0 (0 %)
Vårdraum (pu og psykiatri) (etter 01.06.2016)	5,7	?	?

Som det går fram av tabell 4.7-1, er dette ei teneste som i stor grad vert prega av deltidstilsettingar.

I ein rapport frå programmet "Saman om ein betre kommune"¹⁶ er det teke opp korleis faktoren heiltidskultur kan påverke ressursutnytting og tenestekvalitet.

«Både partene i arbeidslivet og myndighetene er enige om å normalisere heltidsarbeid, og redusere omfanget av deltid. Dette fører til at arbeidstakerne ikke lenger er alene om å definere «uønsket deltid». Dette følger av at både arbeidsgiverinteresser og brukerinteresser kan oppfatte deltid som uønsket der ansatte har ment at det har vært ønsket. I et arbeidsgiverperspektiv gir deltidsstillinger muligheter for såkalt numerisk fleksibilitet. Det betyr at arbeidskraften tilpasser seg variasjoner i arbeidsbehovet og varierer arbeidstid og arbeidsmengde deretter. Ulempen er at små stillinger kan skape problemer med å rekruttere og beholde kvalifisert arbeidskraft. Arbeidsplasser som ikke kan tilby hele stillinger, svekker både bransjen og fagets omdømme blant fremtidige utdannings- og arbeidssøkere. De små stillingene stjeler også ressurser fra ledere og erfarne kollegaer som kunne ha vært brukt mer produktivt. For å unngå disse ulempene kan arbeidsgivere fremme den såkalte funksjonelle fleksibiliteten, eksempelvis ansatte som varierer arbeidsoppgaver og arbeidstid slik at jobbinholdet varierer.»

Forholdet mellom arbeidstid og tenestekvalitet har lenge stått i skuggen av spørsmålet om arbeidstakarrettigheter og arbeidsgivar sine fastlønnsutgifter. I debatten den siste tida, er også kvalitetsperspektivet kome fram, det kanskje viktigaste argumentet for å utvikle nye arbeidstidsordningar i pleie- og omsorgssektoren. I Fafo-rapporten Heltid-deltid – en kunnskapsstatus (2013)¹⁷, vert det hevda at:

«Små stillinger bidrar til en fragmentert tjeneste og virker direkte negativt inn på tjenestekvaliteten når omfanget er stort. Mange av brukerne har behov for stabile

¹⁶ KRD Saman om ein betre kommune, Deloppdrag 1 – Gjennomgang av kommunenes årsrapportering 2012, pulje 1, rapport 19. mars 2013.

¹⁷ Leif E. Moland, Heltid-deltid – en kunnskapsstatus, Begrunnelser og tiltak for å redusere omfanget av deltid og organisere for heltidsansettelser. Fafo-rapport 2013:27.

tjenesteutøvere som de kjenner og som kjenner dem. En virksomhet som satser på heltidsstillinger har lettere for å trekke til seg kompetent arbeidskraft og holde på den. Den vil ha lettere for å utvikle gode fagmiljøer, og for å legge opp en tjeneste «med bruker i sentrum». Dermed sikres både kompetent arbeidskraft og en mer brukervennlig anvendelse av arbeidskraften.»

Rapporten viser til tiltak for å redusere omfanget av små stillingar og uønskja deltid. Dei fleste tiltaka for å gi tilsette større stillingar i helse- og omsorgssektoren, er sette i verk utan organisatoriske grep. Det vil seie utan å endre organiseringa av arbeidet, fordeling av arbeidsoppgåver eller organisering av arbeidstida. Utan å gjere noko med desse rammevilkåra for deltidsstrukturen, har dette ikkje ført til anna enn sporadiske resultat for enkelte tilsette. Tiltak utan organisatoriske endringar har, f.eks. vore å tilby auka formal- eller realkompetanse til tilsette for blant anna å kunne få nye arbeidsoppgåver eller gå inn i nye roller.

Jobbing på tvers av tenestestader er ein annan måte å nytte dei tilsette sine ressursar meir fleksibelt på, ved å auke den tilsette si oppgåvebreidde. Svært mange kommunar oppgir å ha forsøkt kombistillingar som ledd i arbeidet med å redusere uønskja deltid. Men det har ikkje gitt nemneverdige resultat. Mange leiarar opplever at tilsette ikkje vil ha større stilling (likevel), dersom det føreset ulike former for kombijobbing. Tilbod om opplæring og kompetanseutvikling og leiarar med gode motivasjonsevne kan kome godt med i ein slik situasjon.

I desember 2015 gjennomførte Aurland kommune ei undersøking blant tilsette om uønskja deltid. Resultatet av undersøkinga viste at det først og fremst er innan pleie og omsorg, at det er mange som ønskjer auka stillingsprosent/heiltid.

Kommunen har eit arbeidskraftpotensiale som ikkje vert utnytta eller som vert utnytta på ein kostnadsdrivande og lite føreseieleg måte.

Stort omfang av deltidsstillinger har mange negative konsekvensar, både for brukarane, den tilsette sjølv, kollegaer og for leiinga.

RO kan ikkje uttale seg om i kor stor grad det er jobba aktivt for å etablere ein heiltidskultur i tenesta. I fleire av intervjua RO har gjennomført, vert det ytra klare ønske om å arbeide meir målretta med å få etablert ein heiltidskultur.

RO vil peike på at det å etablere ein heiltidskultur er særskild viktig for å kunne yte gode tenester og for å sikre framtidig rekruttering til dei mest sårbare tenestene i kommunen. Dessutan gir det ut frå erfaring betre kvalitet og større kostnadseffektivitet.

4.9 Sjukefråvær

Ein annan viktig faktor som påverkar ressursutnyttinga og tenestekvaliteten, er sjukefråværet. Forsking på sjukefråvær / nærvær viser at det er mykje kunnskap om risikofaktorar, altså kva for faktorar som kan bidra til å skape sjukefråvær, og noko om kva som bidreg til å skape helsefremjande arbeidsplassar. Det som det er minst kunnskap om, er kva for effekt ulike tiltak har på sjukefråvær/ nærvær. Det er likevel liten tvil om at høgt fråvær/ lågt nærvær bidreg til at ressursane ikkje vert utnytta optimalt og at tenestekvaliteten vert påverka.

Fråværs- og nærværs-arbeid er ein kontinuerleg prosess som det må haldast tak i, og den må vere godt forankra på alle nivå i organisasjonen. Det vert utført mykje og godt sjukefråværs-arbeid i

norske kommunar, men Odeen m.fl. (2013)¹⁸ hevdar at ein kanskje heller burde fokusere på langsiktige tiltak som bidreg til helse og jobbtilfredshet, framfor å teste ut ulike reiskap for å oppnå ein rask reduksjon i sjukefråværet.

Sjukefråvær er eit komplekst felt, der løysingar må finnast på ulike nivå og arenaer. Samtidig tydeleggjer forskinga at mange av risikofaktorane er knytt til trekk ved arbeidet og forhold på den enkelte arbeidsplass.

Enkelte studiar anslår at så mykje som 40-50 % av langtidsfråværet er arbeidsrelatert (Osborg, Ose m.fl. 2006)¹⁹. I tillegg viser forskinga at arbeidsmiljøfaktorar generelt forklarar meir enn individuelle livsstilsfaktorar. Arbeidsmiljøfaktorar betyr mindre for sjukemeldte sin tilbakekomst til arbeid di lengre ein person er fråverande frå jobb. Mange av desse faktorane ser også ut til å bidra til dårleg psykisk helse. (Major m.fl. 2011:1)²⁰

Det er få studiar som undersøker leiinga sin direkte effekt på medarbeidarane si helse, men mange undersøkingar viser til leiarskapet sin indirekte effekt på medarbeidarane si helse (Lise Lien 2013).

Tabell 4.9-1 Sjukefråvær i PRO-tenesta 2015 og 2016

	2015	Pr 11.03.2016
Heimebasert omsorg , sone 1 og sone 2, Heimesjukepleie	9,2%	4,4%
Heimebasert omsorg , sone 1 og sone 2, Praktisk hjelp	6,5%	5,1%
Aurland helsetun inkl. kjøkken	5,7%	3,3%
Vetleli	9,1%	1,6%
Vårdraum	6,1%	1,0%

Fråvær kostar. Kostnadene er knytt til innleige av vikarar og dei konsekvensar dette har for brukaren, tilsette og leiarar. Kostnadene aukar, kvaliteten søkk, og heile situasjonen vert mindre føreseieleg. Fråvær fører ofte til skeiv kompetanse og slik fører fråvær til meirbelastning på kollegaer og leiarar.

Terskelen for innleige og rutinane som vert følgt, er avgjerande for kor store kostnader som er knytt til fråvær. Det er etter RO sin oppfatning, grunnlag for å hevde at terskelen for innleige er noko ulik i Aurland, og at det er rom for effektivisering med omsyn til rutinar for innleige og bruk av fagsystemet.

¹⁸ Odeen, M., Magnussen, L.H., Maeland, S., Larun, L., Eriksen, H.R. og Tveito, T.H. (2013): Systematic review of active workplace interventions to reduce sickness absence. Occupational Medicine 2013; 63:7-16. Advance Access publication 5 December 2012 doi: 10.1093/occmed/kqs 198.

¹⁹ S. Osborg Ose, H. Jensberg, R. Eidsmo Reinertsen, M. Sandsund og J.M. Dyrstad (2006): Sykefravær. Kunnskapsstatus og problemstillinger. SINTEF Helse Gruppe for arbeid og helse

²⁰ Major, E.F., Dalgard, O.S., Schjelderup Mathisen, K., Nord, E., Ose, S., Rognerud, M. og Aarø, L.E. (2011): Bedre føre var... Psykisk helse: Helsefremmende og forebyggende tiltak og anbefalinger. Folkehelseinstituttet. Rapport 2011:1.

4.10 Leing og administrasjon

Etter RO si oppfatning er ressursane som er sett av til leing og administrasjon i tenesta, relativt høge. Oversikt over leing og administrasjon i PRO-tenesta går fram av tabell 4.10-1.

Tabell 4.10-1 Administrative årsverk i omsorgssektoren i Aurland

	Einingsleiar	Avdelingsleiar	Administrasjon
Pleie, rehabilitering og omsorg	1		2
Aurland sjukeheim		1,2	
Kjøkken		1	
Sone 1		1	
Sone 2		1	
Spesialomsorg ²¹			
Sum	1	4,2	2

Det er nyleg vedteke at tenester som NAV tidlegare har hatt ansvar for, skal overførast til PRO-tenesta. Spesialomsorga står også framfor endringar med det første. Dette medfører fleire arbeidsoppgåver og funksjonar, og vil få innverknad både på leiingsfunksjonar og på administrative prosessar.

Det vil etter RO si oppfatning, vere tenleg å vurdere både leiarressurs, organisering og administrasjon i samband med nemnde endringar og nye oppgåver.

I pleie- og omsorgssektoren i Noreg er det eit kjent fenomen at leiarar bruker ein vesentleg del av tida si til å ringje etter vikarar og sørge for at den daglege drifta går rundt. Det er etter RO si oppfatning, mogleg for PRO-tenesta å effektivisere leiarfunksjonane ved å standardisere rutinane for innleige, nytte fagsystema fullt ut, redusere talet på deltidsstillingar og etablere robuste og føreseielege arbeidstidsordningar.

²¹ Delt mellom sone 1 og sone 2.

5. Kvalitativ analyse

Datagrunnlaget for den kvalitative analysen er henta frå:

- Intervju og samtalar med eit utval av tilsette, tenesteleiarar, politisk og administrativ leiing, aktuelle nøkkelpersonar i organisasjonen, tillitsvalde og representantar frå eldrerådet.
- Eit personalmøte den 13. april for tilsette i pleie og omsorg.
- Arbeidet i oppnemnd arbeidsgruppe, representativt samansett frå dei ulike fagområda, leiarnivå, tillitsvalde og andre aktuelle funksjonar innan pleie og omsorg.
- Strategisamling/Økonomiplanseminar i samband med starten av arbeidet med rullering av kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020. Målgruppe for dagen var politikarar, leiarar og tillitsvalde og verneombod.

5.1 Ein organisasjon mogen for endring

Gjennom intervju kom det fram tre tydelege behov i organisasjonen Aurland kommune. Det første behovet som RO fikk klare indikasjonar på, er at Aurland kommune er ein organisasjon som er mogen for endring. Det er mange som tenkjer endring på fleire nivå i organisasjonen, men akutte hendingar, strakstiltak, uklare avgjerdsvegar og god økonomi bidreg til å utsette å gjennomføre dei naudsynte endringstiltaka.

Det andre behovet er ønsket om meir samarbeid internt i avdelingane, mellom avdelingane, på tvers av nivå i kommunen og med samarbeidspartar. Det er særleg behov for eit samarbeid mellom politisk og administrativ leiing når det gjeld retning for utvikling av PRO-tenesta. Dette krev samarbeid om prioritering og gjennomføringskraft.

Det tredje behovet er felles grunnhaldning og fagleg påfyll. Dei til dels store endringane som skjer i PRO-tenestene, krev at den interne dialogen fungerer i organisasjonen. Dette er viktig både for kompetanseheving, arbeidsmåtar og tenesteåtføring.

Informantane som rådgivarane frå RO snakka med, var samstemte om at det er behov for felles fagleg påfyll for grunnhaldning og kvalitet i tenesteytinga. Det vart framheva at einigheit om utviklingsretning i PRO-tenesta ville lette samarbeidet i vekslingsfeltet mellom dei ulike nivåa i tenesta og samarbeidet om heilskaplege tenesteforløp.

5.2 Framtidig omsorgstrapp og forvaltningspraksis

I arbeidsgruppa vart det arbeid med framtidig omsorgstrapp og tenestetildeling i tillegg til gjennomgang av analysane.

Framtidig omsorgstrapp

Tanken med å framstille tiltaka i omsorgskjeda som ei tenestetrapp, er at det må vere flytande overgangar mellom dei ulike trinna. Korttidsopphald er ei teneste som er uavhengig av om ein har tenester frå før eller ikkje. Korttidsopphald inneber behandling, rehabilitering eller utgreiing for å takle eigen livssituasjon, eller for vidare behandling på eit anna nivå. Målet er å yte tenester som gir personen støtte til å meistre kvardagen i eigen heim, både for dei med størst behov for lindring og pleie, og dei som treng assistanse gjennom heile livet.

Tabell 5.2-1 illustrerer tre alternativ for framskriving av behovet for plassar med heildøgns tenester i Aurland kommune, med utgangspunkt i prosent av innbyggjarar 80 år eller eldre.

Ein omsorgsbustad med heildøgns teneste (HDO-plass) er ein bustad der du får tenester etter behov, der du kan bu livet ut. Kommunane kan setje saman heildøgns plassar, både av institusjonsplassar og

HDO-plassar. Det er kommunen sjølv som vel kombinasjonen. Dekningsgrad er rekna ut frå plassar per innbyggjar 80 år eller eldre.

Når det gjeld omfang av omsorgsbustader utan heildøgns teneste, må dette sjåast i samanheng med den ordinære bustadbygginga og bustadsosial handlingsplan.

Dersom kommunen vel å satse på same dekningsgrad som i 2015, vil kommunen trengje 9 nye institusjonsplassar i 2030 og 16 nye 2040. Behovet for HDO-plassar vil vere 8 i 2030 og 11 i 2040, etter alternativ 1. I 2016 har kommunen 4 HDO-plassar og 27 institusjonsplassar.

Alternativ 2 er ei framskriving til 2020. Fram til da har Aurland kommune ei bindingstid på 20 år, for at plassane skal driftast som institusjonsplassar, slik tilskotet frå Husbanken var tufta på, i samband med bygging av 24 institusjonsplassar i 2000. Dette inneber at kommunen i alternativ 2 treng 10-11 HDO-plassar, minus dei 4 HDO-plassane som kommunen har.

Alternativ 3 er ei framskriving frå 2020 til 2040, da kommunen kan avgjere sjølv korleis plassar med heildøgns tenester skal setjast saman. Her fungerer plassane ved sjukeheimen som korttids plassar for behandling, rehabilitering og utgreiing. Tilbod om avlastning vert gitt i omsorgsbustad. I alternativ 3 treng kommunen 28 HDO-plassar i 2030 og 39 i 2040.

Tabell 5.2-1 Tre alternativ for framskriving av plassar med heildøgns tenester

Framskriving av folketal (80+) og plassar med heildøgns tenester i 3 ulike alternativ	2015	2020	2030	2040
Innbyggjarar 80+	116	112	147	182
Alternativ 1 – som i 2016*				
Plassar institusjon + HDO 28 % av 80+	32	31	41	51
Plassar institusjon 22 % av 80+	27	26	33	40
Konsekvens: Utbygging institusjonsplassar	3	2	9	16
Konsekvens: Behov HDO-bustader	5	5	8	11
Alternativ 2 – fram til 2020**				
Plassar institusjon + HDO 30 % av 80+	35	34		
Plassar institusjon	24	24		
Konsekvens: Behov HDO-bustader	11	10		
Alternativ 3 – etter 2020***				
Plassar institusjon + HDO 30 % av 80+			44	55
Plassar institusjon			16	16
Konsekvens: Behov HDO-bustader			28	39

*Ureviderte KOSTRA-tal 2015 per 9.april 2016.

**Bindingstid for tilskot til 24 institusjonsplassar frå Husbanken i 2000.

***Kommunen avgjer sjølv samansetting av plassar i institusjon og HDO-bustader.

Ei utgreiing på oppdrag frå KS²² om dekningsgrad av heildøgns omsorg, er ei av anbefalingane at planlegginga på nasjonalt nivå bør primært rettast mot ein reduksjon av institusjonsplassar, og ikkje ein auke. Grunngevinga er at det er ei slik utvikling på gang, der tenestene i heimen vert bygd ut, at det vert lagt vekt på meistring, og at eldre skal ta ansvar for eigen bustad.

²² VID vitenskaplige høgskole/Agenda/Kaupang (april 2016): Heldøgns omsorg – kommunenes dekningsgrad med undertittel Færre institusjonsplasser, mer omfattende hjemmetjenester

Bu-tilbod til eldre er 50 prosent høgare i Noreg enn i resten av Norden. Samanlikninga mellom dei nordiske landa gir ein indikasjon på at det er mogleg å etablere eit tilbod med lågare dekningsgrad også i Noreg. I anbefalingane heiter det vidare at for kommunane, vil vere viktigast å fokusere på det samla behovet for bustader som skal byggjast i kommunal regi, og sørge for at bustadane er eigna til fleksibel bruk. Og at eit skilje mellom eigenskapar ved bustaden og vedtak gitt til brukarane, kan vere eit viktig grep som grunnlag for meir presis kommunal planlegging.

Gode bustader for eldre reduserer behovet for bygging i kommunal regi. Mange kommunar ser heildøgnsstilbodet i samanheng med andre tilbod til eldre. Erfaringane viser at sentrumsnære bustader, er attraktive for personar over 50 år. Det er viktig at bygging av omsorgsarenaer, i privat eller kommunal regi, vert sett i samanheng med kommunen sitt ordinære bustadbyggeprogram og bustadsosial handlingsplan.

I forslag til revidert statsbudsjett 2016, foreslår regjeringa ny investeringsordning for heildøgns plassar frå 2019, når det gjeld tilskot frå Husbanken. Endringa inneber at det berre vert gitt investeringstilskot som gir netto tilvekst til heildøgns omsorgsplassar, at det totale talet på heildøgns plassar i kommunen skal auke. For å sikre at kommunar som fortsatt har behov for å modernisere eksisterande bygningsmasse, skal ha moglegheit til det, vil regjeringa gradvis fase inn den nye ordninga i budsjetta for 2017 og 2018.

Tabell 5.2-2 Framtidig dimensjonering av plassar med heildøgns tenester i Aurland

	2016	2020	2030	2040
Innbyggjarar 80+	116	112	147	182
Plassar institusjon	24	24	16	16
Omsorgsbustader	10	10	28	39
Sum 30% av 80+	34	34	44	55

Framtidig omsorgstrapp er bygd opp i samsvar med Helse- og omsorgstenestelova (figur 5.2-1). Når det gjeld behovet for tilrettelagte bustader, er dette også avhengig av kapasiteten i heimebasert omsorg, kvardagsrehabilitering, samarbeid med frivillige og bruk av velferdsteknologi.

Figur 5.2-1 Framtidig omsorgstrapp



Forvaltningspraksis og tenestetildeling

Enkeltvedtaket er brukaren si rettssikkerheit. Det er innhaldet og kvaliteten i enkeltvedtaket som gir brukaren rett til å få assistanse/bistand. Kvaliteten på grunngevinga i enkeltvedtaket gir brukaren grunnlaget for å klage, både når det gjeld omfang av tildelte tenester, organisering av tenesta og mangel på medverknad i utforminga av tenesta og i sjølve tenesteytinga. Økonomisk sett er det gevinst i å treffe brukaren sitt reelle behov for bistand i tenestetildelinga. Når tenesta møter det reelle behovet, kan dette hindre mistilpassing og/eller utfordrande åtfærd.

Når det gjeld tildeling av tenester, skal dette byggje på kartlegging av brukaren sitt behov for bistand. Dette gjeld assistanse til personlege gjeremål, assistanse i sosiale situasjonar og ikkje minst aktivitet ut frå interesser som gir meining og oppleving av meistring. Enkeltvedtaket skal innehalde grunngeving for kvifor omfang og innhald i tenesta vert gitt. Kartlegging av funksjonsnivå (IPLOS) og samarbeid med brukar/pårørande er viktig av omsyn til å treffe det reelle behovet for assistanse og individuelt retta utforming av assistansen. Det må leggjast vekt på det overordna målet med bistanden for å oppnå den nødvendige fleksibiliteten i tenesteytinga. Når vedtaka vert for detaljerte, vert rommet for fleksibilitet i tenesteytinga lett for lite for nødvendige tilpassingar, både når det gjeld livet til brukaren, familiesituasjonen og årstider.

Aurland kommune har starta arbeidet med å betre søknadsprosessen, kartlegging av behov og rutinar og føringar for tildeling, på bakgrunn av revisjonsrapport 2014/2015. Det er inntaksnemnda som handsamar innkomande søknader frå innbyggjarane som har behov for PRO-tenester.

Inntaksnemnda har følgjande samansetting:

- Tenesteleiar/PRO-leiar i kommunen
- To soneleiarar, som har ansvar for heimebaserte tenester
- To avdelingsleiarar, som har ansvar for dei tre avdelingane ved sjukeheimen
- Fysioterapeut
- Tilsynslege
- Sekretær

Ved behov er også ergoterapeut med i arbeidet.

Det er særleg to forhold som arbeidsgruppa la vekt på: Ei grundig kartlegging og systematisk evaluering av utvikling i tenestebehovet og om enkeltvedtaket samsvarar med faktisk ytt teneste. I kartlegginga vart det understreka, at å identifisere brukaren sitt nettverk og å finne det reelle behovet for bistand/assistanse, er avgjerande for innhaldet i tenesta. Dette inneber ei omlegging av arbeidsmåten i samtalanene og kartlegginga av behovet, med større fokus på brukaren sin heilskaplege situasjon og vurdering ut frå eit ressursperspektiv. I utforminga av tenesta vert det viktig å samarbeide med brukar og brukar sitt nettverk, når brukar ønskjer det.

Med stadig raskare utskrivningstakt frå sjukehus, er det viktig at sjukeheimen vert prioritert til korttidsfunksjonen framfor sjukeheimen som buform. Slik kan kommunen unngå "unødvendig" sjukehusinnlegging, særleg av eldre som elles får heimebaserte tenester.

5.3 Ei berekraftig PRO-teneste

Innhaldet i strategisamlinga (økonomiplanseminaret) var utfordringar sett frå politisk ståstad, den økonomiske situasjonen i kommunen ut frå KOSTRA 2014, og RO sin presentasjon av analysar og førebelse funn i gjennomgangen av PRO-tenesta. Det vart vidare gjennomført drøftingar i grupper og plenum med følgjande problemstilling:

- A. Kva grep tar vi for å drive kostnadseffektive tenester av god kvalitet?
- Når det gjeld nivå og terskel for tildeling av tenester?
 - For å få bort flaskehalsar i tenesta?

Når det gjeld nivå og terskel for tildeling av tenester, er signala frå seminaret at terskel for tildeling av tenester må hevast, eller bli meir målretta mot brukaren sitt reelle behov. Dette gjeld ved første tildeling og i overgangen mellom heimebaserte tenester og institusjonstenester. Føremålet med tenestene og evaluering av tenestene undervegs må vektleggjast. Vidare er det viktig for tenestenivået, at kommunen har tilrettelagte bustader (HDO-plassar) som gjer det mogleg å auke tenesta etter kvart som behovet aukar.

Eit anna innspel er organiseringa av heimebasert omsorg i team, både av omsyn til køyreavstand og færre tenesteytarar per brukar. Tverrfagleg samarbeid og samarbeid med pårørande og frivillige vert og nemnd som viktige omsorgsressursar.

For å ha nok korttidsplassar, er det viktig at korttidsopphaldet har ei tydeleg målsetting som er kjend både for dei som yter tenestene og tenestemottakar sjølv. Tilsette i PRO-tenesta si haldning og kompetanse er viktig for engasjement og motivasjon i tenesta. Ein attraktiv arbeidsplass er også den beste enkeltfaktoren i rekrutteringsarbeidet.

B. Kva grep tar vi for å møte framtida si omsorgsteneste?

- Samarbeid med brukar, pårørande og andre samarbeidspartar.
- Tidleg innsats/kvardagsrehabilitering.
- Velferdsteknologi.
- Bustad og buform.

Det skal leggjast meir vekt på helsefremming og førebygging, med von om mindre behov for behandling seinare. Helsefremjande og førebyggjande arbeid inneber aktsemd, tidleg innsats og samspel med personen som treng assistanse. I utviklinga av PRO-tenesta er det utvikla mange ulike metodar for brukarmedverknad, som individuell plan, ulike former for brukardialog og nettverksmøte med brukar i førarsetet. Temaet brukarmedverknad vert meir aktuelt, etter som prognosane viser auke i talet på dei som treng tenester, og nedgang i talet på dei som skal yte PRO-tenester. Samspelet med ho eller han som treng bistand, er avgjerande for å målrette tenesta og auke meistringa i kvardagen.

Kvardagsrehabilitering inneber å utløyse personen sin motivasjon og eigne ressursar gjennom kartlegging av interesser og ønske for eiga meistring. Slik vert det lettare å gi rett hjelp til større grad av sjølvstende og betre livskvalitet. Tenkinga og verdiane bak organiseringa av tenestene som brukarstyrt personleg assistanse (BPA), er eit tenleg fundament for å tenkje nytt om korleis hjelpa kan ytast. I BPA sitt verdigrunnlag vert det engelske ordet empowerment brukt. Empowerment i denne samanhengen inneber å ta styring over dei faktorane som er helsefremjande eller gjer frisk.

Velferdsteknologi – ein ny ressurs. Hagen-utvalet definerer velferdsteknologi slik:

- Velferdsteknologi er teknologisk assistanse som bidreg til auka tryggleik, sikkerheit, sosial deltaking, mobilitet og fysisk og kulturell aktivitet, og styrker den enkelte si evne til å klare seg i kvardagen, til tross for sjukdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsett funksjonsevne.
- Velferdsteknologi kan også fungere som støtte til pårørande og elles bidra til å forbetre tilgjenge, ressursutnytting og kvalitet på tenestetilbodet.
- Velferdsteknologiske løysningar kan i mange høve førebyggje behov for tenester og innlegging i institusjon.

Velferdsteknologien vil ikkje åleine vere avgjerande for omsorgstenesta si evne til å møte framtida. Ei ny og framtidsretta omsorgsteneste vil også krevje større fagleg breidde med sterkare vekt på aktivisering, rehabilitering og nettverksarbeid. I nettverksarbeidet møter det offentlege dei frivillige som ein viktig ressurs.

Det er mange praktiske problem som melder seg, når det offentlege skal samarbeide med frivillige. Korleis skal kommunen sikre at motivasjonen hos menneske som ikkje får lønn for sin innsats, og som kan slutte utan varsel, kan vare ved. Så er det uroa for kvalitetssikringa av tenestene, som er kommunen sitt ansvar, og spørsmålet om dei frivillige fortrenger lønna arbeidskraft.


Det er viktig å halde fast ved at frivillig innsats er tufta å engasjement hos dei som ønskjer å gjere ein forskjell for brukarane og tenesta, ikkje på økonomisk vinning. Frivillige er eksponentar for ein ny måte å tenkje offentleg velferd på. *"Ut med tanken om å hjelpe. I stedet skal vi skape verdi sammen"*, uttalar ekspert i offentlig innovasjon, Christian Bason i Danmark. Han meiner at framsynte leiarar har slept vi-åleinevite-tenkinga, og samarbeider meir med borgarane om korleis dei skal støttast til å ha det livet, dei gjerne vil. Dermed vert borgarane meir sjølvhjelpne, og kommunen sparer pengar.

Å lukkast med å utløyse den frivillige ressursen, handlar om å skape gode overordna rammer og om å vere i ein kontinuerleg og likeverdige dialog med dei frivillige. Det er viktig å anerkjenne og å rose, men enda viktigare kontinuerleg å halde fokus på det som er meininga med det heile.

Ei berekraftig PRO-teneste er ei teneste som møter verkelege menneske med verkelege løysingar²³.

²³ Fritt etter ordførar Noralv Distad i økonomiplanseminaret 13. april 2016.

Sak 11/2016
vedlegg 4



**Aurland
Energiverk AS**

Årsmelding og rekneskap 2015

Driftsåret 2015 • 20. driftsår



Arbeid for E-CO i fjellheimen. Foto Ch. Kjærvik

2

Framsida:
Ettersnøring av linje Loven.
Foto Stian E. Bjørnstad



Læling Olav Finden Skaim på
veg opp!
Foto Ch.Kjærvik

GENERELL OVERSIKT

Aurland Energiverk AS

Aurland Energiverk har ansvaret for straumforsyninga innan Aurland Kommune, med unntak av området Myrdal-Hallingskeid og Uppsete-Langevassosen. Desse områda vert forsynt av høvesvis EB-Nett og Voss Energi.

Aurland Energiverk er eigd av Aurland Kommune og vert drive frå Aurland. Drifta omfattar distribusjon og omsetnad av elektrisk kraft, samt det som høyrer naturleg til dette.

ORGANISASJON - ADMINISTRASJON

Selskapsform

Aurland Energiverk AS er organisert som aksjeselskap. Aksjekapital pr. 31.12.15 var kr 11 360 000,- fordelt på 22 720 aksjar. Aurland kommune 100 % eigar i Aurland Energiverk AS

Generalforsamling

Generalforsamling i 2015 for Aurland Energiverk AS vart halde den 20. mai 2015. På generalforsamlinga var alle aksjane representerte. Generalforsamlinga handsama ni saker. Generalforsamlinga fekk ei generell orientering om drifta i Aurland Energiverk AS, og dei selskapa ein er medeigar i.

Styret.

Aurland Energiverk AS vert leia av eit styre på fem medlemmer som vert valde av generalforsamlinga. Ein av desse medlemmane med personleg varamedlem, vert vald blant dei tilsette.

Etter styrevalet på generalforsamlinga den 20. mai 2015, har styret hatt slik samansetjing:

Ottar Steine	Styremedlem	vald til	2017
Auhild Rogdo	Styremedlem	"	2017
Lillian T. Skjerdal	Styremedlem	"	2016
Johannes Dalsbotten	Styremedlem	"	2016
Kai Andre Ohnstad,			
tilsettrepresentant	Styremedlem	"	2016
Sturle Ryum	Varamedlem	"	2016
(1. varamedlem)			
Ingrid Steine Bortne	Varamedlem	"	2017
(2. varamedlem)			
Bård S Bjørgum	Varamedlem	"	2016
(varamedlem for tilsettrepresentant)			


Generalforsamlinga valde Ottar Steine til styreleiar og Auhold Rogdo til nestleiar. Funksjonstid er eitt år.

Det er i 2015 halde 8 styremøte, som har handsama 21 saker.

Administrasjon.

Aurland Energiverk AS kjøper administrative tenester hjå Lærdal Energi. (Desse funksjonane er merka med grønfarve i organisasjonskartet). Dette inkluderer kundeservice og økonomifunksjonar. Aurland Energiverk AS har alle sine funksjonar samla i eit kombinert lager- og administrasjonsbygg i Lovishagane.

Det er avtale om felles DLE-funksjon og felles vaktordning mellom Aurland Energiverk AS og Lærdal Energi. Dette er vist i organisasjonsplanen som viser samspelet i begge selskapa.



Vår felles vaktordning for begge bygdene har vist seg å fungere bra.

Revisjon.

Revisjonsarbeidet har vore utført av Ernst & Young, ved Atle Terum.

Personale.

Desse var tilsett pr. 31.12.15:

Helge Morten Vangen	Everksjef
Lars Loven	Nettsjef
Roar Vindedal	Drifts Ingeniør
Rune Aasen	Teknikar
Britt Nancy Hagen	Sekretær/Kundehandsamar, deltid
Hans Erik Vikøren	Overmontør
Kai Andre Ohnstad	Montør
Bård Skålnes Bjørgum	Montør
Stian Eriksen Bjørnstad	Montør
Christian Kjærvik	Montør
Olav Finden Skaim	Lærling

Medeigar i andre verksemdar, medlemskap i andre organisasjonar.

Aurland Energiverk AS eig i følgjande selskap:

Lærdal Energi AS med 4,76 % av aksjekapitalen.

Lærdal og Aurland Grønnkraft AS med 33,3 % av aksjekapitalen.

SEIS AS (Samarbeidande Energiverk I Sogn) med 7,4 % av aksjekapitalen.

Sognet AS med 10 % av aksjekapitalen.

Aurland Energiverk AS er medlem i KS Bedrift, Distriktenes Energiforening (Defo), Nettalliansen og Bedriftshelse 1.

PRODUKSJONS- OG DRIFTSTILHØVE

Produksjon.

Aurland Energiverk AS er eigar av Leinafossen kraftverk, med årleg produksjon på omlag 23,3 GWh.

Installasjon:

1 stk. turbin 1,48 MW, tilhøyrande generator 1,8 MVA

1 stk. turbin 3,60 MW, tilhøyrande generator 4,0 MVA

Kraftverket vert leigd ut til E-CO Energi AS i ein langsiktig avtale. Denne avtalen omfattar også drift og vedlikehald av kraftverket. Avtalen er i utgangspunktet på 40 år frå 1992 og då med gratis attendelevering til Aurland Energiverk AS, men avtalen kan avsluttast etter 25 år i 2017, då med eit økonomisk oppgjær for redusert leigetid.

Leinafoss kraftstasjon har i 2015 produsert 24 093 380kWh.

Dette er noko over midlare årsproduksjon, som i hovudsak

skuldast auka nedbør og tilsig. Drifta ellers har vore god, og avtalen med E-CO Energi AS har fungert utan vanskar.

Nett.

Selskapet har 167 fordelingstransformatorar, 139 nettstasjonar. Distribusjonsnettet består av 62 km høgspennings linjnett, 75 km høgspenningskablar og 14 km høgspenningsjøkablar.

Selskapet har hatt totalt 50 avbrot i 2015. Av desse var 40 varsla og planlagde avbrot, 8 avbrot grunna feil høgspenningsnettet og 2 feil i lågspenningsnettet. Alle planlagde IK-rundar i nettet er gjennomført, og vedlikehald er utført.

Bygging av ny 22kV linje i Nærøydalen vart slutført i 2015, 75 mastepunkt er skifta ut og alle nettstasjonar er utført etter nye forskriftskrav. I 2015 har oppatt bygging etter storflaum i Flåmssvassdraget, hatt hovudfokus. Det står att noko arbeid då dette må samordnast med kommunaltekniske arbeider.

Fiber.

Aurland Energiverk har bygt ut og eig fibernet i Aurland kommune. Dette fibernet strekk seg frå Vassbygdi til Underdal med forbindelse mot Lærdal Energi i Lærdalstunnelen. I driftsåret er det bygd ut/ferdigstilt fiber til heimen (FTH) for kundar i Aurland sentrum og i Underdal, den sistnemnde utbygginga er hovudsakleg finansiert ved tilskot.

KJØP OG SAL AV ELEKTRISK KRAFT

Kjøp av kraft i 2015.

Det vart i 2015 inngått ein ny eittårig avtale med Aurland kommune om kjøp av konsesjonskraft. Dette skjer i Aurland kommune sin rett til å ta ut konsesjonskraft frå E-CO Energi AS sine anlegg i Aurland.

Nettbalanse:

Samla innmating i Aurland Energiverk

sitt nett:	2015	2014
Leverd frå E-CO Energi	40 919 376	36 244 511
Leverd frå EB-Nett (Kjosfoss)	6 346 566	8 865 028
Leverd frå Voss Energi	570 560	930 956
Leverte frå Lærdal Energi	0	96 390
Leverd frå Sognekraft	2 920	3 450
Netto innmating		
i Aurland Energiverk	47 839 422	46 140 335

Dette er ein oppgang på 3,9% i høve 2014

Samla utmating frå Aurland Energiverk

sitt nett var:	2015	2014
Leverert nettkundar	44 175 080	42 253 738
Nettapp	2 323 705	2 339 411
Leverert til EB-Nett	1 338 597	929 008
Leverert til Voss Energi	960	350 144
Leverert til Lærdal Energi	1 080	268 034

Sum netto utmating	47 839 422	46 140 335
--------------------	------------	------------

Alle tal i kWh.

Tariffar i 2014.

Tariffane våre vart kunngjorde i annonse i lokalpressa og utlagde ut på heimesida vår.

Dei som ber om det, kan få tilsendt fullstendig tariffoppsett.

Strømleveringsvilkår.

Vi brukar standard kontrakt om vilkår for tilknytning, nettleige og levering av elektrisk kraft utarbeidd av KS Bedrift i samarbeid med Forbrukarombodet og Forbrukarrådet. Dette vart vedteke av styret i møte 24.01.07. Kontraktformularet er lagt ut på heimesida vår. Dei som ber om det, kan få det tilsendt.


KUNDESERVICE

Måling og avrekning


Talet på nettkontraktar og kundar er svært stabilt i Aurland og pr 31.12.15. hadde vi 1367 nettkontraktar.

Det lokale eltilsyn.

Det lokale eltilsyn har i tillegg til kontroll av 5 % av bustadane, også kontrollert verksemder og gardsbruk i 2015.



Kostnadsfordeling for hushaldskundar 2015 med årsavtale og forbruk på 20 000kWh



Tilsynsarbeidet har vore utført av E-Trygg, som er sakkyndig selskap. I tillegg har ein halde fram det informative og førebbyggande arbeidet. Det er utført informasjonsarbeid retta mot 6. og 9. klasse i skuleverket. Det er også utført internkontroll hjå installatørane og ein del andre verksemder.

Det vert poengtert at det er kunden sjølv som har ansvar for tryggileik ved sitt elektriske anlegg, men at DLE stiller med rådgjeving for våre kundar.

HELSE OG MILJØ - FORSKING OG UTVIKLING, FORUREINING

Helse og miljø.

Målet til Aurland Energiverk AS er å skape gode og trygge arbeidsplassar for alle tilsette. Verksemda er tilknytt Bedriftshelse 1. Selskapet legg vekt på likestilling mellom kjønn. Vi hadde ved utgangen av 2015 10 menn og 1 kvinne tilsett.

Målet med diskrimineringslova er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar og å hindre diskriminering basert på etnisk bakgrunn, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Selskapet arbeidar aktivt, målretta og planmessig for å fremje lova sitt mål innanfor vår verksemd. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, karriere, utviklingsmogelegheiter og vern mot trakassering. Selskapet har også som mål og vera ein arbeidsplass der det ikkje førekjem diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

Vi har eit felles internkontrollsystem for Aurland Energiverk AS og Lærdal Energi. I vårt styre på fem medlemmer er det to kvinner og eit kvinneleg vara medlem.

Forureining.

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø. Ein nyttar ikkje PCB olje til transformatorar eller kondensatorar. Vanleg spillolje frå transformatorar vert levert til godkjent spesialfirma.

MARKNADSSITUASJONEN

Aurland Energiverk AS tek ut all krafta som vert seld i kraftavtalen med Aurland kommune.

Vi har ikkje gått i marknaden utanfor Aurland kommune med verken kjøp eller sal av kraft.

Nokre kundar har ein annan kraftleverandør enn oss. Ofte er kunden i Aurland då ein del av eit større avtalesystem.

ØKONOMI

Rekneskapan for 2015 syner eit ordinært overskot før skatt på kr 3 176 457,-. Etter skattekostnad vert overskotet kr 2 112 457,-

Styret legg føresetnad om fortsatt drift til grunn.

Styret gjer framlegg om at overskotet vert disponert slik:

Avsett til utbytte	kr	1 500 000,-
Overført til kraftfond	kr	1 000 000,-
Overføringar annan eigenkapital	kr	-387 543,-
<hr/>		
Sum overføringar:	kr	2 112 457,-
<hr/>		

Aurland den 31. desember 2015

4. mai 2016

Ottar Steine
Styreleiar

Audhild Rogdo
Nestleiar

Johannes Dalsbotten

Lillian T. Skjerdal

Kai Andre Ohnstad

Helge Morten Vangen
Evertsjeff

Resultatrekneskap 2015

Resultatregnskap

	Note	2015	2014
Driftsinntekter			
Kraftsalg		12 872 405	12 148 466
Nettinntekt	11	18 842 847	16 589 773
Annen driftsinntekt		2 378 370	2 286 335
Sum driftsinntekter		34 093 622	31 024 574
Driftskostnader			
Eigne arbeid aktivert på driftsmidler		-1 777 835	-1 160 749
Kjøp av varer, kraft og overføringstenester		13 529 490	11 064 508
Lønnskostnad	3, 7	8 760 985	7 716 573
Avskrivning	4, 5	3 903 521	3 872 010
Annen driftskostnad	3	6 574 101	7 036 472
Sum driftskostnader		30 990 262	28 528 814
Driftsresultat		3 103 360	2 495 760
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		177 747	274 094
Annen finansinntekt		31 813	116 214
Annen rentekostnad		136 463	5 436
Netto finansposter		73 097	384 872
Ordinært resultat før skattekostnad		3 176 457	2 880 632
Skattekostnad på ordinært resultat	6	1 064 000	519 446
Årsresultat		2 112 457	2 361 186
Overføringer og disponeringer			
Overføringer kraftfond	9	1 000 000	1 000 000
Utbytte	9	1 500 000	1 500 000
Overføringer annen egenkapital	9	-387 543	-138 814
Sum disponert		2 112 457	2 361 186

Balanse pr. 31. desember 2015

Anleggsmidler

Immaterielle eiendeler

Utsatt skattefordel	6	6 258 713	6 631 836
---------------------	---	-----------	-----------

Varige driftsmidler

Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5, 12	55 414 959	47 610 228
---	-------	------------	------------

Maskiner og anlegg	4	1 157 925	978 788
--------------------	---	-----------	---------

Driftsløsøre, inventar, verktøy, ol	4, 12	1 157 812	1 337 850
-------------------------------------	-------	-----------	-----------

Sum varige driftsmidler		57 730 696	49 926 866
--------------------------------	--	-------------------	-------------------

Finansielle anleggsmidler

Investeringer i aksjer og andeler	8	2 107 322	2 085 322
-----------------------------------	---	-----------	-----------

Pensjon	7	974 967	495 894
---------	---	---------	---------

Andre fordringer		450 000	450 000
------------------	--	---------	---------

Sum finansielle anleggsmidler		3 532 289	3 031 216
--------------------------------------	--	------------------	------------------

Sum anleggsmidler		67 521 698	59 589 918
--------------------------	--	-------------------	-------------------

Omløpsmidler

Varer		316 059	375 032
-------	--	---------	---------

Fordringer

Kundefordringer		9 100 591	6 703 196
-----------------	--	-----------	-----------

Mindreinntekt	10	4 896 753	6 108 037
---------------	----	-----------	-----------

Andre fordringer		1 018 819	631 655
------------------	--	-----------	---------

Sum fordringer		15 016 163	13 442 888
-----------------------	--	-------------------	-------------------

Bankinnskudd, kontanter og lignende	2	1 057 636	3 005 581
-------------------------------------	---	-----------	-----------

Sum omløpsmidler		16 389 858	16 823 501
-------------------------	--	-------------------	-------------------

Sum eiendeler		83 911 556	76 413 419
----------------------	--	-------------------	-------------------

Balanse pr. 31. desember 2015

Egenkapital

Innskutt egenkapital

Aksjekapital	9	11 360 000	11 360 000
Overkurs	9	7 734 144	7 734 144
Sum innskutt egenkapital		19 094 144	19 094 144

Opptjent egenkapital

Kraftfond	9	16 000 000	15 000 000
Annen egenkapital	9	30 557 350	32 144 000
Sum opptjent egenkapital		46 557 350	47 144 000

Sum egenkapital		65 651 494	66 238 144
------------------------	--	-------------------	-------------------

Gjeld

Annen langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	12	6 790 542	0
Øvrig langsiktig gjeld		329 106	359 025
Sum langsiktig gjeld		7 119 648	359 025


Kortsiktig gjeld


Kassekreditt		1 444 601	0
Leverandørgjeld		3 757 099	4 262 462
Betalbar skatt	6	247 049	534 445
Skyldige offentlige avgifter		3 351 638	2 675 566
Utbytte	9	1 500 000	1 500 000
Annen kortsiktig gjeld		840 027	843 777
Sum kortsiktig gjeld		11 140 414	9 816 250


Sum gjeld		18 260 062	10 175 275
------------------	--	-------------------	-------------------

Sum egenkapital og gjeld		83 911 556	76 413 419
---------------------------------	--	-------------------	-------------------

31. desember 2015
Aurland, 04.05.2016


Ottar K. Steine
Styreleiar


Audhild Rogdo
Nestleiar


Lillian T. Skjerdal
Styremedlem


Kai André Ohnstad
Styremedlem


Johannes Dalsbotten
Styremedlem


Helge Morten Vangen
Everksjef

Kontantstrømoppstilling

	2015	2014
Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar		
Overskot før skattekostnad	3 176 457	2 880 632
Periodens betalte skatt	-534 769	-358 121
Gevinst ved sal av aksjer	0	0
Gevinst ved sal av anleggsmidlar	0	0
Ordinære avskrivningar	3 903 521	3 872 010
Endring i varelager, kundefordringar og leverandørgjeld	-2 843 784	100 074
Forskjeller i pensjonsmidlar/-forpliktingar	-479 073	148 348
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-146 171	-1 801 899
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	3 076 181	4 841 044
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		
Innbetalinger ved sal av varige driftsmidlar	0	0
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidlar	-11 707 351	-8 201 627
Innbetalinger ved sal av aksjar i andre føretak	0	0
Utbetalinger ved kjøp av aksjar i andre føretak	-22 000	-200 000
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-11 729 351	-8 401 627
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar		
Innbetaling ved låneopptak	7 000 000	
Nedbetaling av langsiktig gjeld	-239 377	-29 919
Utbetaling av utbytte	-1 500 000	-1 500 000
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	5 260 623	-1 529 919
Netto endring i likvidar i året	-3 392 546	-5 090 502
Kontantar og bankinskot pr 01.01	3 005 581	8 096 082
Kontantar og bankinskot pr 31.12	-386 965	3 005 581

Notar til rekneskapen for 2015

1. Rekneskapsprinsipp

Generelt

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 17. juli 1998. Rekneskapen er utarbeida etter norsk rekneskapsstandard.

Inntektsføring

Inntekter frå sal av varer resultatføres når levering har funnet sted og det vesentligaste av risiko og avkastning er overført. Inntekter frå sal av kraft og tenester inntektsføres etter kvart som de leverast.

NVE regulerar kraftføretaka si overføringsverksemd (monopolverksemd) gjennom å fastsette inntektsramme i eige nett etter kvart reguleringsår. Inntektsramma med tillegg for kostnader til overliggjande nett blir lagt til grunn for berekning av tariffane. Ved endring i overført volum eller inntektsramma som ligg til grunn for tariffane vil det kunne oppstå ei meir-/mindreinntekt som først over driftsresultatet og bokføres i balansen som gjeld til kundane (meirinntekt) eller fordring på kundane (mindreinntekt), og kalkulerast inn i seinare års tariffberekningar etter bestemte retningslinjer gitt av NVE.

Kundefordringar

I kundefordringane i balansen er det gjort frådrag for pårekna tap.

Over-/underdekning ved berekning av reelle overføringskostnader.

Over- og underdekning av kostnader ved overføring på eige nett vert inntekts-/kostnadsført i det rekneskapsår dette oppstår.

Avskrivningar

Driftsmidlar som kan avskrivast er i rekneskapen oppført til kostpris redusert med akkumulerte ordinære avskrivningar. Desse avskrivningane er berekna etter den lineære metode og fordelt på driftsmidlet sin forventa økonomiske levetid.

Innkjøp av reservedeler til anlegget

Reservedelar til anlegget vert kostnadsført ved innkjøp.

Vedlikehaldskostnader, investeringar og reinvesteringar

Vedlikehald vert kostnadsført når arbeidet vert utført. Dersom arbeidet fører til auke i kapasiteten på anlegget eller ein vesentleg del av anlegget vert utskifta, vert arbeidet aktivert som investering. Den aktiverte investeringa inkluderer materiell, arbeid utført av andre og løn til eigne tilsette. Dersom ein tek i mot anleggsbidrag frå utanforståande, går dette til frådrag i kostprisen til investeringa.

Pensjonskostnader og pensjonsgjeld

Selskapet finansierer sin pensjonsskuldna gjennom kollektiv pensjonsforsikring og ein livsforsikring for AFP. Ved regnskapsføring av pensjon er lineær oppteningsprofil og forventa sluttlønn som oppteningsgrunnlag lagt til grunn. Planendingar amortiserast over resterande oppteningstid. Det same gjeld estimatavvik i den grad de akkumulert kjem over 10 prosent av den største av pensjonsskuldna og pensjonsmidlane (korridor).

Skattekostnad og utsett skatt

Skattekostnaden er knyta til det rekneskapsmessige resultatet og inneheld to elementer; betalbar skatt og utsett skatt i resultatrekneskapen. Utsett skatt i resultatrekneskapen er skatt beregna på dei midlertidige ulikheitene mellom skattemessig og rekneskapsmessig resultat. Utsett skattefordel balanseføres i den grad det er sannsynlig at denne fordelten kan nyttegjøres. Utsett skatt vert avsett som langsiktig gjeld i balansen.

Kraftkontraktar og finansielle instrument

Selskapet har ei kraftkontrakt portefølje bestående av fysiske og finansielle kontraktar. Fysiske kontraktar er kontraktar med avtale om fysisk levering av kraft til ein forhandsavtala pris i ein bestemt tidsperiode. Fysiske kontraktar blir regnskapsført til avtalt pris på leveringstidspunktet. Finansielle kontraktar klassifisert som sikring av framtidig kraftsal regnskapsføres på oppgjørstidspunktet. Finansielle kontraktar klassifisert til handelsformål vurderast til virkelig verdi på balansedagen og verdiendinga regnskapsføres i resultatregnskapet.

Kontantstraum

Kontantstraum oppstillinga er utarbeida etter den indirekte metode. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskott og andre kortsiktige likvide plasseringar.

2. Bankinnskot

I posten inngår bundne skattetreksmidlar med kr 902 829.

3. Lønnskostnader, tal tilsette, godtgjersler, lån til tilsette mm.

Lønnskostnader	2015	2014
Lønn	6 595 386	6 156 574
Arbeidsgjevaravgift	801 626	726 874
Pensjonskostnader	897 436	508 835
Andre ytingar	466 537	221 405
Sum lønnskostnader	8 760 985	7 613 688

Gjennomsnittleg tal tilsette	9,84	9,21
------------------------------	------	------

Leiande personar / styret	Lønn	Anna
Lønn everkssjef	797 000	265 187
Styreonorar	154 800	
Sum godtgjersle	951 800	265 187

Revisor

Revisjonshonoraret for 2015 utgjer kr 163 000.

Honorar for regnskapsmessig bistand og anna revisjonsmessig bistand utgjer kr 51 700.

Meirverdiavgift er ikkje inkludert i revisjonshonoraret.

4. Transportmidlar, maskiner og inventar.

	Transportmidle	Inventar	Maskiner/Verkt.	Tariffaparar	Sum
Anskaffelseskost 01.01	2 457 815	2 090 734	1 410 971	6 075 143	12 034 663
Tilgang	0	197 092	0	511 403	708 495
Avgang	0	0	0	0	0
Anskaffelseskost 31.12	2 457 815	2 287 826	1 410 971	6 586 546	12 743 158

Akk.avskrivninger 01.01	1 873 257	1 703 688	1 022 245	5 118 835	9 718 025
Tilgang	145 033	145 334	89 975	329 054	709 396
Avgang	0	0	0	0	0
Akk.avskrivninger 31.12	2 018 290	1 849 022	1 112 220	5 447 889	10 427 421

Bokført verdi 01.01	584 558	387 046	388 726	956 308	2 316 638
Bokført verdi 31.12	439 525	438 804	298 751	1 138 657	2 315 737

Økonomisk levetid	6-7 år	3-8 år	8 år	15 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

5. Anlegg, bygningar og anna fast eigedom.

	Kraftverk	Bygg/Tomter	Linjer/nett	Fibernet	Sum
Anskaffelseskost 01.01	8 103 750	13 544 648	73 362 008	3 187 992	98 198 398
Tilgang	0	0	4 706 061	6 292 794	10 998 855
Avgang	0	0	0	0	0
Anskaffelseskost 31.12	8 103 750	13 544 648	78 068 069	9 480 786	109 197 253

Akk.avskrivninger 01.01	2 566 294	3 701 695	42 875 252	1 444 929	50 588 170
Tilgang	135 063	258 860	2 472 883	327 319	3 194 125
Avgang	0	0	0	0	0
Akk.avskrivninger 31.12	2 701 357	3 960 555	45 348 135	1 772 248	53 782 295

Bokført verdi 01.01	5 537 456	9 842 953	30 486 756	1 743 063	47 610 228
Bokført verdi 31.12	5 402 393	9 584 093	32 719 934	7 708 539	55 414 959

Økonomisk levetid	60 år	50 år	25 - 35 år	15 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

6. Skatt

Utsett skatt/skattefordel er berekna på grunnlag av dei midlartidige ulikheita som eksisterer ved utgangen av rekneskapsåret mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Nedanfor er gjeve ein spesifikasjon over dei midlartidige ulikheita, samt berekningane av utsett skatt/utsett skattefordel ved utgangen av rekneskapsåret.

Årets skattekostnad fordeler seg på:	2015	2014
Betalbar skatt alminnelig inntekt	548 224	778 571
Endring utsatt skatt alminnelig inntekt	315 930	-14 999
Endring utsatt skatt som følge av endret skattesats fra 27 - 25 %	500 697	0
Betalbar skatt grunnrenteinntekt	-300 851	-244 126
Naturressursskatt	0	0
Årets totale skattekostnad	1 064 000	519 446
Beregning av årets skattegrunnlag og betalbar skatt:	2015	2014
Ordinært resultat før skattekostnad	3 176 457	2 880 632
Permanente forskjeller	24 115	23 559
3% av skattefrie inntekter etter fritaksmetoden	0	2 355
Tilbakeføring av inntektsført utbytte	0	-78 500
Regnskapsmessig gev. realisasjon av aksjer og andre verdipapir	0	0
Direkteføring balanse mindreinntekt	-1 642 610	0
Endring i midlertidige forskjeller	472 498	55 551
Årets skattegrunnlag alminnelig inntekt	2 030 460	2 883 597
Brutto grunnrenteinntekt	772 745	757 055
Brutto fradrag i grunnrenteinntekt	-1 122 320	-1 233 433
Friinntekt	-620 912	-311 126
Årets skattegrunnlag grunnrenteinntekt	-970 487	-787 503
Snitt kraftproduksjon siste 7 år	23 263 000	23 097 000
Fastsatt pris for beregning av naturressursskatt (øre/kWh)	1,30	1,30
Årets beregnede naturressursskatt	302 419	300 261
Betalbar skatt (27 %) av årets alminnelige skattegrunnlag	548 224	778 571
Betalbar skatt (31 %) av årets grunnrenteinntekt	-300 851	-244 126
Betalbar Naturressursskatt utover fellesskatten	0	0
Rest for mye innbetalt tidligere	-324	0
Betalbar skatt i balansen	247 049	534 445
Oversikt over midlertidige forskjeller:	2015	2014
Driftsmidler inkl goodwill	-25 380 820	-26 055 709
Utestående fordringer	-594 162	-636 151
Gevinst- og tapskonto	0	14 765
Netto pensjonsmidler	-3 956 623	-3 993 296
Mindreinntekt fordringer	4 896 753	6 108 037
Netto midlertidige forskjeller pr 31.12	-25 034 852	-24 562 354
Utsatt skattefordel (25% / 27%)	-6 258 713	-6 631 836
Oversikt over permanente forskjeller:	2015	2014
Ikke fradragsberettigede kontingenter og gaver	23 020	22 763
Rentekostnad på utlignet skatt	1 095	0
Andre ikke fradragsberettigede kostnader	0	12 875
Renteinntekt på tilbakebetalt skatt	0	-12 079
Sum permanente forskjeller	24 115	23 559
Oversikt over endringer i midlertidige forskjeller:	2015	2014
Driftsmidler inkl goodwill	674 890	283 701
Utestående fordringer	41 989	-11 657
Gevinst- og tapskonto	-14 765	-3 691
Netto pensjonsmidler	36 673	-308 941
Mindreinntekt fordring	-1 211 284	-14 963
Sum endring i midl. forskjeller som påvirker skattegrunnlaget	-472 498	-55 551

7. Pensjonskostnader

Selskapet har kollektiv pensjonsordning for alle tilsette. Pensjonsyttingane er hovudsak avhengig av talet på år med opptening og lønnsnivå ved nådd pensjonsalder. Pensjonsavtalene er finansiert gjennom ein kollektiv pensjonsordning i livsforsikringselskap. Selskapet har ei ordning med førtidspensjon (AFP) frå fylte 62 år. Ordninga vert finansiert ved innbetaling til livsforsikringselskap.

Årets netto pensjonskostnader kjem fram slik:

	Kollektiv pensjonsordning		Førtids pensjonordning	
	2015	2014	2015	2014
Nåverdien av periodens opptening	497 199	413 103	470 285	410 735
Rentekostnad av pensjonskuld	142 602	197 607	109 343	151 301
Amortisering av estimatavvik	-96 192	-159 578	-177 258	-206 537
Administrasjonskostnader	109 419	87 625	0	0
Arbeidsgjevaravgift	62 123	54 207	42 651	37 683
Netto Pensjonskostnader	715 151	592 964	445 022	393 182

Følgjande økonomiske og aktuariemessige føresetnader er lagt til grunn:

	Kollektiv pensjonsordning		Førtids pensjonordning	
	2015	2014	2015	2014
Diskonteringsrente	2,7 %	2,3 %	2,7 %	2,3 %
Forventet avkastning på pensjonsmidler	3,3 %	3,2 %	3,3 %	3,2 %
Årlig forventet lønnsvekst	2,5 %	2,8 %	2,5 %	2,8 %
Årlig forventet G-regulering	2,3 %	2,5 %	2,3 %	2,5 %
Årlig forventet regulering av pensjoner under utbetaling	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Pensjonsmidlar og pensjonsyttingar i balansen:

	Kollektiv pensjonsordning		Førtids pensjonordning	
	2015	2014	2015	2014
Markedsverdi pensjonsmidler	5 637 135	4 665 707	5 963 765	5 339 311
Opptente forsikra pensjonsyttingar	-6 665 804	-6 253 726	-5 283 333	-4 754 058
Ikke resultatførte estimatendringer	1 733 189	1 870 134	-373 070	-265 181
Arbeidsgjevaravgift	-109 039	-168 330	72 126	62 037
Balanseførte pensjonsmidlar /- ytingar	595 481	113 785	379 487	382 109

8. Aksjar i andre selskap og andre verdipapir

Anleggsmidlar	Anskaffelses-		Balanseført
Aksjar	Eierandel	kost	verdi
Lærdal Energi AS	4,76 %	1 589 604	1 589 604
Lærdal og Aurland Grønnekraft AS	33,33 %	100 000	100 000
Sognenett AS	10,00 %	648 619	359 718
Seis AS	7,40 %	36 000	36 000
Nettalliansen AS		22 000	22 000
Sum anleggsaksjar		2 396 223	2 107 322

9. Eigenkapital

Generelt

Selskapet har ein aksjeklasse, pålydande kr 500. Kvar aksje har ein stemme i generalforsamlinga. Selskapets aksjar er ikkje registrert i Verdipapirsentralen.

Eigarstruktur

Navn	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel
Aurland Kommune	22 720	100,00 %	100,00 %
Sum eksterne aksjonærer	22 720	100,00 %	100,00 %
Eigne aksjar	0	0,00 %	
Totalt utstedte aksjer	22 720		

Endring i eigenkapital i rekneskapsåret

	Aksje- kapital	Overkurs- fond	Kraftfond	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.01	11 360 000	7 734 144	15 000 000	32 144 000	66 238 144
Justert mindreinntekt ført direkte mot annen ek				-1 199 106	-1 199 106
Årsresultat			1 000 000	1 112 457	2 112 457
Avsatt utbytte				-1 500 000	-1 500 000
Sum 31.12	11 360 000	7 734 144	16 000 000	30 557 350	65 651 494

10. Meir-/mindreinntekt.

NVE regulerer i dag kraftføretaka si overføringsverksemd (monopolverksemd) gjennom å fastsette tillat inntekt i eige nett etter kvart reguleringsår. Meir-/mindreinntekt oppstår når faktisk nettinntekt avviker fra fastsett nettinntekt.

Årets meir-/mindreinntekt:	2015	2014
Årets inntektsramme	17 477 000	15 978 000
Kostnader overliggende nett	976 579	856 449
Eigedomsskatt	601 428	601 428
Kapitalkostn knyttet til investering	532 000	535 971
Kilekostnader	-722 000	-1 565 000
Tillatt inntekt	18 865 007	16 406 848
Faktisk oppnådd inntekt	18 520 681	16 769 812
Årets meirinntekt (-)/mindreinntekt (+) før avskrivning	344 326	-362 964
Avskrive mindreinntekt	-1 642 610	0
Årets meirinntekt	-1 298 284	-362 964

Akkumulert meir-/mindreinntekt:	2015	2014
Netto meir-/mindreinntekt per 31.12	6 108 000	6 123 000
Etterregulert inntektsramme forår (NVE)	0	-32 000
Korr. Feil inntektsramme tidligere år (LE)	0	225 000
Korr. Feil KILE tidl.år (LE)	0	33 000
Netto mindreinntekt per 01.01	6 108 000	6 349 000
Årets meir-/mindreinntekt	-1 298 000	-363 000
Akkumulert mindreinntekt 31.12	4 810 000	5 986 000
Årets renter på mindreinntekt	87 000	122 000
Netto mindreinntekt per 31.12	4 897 000	6 108 000

Netto mindreinntekt er ført som fordring under posten andre fordringar.

11. Segmentinformasjon nettverksemda

Rekneskap nett	2015	2014
Driftsinntekt	18 842 847	16 589 772
Andre inntekter	8 594	28 510
Sum driftsinntekt	18 851 441	16 618 282
Driftskostnad	16 803 175	16 308 994
Finansinntekt	100 566	12 567
Finanskostnad	0	0
Resultat nett	2 148 832	321 854
Herav etterregulering nettinntekt tidlegare år	0	-224 000
Årets resultat nettverksemd	2 148 832	97 854

Driftmidlar nett	2015	2014
Eigne driftsmidlar inklusive andel av felles driftsmidlar	42 171 000	38 908 000
1 % påslag for netto arbeidskapital	421 710	389 080
Nettkapital	42 592 710	39 297 080

Avkastning i % av grunnlag	5,05 %	0,25 %
----------------------------	--------	--------

12. Langsiktig gjeld

	2015
Langsiktig gjeld med forfall senere enn 5 år	
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	6 790 542
Balansført verdi av pantsatte eiendeler	
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	55 414 959
Driftsløsøre, inventar, verktøy, ol	1 157 812

Selskapet har i løpet av 2015 tatt opp et langsiktig lån i Aurland Sparebank. Formålet med lånet er finansiering av ferdigstillelse av line i Gudvangen, samt utbygging av fibernett i Aurland. Lånet skal nedbetales over 20 år. Lånet renteberegnes.



Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Engene 22, NO-3015 Drammen
Postboks 560 Brakerøya, NO-3002 Drammen

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA
Tlf: +47 32 83 88 90
Fax: +47 32 83 86 25
www.ey.no
Medlemmer av den norske revisorforening

Til generalforsamlingen i
Aurland Energiverk AS

REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Aurland Energiverk AS, som viser et overskudd på kr 2 112 457. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2015, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet for Aurland Energiverk AS avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2015 og av dets resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at styret og daglig leder har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Aurland, 10. mai 2016

ERNST & YOUNG AS

Atle Terum

Atle Terum

statsautorisert revisor



Gjenoppbygging etter storflaumen. Foto Stian E Bjørnstad

18



Ny NS Håreina, Flåm. Foto H M Vangen



Pause under linjebefaring av Linje Flåm. Foto Ch. Kjærvik


19



Utsikt frå Hovdungo. Foto H M Vangen



Haustmorgon i Kvam. Foto. Ch Kjærvik



Aurland Energiverk AS

Låvi 2

5745 AURLAND

Telefon 57 63 20 80

post@aev.no

www.aev.no • www.aevnett.no

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 12/2016 Godkjenning av framlegg til overordna analyse, plan for forvaltningsrevisjon og plan for gjennomføring av selskapskontroll 2015-2019

Sakshandsamar Maren Lien	Møtedato 15.06.2016	Saknr 12/2016
------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet fremjar følgjande forslag til vedtak i kommunestyret:

”Kommunestyret i Aurland vedtek framlagde plan for forvaltningsrevisjon for Aurland kommune 2015-2019 og framlagde plan for gjennomføring av selskapskontroll for Aurland kommune 2015-2019.”

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	08.06.16	Sekretariatet	Utkast – overordna analyse
2	08.06.16	Sekretariatet	Utkast – plan for forvaltningsrevisjon
3	08.06.16	Sekretariatet	Utkast – plan for gjennomføring av selskapskontroll

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har gjennom møte i mai og juni henta inn grunnlagsinformasjon for ei ny overordna analyse. Basert på dei innspela som er komne frå ordførar, politiske gruppeleiarar og administrasjon er det laga eit utkast til overordna analyse. På bakgrunn av denne vart det laga til eit utkast til plan for forvaltningsrevisjon. Det er og laga til eit utkast til plan for selskapskontroll. I dette møtet skal kontrollutvalet gå gjennom utkasta, innarbeide endringar og fastsetje endelege dokument. Etter møtet skal dokumenta sendast over til kommunestyret for endeleg handsaming.

Overordna analyse

Bakgrunn til plan for forvaltningsrevisjon for Aurland kommune 2015- 2019

Aurland kommune

15. juni 2016



Foto Sverre Hjørnevik

Innhold


Prosess	3
Teoretisk fundament og vesentlege omsyn	3
Framgangsmåte og involvering	6
Identifiserte område	6
Spesialomsorg	6
Oppvekst	6
Tekniske tenester og beredskap	7
Organisasjon og struktur	7
Kompetanse, sakshandsaming og fristar	7
Kommunikasjon, informasjon og openheit	7
Internkontroll	8
Rolleforståing i høve føretak, selskap og organisasjonar	8
Økonomistyring	8
Innkjøp og anbod	8
Oppsummerande risikovurdering	9

Prosess

Her følger eit oversyn over teoretisk fundament og vesentlege omsyn som har vore nytta i risikovurderinga. Dernest følgjer ei opprømsing av identifiserte område for forvaltningsrevisjon, samt ei oppsummerande vurdering knytt til dei.


Teoretisk fundament og vesentlege omsyn

Det er nytta ein eigen modell for korleis ein skulle kunne identifisere dei mest relevante områda for revisjon. Teoretisk er modellen forankra i statsvitenskap, organisasjonsteori og COSO ERM¹ og den tek utgangspunkt i kommunal verksemd og tenestetilbod. Skjematisk vil val av forvaltningsrevisjonsprosjekt bli eit resultat av vurderingar knytt til vesentlegheit og risiko ved verksemda og tenestetilbodet - vurderingar som "trakterer" ut prosjekt i 4 overordna steg. Dette kan illustrerast slik:



¹ The Committee of Sponsoring Organizations of the Treadway Commission. ERM – Enterprise Risk Management

Vurderingar, prioritering og val skjer i høve til ulike kriteria:




Eit grovkorna døme på denne tilnærminga kan knyttast til skulesektoren. Kommunen har ansvaret for grunnskulen. Opplæringslova inneheld både føremål og krav; krav til kva kommunen pliktar og elevane sine rettar og kva som er føremålet med skuleopplæringa. Dette gjev føringar som den einkilde kommune må ta inn over seg.


For å etterleve desse føringane, må kommunen setje inn fleire former for input; t.d. ressursar, planlegging, organisering og eigne målsettingar. Dette for å kunne ta elevane gjennom skulegangen og utruste den einkilde slik mål og formål for "sluttproduktet" tilseier.

I heile denne prosessen vil det liggje risiko for at mål og føremål ikkje kan overhaldast. Risiko handlar her om å identifisere sannsynligheten for at skuleaktivitet ikkje vert utøvd på den måten den skal utøvast på etter, mellom anna lovverk, planar, strategiar og budsjett. Med andre ord risiko for mangelfull verksemd og tenestetilbod.

Den skisserte tilnærminga er knytt til å finne dei vesentlege områda innanfor kommunen der risikoen for mangelfull verksemd og tenestetilbod i størst grad er til stades. Dette kan illustrerast slik:



Endeleg prioritering av områda for revisjon skjer etter ei vurdering av risiko i høve til sannsynligheit for inntreffing av manglar og konsekvens av manglane:



For kontrollutvalet har det vore vektlagt at modellen tar høgde for område og revisjonsprosjekt som har ein førebyggjande karakter. Det vil seie at eit revisjonsprosjekt ikkje berre ser tilbake på kva som har skjedd, men at ein kan gå inn på pågåande prosjekt/område der det potensielt ligg fare for at verksemda og tenestetilbodet ikkje er tilfredsstillande.

Framgangsmåte og involvering

Denne analysen har vore gjennomført gjennom følgjande hovudsteg:

1. Tinging og innspel frå kontrollutvalet
2. Gjennomgang av tidlegare plan for forvaltningsrevisjon
3. Gjennomgang av relevante dokument, her under:
 - a. Årsmeldingar
 - b. Kommuneplan
 - c. Økonomiplanar og årsbudsjett
 - d. Tilsynsrapportar frå Fylkesmannen
 - e. Politiske saker i kommunestyret og kontrollutvalet
 - f. Kommunebarometeret for 2015
 - g. KOSTRA statistikk
4. Samtalar med administrasjon og politiske gruppeleiarar
5. Prosessmøte i kontrollutvalet
6. Fornya analyse
7. Handsaming av overordna analyse og plan i kontrollutvalet

Identifiserte område

Nedanfor er dei identifiserte områda lista opp. Rekkjefølgja inneber IKKJE noko form for rangering eller prioritering av områda.

Spesialomsorg

Aurland kommune hadde i 2015 ein intern gjennomgang av korleis kommunen har organisert tenester knytt til spesialomsorg. Arbeidet er grunnlaget for at rådmannen endra oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom pleie, rehabilitering og omsorg og NAV i 2016.

I et forvaltningsrevisjonsprosjekt kan det vere aktuelt å sjå på kva for resultat denne oppgåve- og ansvarsfordelinga har fått. Korleis er kvaliteten i tenestene? Er ressursane utnytta på ein god måte i denne organiseringa, både leigd og intern kompetanse? Har kommunen tilstrekkeleg kontroll over ekstern kjøpte tenester, og kvalitetssikring av desse?

Oppvekst

Dei kommunale barnehagane i Aurland skårer veldig høgt på Kommunebarometeret – 2.plass i fylkesranking. Det blir peika på at barnehagane har for lite leikeareal, men utdanningsnivået mellom dei tilsette er høgt. Denne faktoren er avgjerande for kvaliteten i tilbodet. Dagleg drift er prega av behovet for ein meir tilpassa bygningsmasse. Dette var merkbar både i 2015 og året før, med veldig høg utnyttingsgrad av kapasiteten.

I kommunens årsmelding for 2015 går det fram at drifta av Flåm skule har gått rimeleg bra etter flaumen. I følgje kommunebarometeret er prestasjonane i 10. trinn over tid helt i norgestoppen, litt betre enn kva elevane viser på nasjonale prøver. Andelen spesialundervisning er redusert betydeleg over dei siste åra.

Det er fleire partar involvert i oppvekstområde og det bør vere god kommunikasjon mellom barnevern, helsestasjon, skule og barnehage for å fange opp utfordringar på eit tidleg stadium. Korleis er samordninga mellom disse einingane? Er organisering og struktur innan oppvekstsektoren godt egna for å ivareta problemstillingar og utvikling i sektoren? Er ressursar utnytta på ein god måte? Korleis er arbeidsmiljøet på dei

ulike einingane? PPT er organisert i interkommunalt samarbeid, korleis fungerer dette for brukarar og tilsette i skule og barnehage i Aurland kommune?

Tekniske tenester og beredskap

Teknisk sektor har vore hardt pressa med mange oppgåver, serleg i etterkant av flaumen. Ansvarsområdet til teknisk sektor kan innebere store konsekvensar dersom noko går galt. Korleis er tenestene organisert, og kva for rutinar og internkontroll føreligg? Er arbeidsmiljø ivareteken gjennom periodar med høgt arbeidspress?, Løyser bemanninga ansvaret og oppgåvene sine på ein god måte? Klarar eininga å fylgje opp politiske vedtak tilfredstillande?

Korleis er ressursbruken for avdelinga sett opp mot mål og ansvarsforhold. Er fordelinga mellom stat og kommune slik den skal vere innanfor beredskap?

Organisasjon og struktur

Aurland kommune har vært igjennom fleire endringar i organisasjonen, både politisk og administrativt. Hausten 2015 vart det gjennomført medarbeidarundersøking med blanda resultat.

Kva for tiltak er satt i verk for å ta tak i resultatata etter medarbeidarundersøkinga? Korleis fungerer den administrative organiseringa i dag, kor effektiv er denne?

Korleis fungerer dagens utvalsstruktur? Er det en struktur som gir effektive beslutningsprosessar? Har utvala dei fullmakter og kompetanse som dei bør ha? Er Aurland hensiktsmessig organisert for å møte framtida med dei usikkerheitsmoment som føreligg økonomisk? Korleis fungerer samspelet mellom administrasjon og politikk? Korleis sikrar ein god kommunikasjon internt?

Kompetanse, sakshandsaming og fristar

Dette området omhandlar kvalitet i sakshandsaming og sakshandsamingsrutinar, samt overholding av fristar.

Er kompetanse og ressursar forvalta og ivaretekne på ein god måte i Aurland kommune? Korleis er kvaliteten i folkevaldopplæringa og oppfølging av dei folkevalde? Er det god opplæring i dei administrative tenesteområda med tanke på forvaltningslova, bruk av kommunens IT verktøy og system? Korleis vert overordna planar ivaretekne når politikarane skal gjere enkeltvedtak? Når det blir gjort «kortsiktige vedtak», blir dei langsiktige gløynd? Kva slags kontrollrutinar har kommunen for å sikre at vedtak er i tråd med det langsiktige planarbeidet?

I kva grad vert politiske vedtak følgt opp? Har administrasjonen den kompetansen dei treng for å gjennomføre vedtak? Kva er rutinane for rapportering tilbake til politisk nivå? Korleis er sakshandsaminga kvalitetssikra før sakar kjem til politikarane? Korleis er oppfølging av interpellasjonar, referat og drøfting-sakar organisert og sikra?

Formelt sett er det få klagesakar i kommunen. Det har likevel vore fleire klagar innanfor same område. Korleis er klageretten ivaretekne i Aurland. Korleis vert klagar handtert og dokumentert?

Kommunikasjon, informasjon og openheit

Forbrukerrådet har nyleg gjennomført undersøkinga Forbrukerrådets kommunetest 2016 som tek for seg områda: service, tilgjengelegheit og informasjon. Aurland har fått plassering på 296. plass ut av 428. I fylket enda Aurland på 15. plass. Dette resultatet har betydning for trivsel, omdømme og tillit til kommunen.

Kor tilgjengelig er informasjon til innbyggjarane? Korleis oppfyller kommunen offentlegheitslova? Vert det systematisk gjennomført brukarundersøkingar?

Internkontroll

Internkontroll er rådmannens sitt ansvar i ein kommune. I eit forvaltningsprosjekt kan ein gjere ein evaluering av kvaliteten av internkontrollrutinane. Vert rutinane følgt og er dei gode nok? Gjør man ting riktig? Og gjer man de riktige tinga?

Rolleforståing i høve føretak, selskap og organisasjonar

Aurland kommune er hel og deleigar i fleire selskap, og har ulike verv og rollar i organisasjonar og råd. God rolleforståing er viktig for å utøve rolla si på ein god måte som eigar og styremedlem.

Korleis utøver kommunen sine retter og pliktar innan strategi og forvaltning i selskapa dei har eigarskap i?

Døme er Aurland Ressursutvikling AS, Aurland Hamnevesen KF, Aurland Energi AS, Verdsarvparken, Verdsarvrådet.

Økonomistyring

Aurland har ein gode inntekter grunna kraftinntektene sine. Samstundes har kommunen eit høgt kostnadsnivå innanfor dei fleste store tenestoområda sine.

Kommunebarometeret for 2015 seier følgjande (førebls kommunebarometer våren 2015):

«Netto utgifter til grunnskolen (korrigert for utgiftsbehovet) i Aurland er blant dei høgaste i landet. Det er forskjell på landsgjennomsnitt og normalen (kostnaden midt i mellom dei dyraste og billigaste). I Aurland ligg kostnaden 5900 kroner per innbyggjar over landsgjennomsnittet. Det er altså etter at vi har korrigert for ulikheiter kommunane imellom.

Innan pleie og omsorg er kommunen blant dei dyrast drivne i landet. Målt per innbyggjar er den korrigerte kostnaden 7170 kroner over landsgjennomsnittet.

Barnehagekostnadene er høge. Korrigert kostnad til barnehage per innbyggjar er om lag 1770 kroner over landsgjennomsnittet.

Kostnadene innan barnevernet ligg veldig høgt. Barnevernet kostar 1970 kroner meir enn landsgjennomsnittet, målt per innbyggjar.

Innan administrasjon ligger Aurland 3650 kroner over landsgjennomsnittet, målt per innbyggjar.»

Kontrollutvalet har i sitt fråsegn til kommunens årsrekneskap både i 2014 og 2015 bemaerka at disposisjonsfondet er lite i Aurland. Det har og vore utfordringar med likviditeten. Med ein usikker kommunestruktur og høgt tenestenivå er det serdeles viktig at kommunen har gode rutinar og kontroll på sin økonomistyring, og at kommunikasjonen med politisk nivå fungerer godt.

I eit forvaltningsrevisjonsprosjekt er det aktuelt å gjere ein økonomisk analyse av kommuneøkonomien, og sjå på vedtaksstrukturen i kommunen.

Innkjøp og anbod

Det er relativt stort omfang av innkjøp og anskaffingar i kommunen innanfor fleire sektorar: helse, teknisk, transport m.m. Samstundes er det relativt få som har kompetanse på dette fagområdet, som har vore gjenstand for kritikk.

Det kan vere verdifult å sjå på korleis rutinane for anskaffingar vert praktisert? Korleis er anbod utarbeida og forhandla, og kva inngår i kontraktskriving?

Oppsummerande risikovurdering

Nedanfor vert dei identifiserte områda ytterlegare vurdert opp mot 1) sannsynlegheit for inntreffing av manglar på området og 2) konsekvens av manglar på området. Både sannsynlegheit og konsekvens er gjeve ein score H, M og L (høg, middels og låg).

Område	Sannsynlegheit	Konsekvens	SUM
Spesialomsorg	M	H	MH
Oppvekst	L	H	LH
Tekniske tenester og beredskap	M	M	MM
Organisasjon og struktur	H	H	HH
Kompetanse, sakshandsaming og fristar	H	H	HH
Kommunikasjon, informasjon og openheit	H	M	HM
Internkontroll	M	M	MM
Rolleforståing i høve foretak, selskap og organisasjon	M	M	MM
Økonomistyring	H	H	HH
Innkjøp og anbod	L	H	LH

Vektinga av sannsynlegheit og konsekvens er ei relativ vurdering mellom dei einskilde områda for å få fram dei områda som kontrollutvalet meiner bør prioriterast for forvaltningsrevisjon. Områda som er utheva er vekta med høgast risiko i denne samanhengen.

Plan for forvaltningsrevisjon Aurland kommune 2015-2019

Aurland kommune

15. juni 2016



Foto Sverre Hjørnevik

Føreord

Kontrollutvalet har i fellesskap med sekretariatet for kontrollutvalet utarbeidd utkast til plan for forvaltningsrevisjon i Aurland kommune. Planen skal vere fundert i ein overordna analyse av risiko- og vesentlegheit på tilhøva i kommunen. I prosjektplanen er det skissert ein prosess der kontrollutvalet og sekretariatet i fellesskap har laga til eit utkast for plan og overordna analyse. Denne prosessen er følgt. Det blir her lagt fram plan for forvaltningsrevisjon. Overordna analyse er laga til som eit eige dokument. Planen skal bli vedtakast av kommunestyret.

Føremålet med planen er å peike ut område innanfor verksemda til Aurland kommune som skal prioriterast med tanke på forvaltningsrevisjon.

Dette er ein ny plan for perioden 2015-2019. I denne planen vert det forslag om at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen. Slik adgang til å delegere går fram av forskrift om kontrollutval § 10 .

Vidare vert det tilrådd at forvaltningsrevisjonsrapportar vert handsama i kommunestyret etter kvart som dei ligg føre, og at revisor, etter § 12 i forskrift om kontrollutval, ser etter om kommunestyret sine vedtak i forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgt opp. Denne oppfølginga rapporterer kontrollutvalet årleg til kommunestyret.

Aurland 15.06.2016

Olav Ellingsen

Kontrollutvalsleiar

1. Bakgrunn og føremål for planen

Etter § 77 nr. 4 i kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga i kommunen går føre seg i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut ifrå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon). I forskrift om kontrollutval § 9 vert dette ansvaret spesifisert; kontrollutvalet skal sjå til at kommunen si verksemd årleg vert gjenstand for forvaltningsrevisjon.

§§ 10–12 i kontrollutvalsforskrifta gjev føringar på korleis ansvaret for forvaltningsrevisjon skal gjennomførast. For det første skal det utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon (§10):

"Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter".

For det andre skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret (§11):

"Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner".

For det tredje skal vedtak bli følgt opp (§ 12):

"Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte".

Kontrollutvalet legg fram for kommunestyret plan for forvaltningsrevisjon etter § 10 med utgangspunkt i ein overordna analyse. Overordna analyse og utkast til plan er utarbeidd av sekretariatet og kontrollutvalet i fellesskap, og handsama i kontrollutvalet, jf. innstilling til vedtak. Det overordna føremålet med planen er å identifisere område innanfor kommunen si verksemd som skal prioriterast for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Desse områda er skildra og lista opp i kapittel 2. Planen vil gjelda ut inneverande valperiode og til ny plan vert vedteken.

Kontrollutvalet og sekretariatet for kontrollutvalet har sidan april 2016 arbeidd med den overordna analysen som er grunnlaget for planen. Kontrollutvalet ynskte ein grundig prosess både i høve til deltakarar og innhald.

Omgrepa vesentlegheit og risiko

Som det går fram av § 10 skal planen vera basert på vesentlegheit og risikovurderingar:

Vesentlegheit – handlar om å identifisera dei viktige/sentrale områda for kommunen (og der igjennom viktige område for forvaltningsrevisjon). Identifiseringa har skjedd gjennom filtrering ved hjelp av ulike kriteria, mellom anna:

- KOSTRA
- benchmarking

- brukarperspektivet
- økonomi
- aktualitet

Risiko – handlar om å identifisera sannsynligheita for at den kommunale verksemda ikkje vert utøvd på den måten den skal bli utført. Med andre ord risiko for mangelfull verksemd og tenestetilbod. Måten verksemda skal utførast på, er mellom anna styrt av:

- lovverk
- føremål og målsettingar
- organisering
- planverk og strategiar
- budsjett

Nedanfor er det først gjort greie for dei prioriterte områda for forvaltningsrevisjon. Deretter er rutinar for gjennomføring og rapportering av det einskilde revisjonsprosjekt skildra. I overordna analyse er 1) prosessen for gjennomføring av den overordna analysen; herunder det teoretiske fundament, prioriterte omsyn, framgangsmåte og involvering av deltakarar og 2) oversyn over identifiserte område skildra.

2. Prioriterte område for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet har prioritert dei identifiserte områda for forvaltningsrevisjon som ligg i den overordna analysen. Prioriteringa er mellom anna gjort ut frå fire overordna omsyn:

- liv og helse
- sikring av verdiar
- brukarrettar - oppfylling og kvalitet
- prioritert risiko frå gjennomgangen i kommunen

I tillegg har kontrollutvalet vektlagt følgjande kriterium:

- forbettringspotensiale
- føremåls effektivitet
- kostnadseffektivitet
- produktivitet
- politisk aktualitet

Framlegg til prioritering

Kontrollutvalet tilrår prioritet for følgjande område for forvaltningsrevisjon i inneverande planperiode:

1. Økonomistyring
2. Organisasjon og struktur
3. Kompetanse, sakshandsaming og fristar
4. Spesialomsorg
5. Kommunikasjon, informasjon og openheit

For nærare skildring og vurdering av områda vert det synt til den overordna analysen.

For design, spissing og avgrensing av forvaltningsrevisjonsprosjekta vert det tilrådd at kontrollutvalet og revisor samarbeider.

3. Gjennomføring, oppfølging og rapportering

Kontrollutvalet sitt ansvar for gjennomføring av forvaltningsrevisjon går fram av kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval § 9, jf. foran.

Kontrollutvalet vil, med utgangspunkt i denne planen, tinga forvaltningsrevisjonsprosjekt. Eventuelle endringar og omprioriteringar i planen ligg til kommunestyret, men myndet kan bli delegert til kontrollutvalet etter forskrift om kontrollutval § 10. Slik delegering vert foreslått.

Revisjonsprosjekt vert gjennomført etter forskrift om revisjon § 7¹:

"Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standarder på området, og det skal etableres revisjonskriterier for det enkelte prosjekt".

Det vert vidare foreslått at sekretariatet til kontrollutvalet, på vegne av kontrollutvalget, etter § 12 i forskrift om kontrollutval følger opp kommunestyret sine vedtak i samband med handsaminga av forvaltningsrevisjonsrapportar.

Etter § 8 i forskrift om revisjon skal revisor rapportere etter kvart til kontrollutvalet; om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet rår til at kvar revisjonsrapport vert handsama i både kontrollutvalet og kommunestyret, og då med kontrollutvalet som innstillande instans. Ei slik rutine tilfredsstiller § 12 i forskrift om kontrollutval knytt til kontrollutvalet si rapporteringsplikt

¹ Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. Fastsett 15. juni 2004 med heimel i kommuneloven.

Plan for gjennomføring av selskapskontroll

Aurland kommune 2015-2019

Aurland kommune

15. juni 2016



Foto Sverre Hjørnevik

Plan for gjennomføring av selskapskontroll i Aurland kommune 2015-2019

1. Verkeområde, omfang

Selskapskontroll i medhald av kommunelova sin § 77 nr. 5 og § 80 skal utøvast i selskap m.m. der Aurland kommune har engasjement, er eigar eller medeigar.

Kontrollutvalet tek årleg stilling til omfanget av selskapskontrollen innanfor budsjett som er løyvd til kjøp av revisjonstenester m.m.

2. Selskapskontrollens innhald

Kontrollutvalet ser til at det vert utført selskapskontroll i form av:

a) Engasjementskontroll (obligatorisk, koml. § 77 nr. 5)

Denne omfattar kontroll med forvaltninga av kommunen sitt engasjement i selskap m.m., mellom anna å kontrollere at Aurland kommune sine interesser vert følgde opp i samsvar med Aurland kommune sin føresetnader og strategi for engasjementet.

b) Eigarskapskontroll (frivillig, koml. § 80)

Denne kontrollen omfattar undersøkingar i internkommunale selskap eller aksjeselskap der Aurland kommune aleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar eig 100 % av selskapet.

Eigarskapskontroll skal berre utførast i nødvendig utstrekning og omfang, t.d. dersom det kan bli avdekka tilhøve gjennom engasjementskontrollen i enkeltelskap som kan gje grunn til nærare undersøkingar, eller gjennom andre analysar som kontrollutvalet byggjer på eller får gjennomført.

Eigarskapskontroll i form av forvaltningsrevisjon i selskap skal vedtakast av kommunestyret, etter framlegg frå kontrollutvalet og gjennomførast i samsvar med forskrift om revisjon kap. 3 om forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet tek stilling til den konkrete bestillinga av forvaltningsrevisjon.

3. Selskapskontrollens gjennomføring

I følgje revisjonsavtalen med KPMG AS skal selskapet utføre selskapskontroll for Aurland kommune.

4. Rett til innsyn m.m

Kontrollutvalet har rett til å få dokument og opplysningar som er nødvendig for å kunne utføre kontroll med kommunen sitt tilsyn av eigarinteressene i selskap. I selskap som Aurland kommune eig aleine eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar kan kontrollutvalet eller den som utførar eigarskapskontrollen be om å få tilsendt dokument og opplysningar som er nødvendig for å gjennomføre eigarskapskontrollen, m.a. frå selskapets daglege leiar og den valde revisoren i selskapet.

5. Rapportering

Utført selskapskontroll vert rapportert til kontrollutvalet etter at kontroll er utført, eller gjennom ein årleg rapport. Kontrollutvalet fastset rapporteringsmåten.

Rapporten skal innehalde omtale av utøvar eller selskap som er kontrollert, kva kontrollhandlingar som er utført, eventuelle avvik som er oppdaga og kva som er gjort for å rette opp avvika, samt den til einkvar tid rådande status for tilsynet med eigarinteressene i selskap.

Vedkommande selskap eller den som utøvar eigarfunksjonen i kommunen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, og kommentaren skal gå fram av eller leggjast ved rapporten.

Utført forvaltningsrevisjon i selskap vert rapportert som forvaltningsrevisjonsprosjekt for øvrig.

Kontrollutvalet rapporterer årleg og i eiga sak til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar og om resultatet av desse.

6. Endringar

Kontrollutvalet kan fråvike retningslinjene dersom spesielle tilhøve skulle tilseie det. Dette vil det bli gjeve melding om i kontrollutvalet si årsmelding til kommunestyret.

Aktuelle lover og forskrifter i høve til selskapskontroll

Kommunelova

§ 77 nr. 5:

"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m."

§ 80:

Selskapskontroll:

"I interkommunale selskaper etter lov av 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styre etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner eller fylkeskommunen eier alle aksjer, og i heleide datterselskaper til slike selskaper, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ."

Forskrift om kontrollutval med merknader

Kap. 6 Selskapskontroll

§ 13 selskapskontroll

"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m."

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll."

Merknader:

"Bestemmelsen regulerer nærmere kontrollutvalgets ansvar for å påse at det gjennomføres selskapskontroll. Første ledd er identisk med kommuneloven § 77 nr. 5. Bestemmelsen pålegger kontrollutvalget plikt til å påse at det føres tilsyn med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper. Bestemmelsen må ses i sammenheng med kommuneloven § 80 om selskapskontroll, som gir kontrollutvalget og kommunens revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for kontroll i interkommunale selskaper av 29. januar 1999 eller i selskaper der en kommune/fylkeskommunen alene eller sammen med andre kommuner/fylkeskommuner eier alle aksjer, og i heleide datterselskaper av slikeselskaper. Kommuneloven åpner også for at kontrollutvalget kan vedta at det skal utføres forvaltningsrevisjon i slike selskaper. I

kommunalt/fylkeskommunalt eid selskap med mange eiere som hver for seg gjennom sine kontrollutvalget kan kreve innsyn i selskapet for å gjennomføre selskapskontroll etter denne bestemmelsen, kan det være hensiktsmessig at slikt innsyn blir samordnet gjennom avtale mellom deltakerne/eierne.

Etter annet ledd skal det utarbeides en plan for selskapskontroll. Kontrollutvalget vedtar hvilke selskapskontroller som skal gjennomføres med utgangspunkt i denne planen. Minimumskravet er at en slik plan utarbeides én gang i løpet av valgperioden. Planen skal utarbeides i løpet av valgperioden. Forskriften er ikke til hinder for at kommunestyret/fylkestinget vedtar at det skal utarbeides slike planer oftere.

Tredje ledd regulerer hvem som kan utføre selskapskontroll på vegne av kontrollutvalget. Den som har innsynsrett etter kommuneloven § 80, kan gis i oppdrag å gjennomføre selskapskontroll. Ettersom eierskapskontroll, jf. § 14 første ledd, ikke vil utgjøre forvaltningsrevisjon, kan slik kontroll utføres av for eksempel kontrollutvalgets sekretariat. Etter kommuneloven § 80 annet ledd kan kommunestyret/fylkestinget fastsette nærmere regler om kontrollen med selskaper, herunder hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunes eller fylkeskommunens kontrollutvalg og den oppdragsansvarlige revisor. Utvalgets og revisjonens generelle innsynsrett kan imidlertid ikke begrenses av slike regler.

§ 14 Selskapskontrollens innhold

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

Merknader:

Bestemmelsen gir nærmere regler om selskapskontrollens innhold. Når kommunen/fylkeskommunen organiserer deler av sin virksomhet i form av selskaper, innebærer dette en fristilling av virksomhetsledelsen. Der selskapet har ansvar for å gjennomføre kommunale eller fylkeskommunale oppgaver, er det viktig at fristillingen ikke i vesentlig grad svekker kommunestyrets/fylkestingets kontroll med virksomheten. Det bør derfor gjøres en vurdering av om kommunen eller fylkeskommunen skal benytte seg av sin mulighet til å gjennomføre selskapskontroll som er hjemlet i kommuneloven § 80. Kontrollen kan i utgangspunktet omfatte ren eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollen kan gjelde både selskapet som sådan – for eksempel ved at det gjennomføres forvaltningsrevisjoner i selskapet – og hvordan kommunen/fylkeskommunen utøver sin eierinteresse. Behovet for å gjennomføre selskapskontroll vil normalt være større der selskapet er tillagt et samfunnsmessig ansvar i tillegg til rent forretningsmessig virksomhet.

Første ledd omhandler eierskapskontroll, som er den obligatoriske delen av selskapskontrollen. I eierskapskontrollen inngår de undersøkelser m.m. som den som utfører kontrollen anser nødvendig for å kunne gi en kvalifisert vurdering av forvaltningen av eierinteressene. Kontrollen dreier seg primært om å kontrollere at den som forvalter kommunens/fylkeskommunens eierskap utøver myndigheten på den måte som er fastsatt i angjeldende virksomhetslov, for eksempel aksjeloven. Det omfatter også en vurdering av om den som utøver eierinteressene gjør dette i samsvar med eierens vedtak og forutsetninger for forvaltningen av eierinteressene. Dersom flere eierkommuner ønsker å gjennomføre forvaltningsrevisjon i samme selskap, kan det være hensiktsmessig at slik kontroll eller revisjon koordineres mellom selskapets eiere.

Annent ledd omhandler forvaltningsrevisjon. Kommunen eller fylkeskommunen avgjør selv om selskapskontrollen i tillegg til eierskapskontroll også skal omfatte forvaltningsrevisjon i selskapet.

§ 15 Rapportering om selskapskontrollen

Kontrollutvalget fastsetter selv hvordan utført selskapskontroll skal rapporteres til utvalget, herunder hvilket innhold slik rapport skal ha. Et selskap som er omfattet av selskapskontrollen, og den som utøver kommunens eierfunksjon, skal alltid gis anledning til å gi uttrykk for sitt syn på de forhold som omtales i rapporten. Eventuelle kommentarer skal fremgå av rapporten.

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av selskapskontroll skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke kontroller som er gjennomført samt om resultatene av disse.

Merknader:

Bestemmelsen regulerer rapportering fra den som utfører selskapskontroll til kontrollutvalget og rapportering fra kontrollutvalget til kommunestyret/fylkestinget.

Kontrollutvalget står etter første ledd fritt til selv å fastsette på hvilken måte utført selskapskontroll skal bli rapportert fra den som har utført slik kontroll. Det selskap og den som utøver kommunens/fylkeskommunens eierfunksjon skal alltid gis anledning til å uttale seg om innholdet i rapporten. Eventuelle kommentarer skal innarbeides i den endelige rapporten. Det vil være naturlig at rapporter videreformidles fortløpende til kontrollutvalget.

Bestemmelsens annet ledd stiller krav om at kontrollutvalget skal avgi rapporter til kommunestyret eller fylkestinget om gjennomførte selskapskontroller. Kontrollutvalget avgjør selv hvor ofte kontrollutvalget skal rapportere om gjennomført selskapskontroll til kommunestyret/fylkestinget. Det kan være naturlig at slike rapporter videreformidles fortløpende til kommunestyret/fylkestinget, men det vil imidlertid være kontrollutvalget som vurderer nærmere når og hvordan slik rapportering skal skje. Nærmere bestemmelser om rapportering til kommunestyret/fylkestinget kan også fastsettes av kommunestyret/ fylkestinget med grunnlag i alminnelig instruksjonsmyndighet. Selv om det ikke er bestemte krav til innholdet i slike rapporter, vil det være naturlig at rapporten bl.a. inneholder faktaomtale om selskapet med opplysninger som antas å kunne ha interesse for kommunestyret/fylkestinget og alle prinsipielle forhold og merknader og opplysninger om selskapets oppfølging av merknader og prinsipielle forhold.